



DET KONGELEGE FORNYINGS-,
ADMINISTRASJONS- OG KYRKJEDEPARTEMENT

Meld. St. 23

(2009–2010)

Melding til Stortinget

Nordisk samarbeid





DET KONGELEGE FORNYINGS-,
ADMINISTRASJONS- OG KYRKJEDEPARTEMENT

Meld. St. 23

(2009–2010)

Melding til Stortinget

Nordisk samarbeid

Innhold

1	Innleiing	5	5.3	Miljø, medrekna tverrfagleg samarbeid	27
2	Aktuelle saker	7	5.4	Nærings-, energi- og regionalpolitikk	27
2.1	Globalisering	7		Fiskeri og fangst	30
2.2	Grensehinder	8	5.5	Jord- og skogbruk	31
2.3	Organisering av det nordiske samarbeidet	10	5.6	Økonomi- og finanspolitikk	32
2.4	Stoltenberg-rapporten	11	5.7	Sosial og helse	34
3	Norden og nabolanda	14	5.8	Arbeidsmarknad og arbeidsmiljø .	36
3.1	Nordisk Ministerråd og samarbeidet med nabolanda	14	5.9	Ernæring og mattryggleik	37
3.2	Den nordlege dimensjonen	17	5.10	Likestilling	37
3.3	Austersjørådet	17	5.11	Justissektoren	37
3.4	Barentsrådet	18	5.12	Flyktningar og migrasjon	39
3.5	Arktisk Råd	19	5.13	Administrasjon og forvaltning	39
3.6	Nordisk samarbeid om europeiske spørsmål	20	5.14	Barn og ungdom	40
			5.15	Frivillig sektor	41
			5.16	Forbrukarpolitikk	41
			5.17	Samferdsel	41
			5.18	Samar og nasjonale minoritetar	41
4	Utanriks-, forsvars- og utviklingspolitisk samarbeid ...	21			
4.1	Det utanrikspolitiske samarbeid ..	21	Vedlegg		
4.2	Utanrikshandel	22	1	Samanstilling av budsjetta for 2011 og 2010 (2010-priser, i tusen danske kroner):	43
4.3	Forsvar	23			
4.4	Utviklingssamarbeid	23	2	Oversikt over globaliserings-initiativer	44
5	Fagleg samarbeid	25	3	Nordisk samarbeid. Nettstader ...	52
5.1	Kultur	25	4	Forkortingsregister	53
5.2	Utdanning og forskning	25			



DET KONGELEGE FORNYINGS-,
ADMINISTRASJONS- OG KYRKJEDEPARTEMENT

Meld. St. 23

(2009–2010)

Melding til Stortinget

Nordisk samarbeid

*Tilråding frå Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet av 24. september 2010,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Stoltenberg II)*

1 Innleiing

Norden som region har lange tradisjonar for å samarbeide over nasjonale grenser. Regjeringa prioriterer dette samarbeidet. Utfordringane som følgjer av globaliseringa og den aktuelle situasjonen i internasjonal økonomi, krev at det vert lagt større vekt på å tilpasse og fornye seg i ei verd i kontinuerleg endring. Dei nordiske landa, med sitt kultur- og språkfelleskap, har eit godt grunnlag for å møte desse utfordringane saman.

For Noreg er Norden, nabolanda til Norden og nordområda eit naturleg utgangspunkt for viktige prioriteringar i utanrikspolitikken vår. Soria Moria-erklæringa slår fast at regjeringa legg vekt på nordisk dialog og ønskjer å utvikle potensialet i samarbeidet òg når det gjeld europeiske samarbeidsspørsmål.

Det er positivt for landa i Norden at aktiviteten over grensene har auka. Det skapar nye utsikter for næringslivet, både på arbeidstakar- og arbeidsgjevarsida. Det same gjeld for studentar og for kulturarbeidarar. Samtidig stiller det større krav til innsatsen for å løyse grensehinder, slik at denne mobiliteten over grensene vert så problemfri som mogeleg. Dette arbeidet er høgt prioritert både nasjonalt og i dei nordiske institusjonane. Frivillige foreiningar som Norden-foreiningane er

med på å gje dette fellesskapet eit breiare og meir mangfaldig fundament.

I det nordiske samarbeidet vert det lagt stor vekt på å vareta og styrkje det skandinaviske språkfellesskapet. Det vert difor arbeidd aktivt med informasjon og haldningsskapande arbeid, spesielt retta mot barn og ungdom.

Det formelle nordiske samarbeidet har rote-
rande eittårige formannskap. Dette gjer det moge-
leg for kvart enkelt land å setje eigne prioriterin-
gar på dagsordenen. Samtidig er det viktig å følgje
opp hovudsaker i samarbeidet frå ein formann-
skap til den neste, slik det no er tilfellet med både
grensehinderarbeidet og globaliseringsinitiativet.
Den danske formannskapen i 2010 sette grøn
vekst på formannskapsprogrammet, som ein veg
for dei nordiske landa når dei skal møte utfordrin-
gane frå den økonomiske krise. Tema for globali-
seringsforumet for statsministrane i Snekkersten i
Danmark var Norden som lavenergismåfunn og
Norden som grønt teknologilaboratorium. Denne
vekta på utvikling og fornying gjev det nordiske
samarbeidet ein ny dynamikk. Det same gjeld dei
potensielle nye samarbeidsområda som er omtalte
i Thorvald Stoltenbergs rapport om utviklinga av
det nordiske samarbeidet.

Nordisk Ministerråd legg stor vekt på samarbeidet med nabolanda til Norden. Det er òg utvikla eit nært samarbeid med dei andre regionale råda, Arktisk råd, Barentsrådet og Austersjørådet. Den nordlege dimensjonen er eit viktig forum for eit sterkare nordisk samarbeid med Nordvest-Russland. Den islandske formannskapet i 2009 la òg vekt på å styrkje tilhøvet til Vest-Norden, og dette vert følgt opp i arbeidet til ministerrådet.

Meldinga orienterer i kapittel 2 om aktuelle saker i det nordiske samarbeidet. Globalisering,

grensehinder og Stoltenberg-rapporten er hovudsaker. Kapittel 3 omhandlar samarbeidet med nabolanda og dei andre regionale råda, kapittel 4 orienterer om nordisk utanriks- og forsvars- og utviklingspolitisk samarbeid. Kapittel 5 omtalar det faglege samarbeidet.

Den norske delegasjonen til Nordisk Råd utarbeider ein eigen rapport som eit separat dokument.

2 Aktuelle saker

2.1 Globalisering

Globaliseringsinitiativet som er lansert av dei nordiske statsministrane, har sidan Punkaharju i 2007 vore retningsgevande for arbeidet i Nordisk Ministerråd (NMR). Engasjementet til statsministrane har ikkje minst bidrege til ei sterkare fokusering av arbeidet og eit tettare samarbeid mellom dei ulike fagministerråda i NMR. Globaliseringsinitiativet har resultert i at det er utarbeidd ein nordisk profil som har utgangspunkt i visjonen frå Punkaharju om «Eit Norden med potensial – eit svar på utfordringane i globaliseringa». Initiativet har òg vekt interesse i EU og dei baltiske landa. Gjennom globaliseringsinitiativet har Ministerrådet kunna generere medfinansiering òg utanfor det nordiske budsjettet og har slik skapt større gjennomslag.

For samarbeidsministrane (MR-SAM) er det overordna globaliseringsinitiativet sentralt, ikkje minst som eit instrument til hjelp for å gjennomføre nødvendige prioriteringar i verksemda. Dette er nødvendig dersom Norden ønskjer å møte utfordringane frå globaliseringa saman. Det er avgjerande å ha støtte frå statsministrane i dette arbeidet, både for å gje retning og fokus til globaliseringsinitiativet og for å gje legitimitet. Med den noverande situasjonen i verdsøkonomien trengst det større politisk solidaritet i Norden enn nokon sinne. Dei nordiske regjeringane kan gjennom sterke felles innsatsar støtte næringslivet og utvide dei nordiske heimemarknadene, auke flyten av kunnskap og styrkje konkurranseevna til regionen på lang sikt. Ikkje minst innanfor grøn teknologi er det både globale utfordringar og sjansar for Norden. Dette er allereie inne som ein del av globaliseringsinitiativet til Nordisk Ministerråd.

Samarbeidsministrane har ansvaret for det fortløpande arbeidet, medan generalsekretæren i Nordisk Ministerråd skal koordinere og førebu den konkrete innsatsen. Prosessen er no godt forankra i dei ulike ministerråda. Toppforskningsinitiativet vil bli finansiert gjennom synergikoplingar til næringslivet, medan globaliseringsaktivitetane elles i hovudsak skal finansierast innanfor den gjeldande budsjetttramma i Nordisk Ministerråd.

Nordisk globaliseringsforum vart under den danske formannskapen i Nordisk Ministerråd i 2010 halde i Snekkersten i Danmark. Fokuset var på grøn vekst, som fell saman med fleire av dei aktuelle globaliseringsinitiativa. Det var to hovudtema: «Norden som lavenergisamfunn» med vekt på felles strategiar for å auke energieffektiviteten og redusere energiforbruket, i tillegg til erfaringar med omstillinga til grøn økonomi, og «Norden som teknologilaboratorium» med fokus på samarbeid på forskning og innovasjon for å fremje utvikling av ny grøn teknologi. Målet med dette er å styrkje konkurranseevna til Norden og nordiske bedrifter i forhold til andre regionar. Det skal utgreiast og utarbeidast konkrete forslag til korleis ein kan styrkje den nordiske elektrisitetsmarknaden, med sikte på ein statusrapport til statsministermøtet under Nordisk Råds sesjon i november 2010. Statsministrane gav Nordisk Ministerråd i oppgåve å utarbeide mandat til ei innsatsgruppe (task force) som fram til globaliseringsforumet neste år skal kartlegge korleis grøn vekst kan gje retning til forskning på dette området. Finland, som har formannskapen i Nordisk Ministerråd i 2011, har signalisert at grøn vekst òg vil bli følgt opp på globaliseringsforumet neste år.

Toppforskningsinitiativet (TFI, 2009–2013) innfor klima, energi og miljø er så langt det største felles forskningsinitiativet i Nordisk Ministerråd, og det byggjer på felles nordiske prioriteringar og finansiering. Det vert koordinert av Kunnskapsdepartementet. TFI er omtalt nærmare under kap. 5.2, Utdanning og forskning.

Globaliseringsstrategien til kulturministrane, *Det kreative Norden*, omfattar ei rekkje konkrete initiativ som fokuserer på kulturnæringar og promotering av nordisk film, arkitektur og litteratur. Strategien gjeld for perioden 2010–2012 og skal bidra til å synleggjere nordisk kultur utanfor Norden. Hausten 2009 gjennomførte Nordisk film- og TV-fond ei stor satsing på nordiske film- og TV-produksjonar – *High Five* – på den internasjonale filmfestivalen i Toronto. Denne satsinga synte at det nordiske kultursamarbeidet både har konkret kunstnarisk verdi og kan vekke internasjonal merksemd og interesse. Expo 2010 i Shanghai vil

Tabell 2.1 Konkrete globaliseringsinitiativ 2010

Globaliseringsforum	Utvikling av det nordiske forskings- og innovasjonsområdet NORIA, mellom anna eScience
Nordisk toppforskning	Fremjing av høgare utdanning
Innovasjonsrepresentasjon i Asia	God opplæring av ungdom og vaksne
Nordisk innovasjonspris (ikkje sett i verk)	Sjå på konsekvensar av klimaendringane for naturressursane i Norden
Verdsutstillinga i Shanghai 2010	Kultur og kreativitet, mellom anna kreative næringar i Norden
Nordisk engasjement som innspel til klimaforhandlingane	Klimavennlege bygg
Nedbygging av grensehinder i Norden	Forhandlingar om kvikksølvavtale
Helse og velferd	Energi og transport, inkludert EnergiExpo

vere arena for ei utstilling av nordisk landskapsarkitektur, som deretter skal på turné. Det vert no arbeidd med sikte på å presentere nordisk litteratur på bokmessa i Paris i 2011. Prosjektet vert gjennomført av dei nordiske litteratursentralane. Profileringa av Norden som senter for kulturnæringer skal vidareutviklast og styrkjast. Det er definert to nye satsingsområde: (i) global marknadsføring og digital distribusjon av nordisk film og (ii) ny nordisk mat.

Institusjonane i Nordisk Ministerråd på kultur- og medieområdet skal òg bidra til å gjennomføre globaliseringsstrategien til kulturministrane.

Regionalpolitiske utfordringar for det nordiske samarbeidet er globalisering av økonomi og samfunn, klimautfordringar, EU-utvidinga og auka arbeidskraftmobilitet.

Det nordiske regionalpolitiske samarbeidet fokuserer på å skape vekst og betre levevilkår i alle typar regionar ut frå potensialet og behova i kvar enkelt region. Målet er å bidra til å utvikle innovasjonsevna og det økonomiske vekstpotensialet i heile det nordiske territoriet. Det er avgjerande at politikken er territorielt forankra for å kunne kople ulike politikkområde og sektorinteresser strategisk saman. Samtidig er politikken òg retta mot dei distriktspolitiske problema som finst i store delar av Norden, med lange avstandar, utflytting, aldrande befolkning og svak arbeidsmarknad.

For å møte desse utfordringane er det regionalpolitiske fokuset retta mot tiltak for nedbygging av grensehinder, sektorsamvirke og ein differensiert regional utviklingspolitikk, auka fokus på

territorial integrasjon og kva rolle og ansvar det regionale nivået skal ha.

Utdrag frå globaliseringsutgreiinga, utarbeidd av Nordisk Ministerråds sekretariat til statsministers møte i 2010, er lagt ved (vedlegg 2).

2.2 Grensehinder

Det er lagt ytterlegare vekt på arbeidet med å fjerne grensehinder mellom dei nordiske landa. Samtidig er det svært viktig å unngå at nye grensehinder oppstår gjennom nasjonal lovgjeving eller ved implementering av EU-direktiv. I samarbeidet mellom dei nordiske landa for å møte utfordringane frå den internasjonale globaliseringa står innsatsen mot grensehinder sentralt. Samarbeidsministeren har i møte med politisk leiing i departementa understreka det ansvaret fagdepartementa har både for å bidra til å løyse eksisterande grensehinder og for å unngå at det utilsikta oppstår nye. Dette er ei oppfølging av brevet som i 2008 vart sendt frå justisministeren og nordisk samarbeidsminister til regjeringsskollegaer. Samarbeidsministeren vil følgje opp dette i regelmessige møte med departementa, fordi det krev politisk merksemd viss ein skal løyse mange av dei ofte kompliserte sakene.

I Nordisk Ministerråd er det vedteke at alle fagministerråd og embetskomitear skal ha grensehinder på dagsordenen på alle møte. Også her er bakgrunnen at ein ønskjer å halde merksemda på desse sakene, som må løysast av styresmakter

innanfor dei ulike fagområda og ofte i samarbeid mellom landa.

Fullstendig nedbygging av grensehinder er verken realistisk eller ønskeleg, fordi dei nordiske landa har ulike lover og regelverk på mange område. Der hinder ikkje kan fjernast, kan ein søkje å få til størst mogeleg grad av harmonisering. På same måten må det sørgjast for lett tilgjengeleg informasjon om dei relevante regelverka og om kvar ein kan vende seg for å få bistand. Føremålet er å gjere kvardagen enklare for næringsverksemd, studiar og jobb over landegrensene i Norden. Hallo Norden har ei viktig rolle i informasjonsarbeidet, og det inngår i mandatet deira at dei skal informere aktuelle interessentar om eksisterande grensehinder i Norden.

Arbeidet med å fjerne grensehinder innanfor høgare utdanning er i hovudsak fullført. Her er no avtalen om tilgang til høgare utdanning forlenga med tre nye år frå 2010. Avtalen sikrar at søkjarar som er busette i eit nordisk land, får tilgang til ofentleg høgare utdanning i eit anna nordisk land på same eller likeverdige vilkår med landets eigne søkjarar.

Grensehinderforum

Etter initiativ frå dei nordiske statsministrane etablerte samarbeidsministrane hausten 2007 Grensehinderforum. Det er sett saman av framstående representantar frå landa og dei sjølvstyrte områda (Grønland, Færøyane og Åland). Grensehinderforum møtest med jamne mellomrom og arbeider sjølvstendig og uavhengig for å identifisere, prioritere og finne løysingar på hinder som kjem opp. Dei tek opp enkeltsaker med dei rette styresmaktene, på politisk nivå eller embetsnivå. Grensehinderforum legg stor vekt på arbeidet for å hindre at det oppstår nye grensehinder som følgje av nasjonal lovgjeving eller EU-direktiv. Det vert rapportert årleg til statsministrane om status for arbeidet.

Leiar av Grensehinderforum er den finske ambassadøren Ole Norrback, norsk representant er tidlegare statsråd og nordisk samarbeidsminister Bjarne Mørk-Eidem. Sekretariatet i Nordisk Ministerråd hjelper til med planlegging av møte og annan administrasjon av verksemda i forumet. Det er semje mellom landa om at arbeidet i forumet er svært godt og nødvendig. Mandatet for Grensehinderforum går ut ved utgangen av 2010.

Justisområdet

Som tidlegare nemnt er det stort fokus på å hindre at nye grensehinder oppstår. Der det er nye reglar eller lovar, har samarbeidsministeren og justisministeren i eit felles brev oppfordra departementa om å gjere greie for rettstilstanden i dei nordiske landa på dei områda som forslaga til nye reglar gjeld. I brevet vert det særleg framheva at proposisjonar bør ha med ei vurdering av om forslaget kan tenkjast å skape grensehinder i Norden. Temaet blei følgt opp i Forum for lovførebuing og lovteknikk (eit halvårleg, totimars seminar som Lovavdelinga i Justisdepartementet held for departementa) våren 2010, der eit av innslaga var at professor Niels Fenger ved Københavns Universitet gjorde greie for rapporten «Nordisk samarbeide om gjennomførelse af EU- og EØS-lovgivning» som han er medforfattar til.

Kulturområdet

Dei nordiske landa er ein stor og viktig marknad for kunstnarar og produkta deira. Eit av hovudmåla for det nordiske kultur- og mediasamarbeidet er å medverke til opne grenser og mobilitet for kunstnarar og kulturprodukt/-verk. Samarbeidet skal medverke til at nordiske kulturuttrykk får betre gjennomslag hos publikum i regionen. Viktige verkemiddel er kultur- og kunstprogrammet og det nordisk-baltiske mobilitetsprogrammet som det er stor oppslutning om.

Nordisk samferdselssektor

Når det gjeld internasjonal transport på jernbane, er det ingen større grensehinder mellom Noreg og Sverige. Utviklinga av EØS-regelverket vil føre til ytterlegare forenklingar for å lette grensepasingar vidare mot Danmark og kontinentet, m.a. krav til samtrafikk og felles tekniske løysingar for rullande materiell og infrastruktur.

Gjennom eit samarbeidsprosjekt mellom Samferdselsdepartementet og Näringsdepartementet i Sverige, saman med underliggjande etatar, har ein vurdert om dagens E16 kan forlengjast. Dagens E16 går mellom Bergen og Oslo, og den aktuelle forlenginga, gjennom omklassifisering av eksisterande veg, går via Hønefoss, Gardermoen, Kongsvinger, Riksgrensa. Ny E16 vil ende i Gävle på austkysten av Sverige. Utgreiinga er nærare omtalt i St.meld. nr. 16 (2008-2009) Nasjonal transportplan 2010–2019 s. 239.

Samferdselsdepartementet og Näringsdepartementet har på bakgrunn av denne utgreiinga

sendt søknad til FN som ansvarleg for den internasjonale avtalen om internasjonale hovudtrafikkårer (AGR-avtalen). Det er venta at søknaden blir endeleg behandla i løpet av 2010. På bakgrunn av dette har Statens vegvesen og Vägverket starta eit samarbeid for å vurdere om det skal setjast i verk eit felles arbeid som skal greie ut behov og løysingar for vidare utvikling av delar av ny E16 i grenseområdet mellom Noreg og Sverige.

Trygdeområdet

Embetsmannskomiteen for arbeidsliv (EK-A) har invitert embetsmannskomiteen for sosial og helse (EK-S) til eit samarbeid for å gå gjennom grensehinder på trygdeområdet og eventuelt peike på mogelege løysingar. Det er planlagt at det skal setjast ned ei ekspertgruppe som skal identifisere grensehinder, sortere dei og drøfte i kva grad dei inneber vesentlege konsekvensar for personar som pendlar eller flyttar mellom nordiske land. Ettersom trygdeordningane og vilkåra for å få ytingar er ulike frå land til land, vil det kunne ha vesentlege konsekvensar å pendle eller flytte. Det viktige er å vurdere om slike konsekvensar synest å vere urimelege. Det er viktig at gruppa vurderer forholdet til EU/EØS-retten som regulerer feltet.

Gruppa skal vere eit supplement til arbeidet som går føre seg gjennom Grensehinderforum. Ho skal raskare kunne sile ut saker som skuldast manglande informasjon og misforståingar, slik at ein kan konsentrere seg om dei viktige sakene.

Tidlegare har ikkje periodar med permittering blitt rekna som arbeidstid i samband med overføring av arbeids- og trygdetid frå Noreg til Sverige. Dette grensehinderet er frå norsk side teke opp med dei svenske styresmaktene, som stadfester at dei tek sikte på å endre regelverket slik at periodar under permittering vert rekna som arbeidstid ved søknad om arbeidsløysetrygd i Sverige.

I etterkant av konkursen i Sterling vart det avdekt eit grensehinder som skuldast det norske arbeidskravet i samband med overføring av opprente trygderettar frå andre EØS-land. Etter drøftingar vart det avklart at EU-trygdeforordninga bør tolkast slik at både vanlege grensearbeidarar og «atypiske» grensearbeidarar, når dei vert heilt ledige, vil vere unnatekne frå arbeidskravet ved søknad om norske dagpengar.

2.3 Organisering av det nordiske samarbeidet

Statsministrane

Statsministrane har det overordna ansvaret for det nordiske regjeringssamarbeidet og har regelmessige møte i tillegg til den kontinuerlege kontakten om nordiske og internasjonale spørsmål. Statsministrane møttest mellom anna i samband med Nordisk Råds sesjon i Stockholm i oktober 2009, under globaliseringsforumet i Snekkersten i Danmark 20. mai og det uformelle sommarmøtet i København 21. mai. I samband med sesjonen var det òg møte med Nordisk Råds presidium og med representantar for dei sjølvstyrte områda. Neste statsministtermøte vil finne stad i samband med Nordisk Råds sesjon i Reykjavik 2.–4. november 2010. Generalsekretæren i Nordisk Ministerråd informerer statsministrane om arbeidet i ministerrådet under sommarmøtet og i møtet som finn stad i samband med sesjonen i Nordisk Råd. Under sesjonen informerer òg leiaren av Grensehinderforum statsministrane om verksemda i forumet, med status for arbeidet med å avvikle grensehinder i Norden.

Samarbeidsministrane, budsjett og administrasjon

Samarbeidsministrane møttest fire gonger i året under den aktuelle formannskapet, som i 2010 er Danmark. Fornyrings-, administrasjons- og kyrkje- og kulturminister Rigmor Aasrud har vore nordisk samarbeidsminister sidan oktober 2009.

Samarbeidsministrane koordinerer det nordiske regjeringssamarbeidet. Eit viktig ansvarsområde er ministerrådsbudsjettet og økonomistyring. Budsjettet til Nordisk Ministerråd var for 2010 899 millionar danske kroner, og vedteke i semje med Nordisk Råd. Den norske delen er 28,1 prosent, basert på ein fordelingsnøkkel som vert rekna ut med utgangspunkt i delen dei respektive landa har av den samla nordiske bruttonasjonalinntekta. 67 millionar er sette av til globaliseringsinitiativ. Også for 2011 er det føreslått å halde budsjettet på same nivået som i 2010. Den norske delen vil bli på 29 prosent. Globaliseringsinitiativa skal etter framlegg frå generalsekretæren vidareførast med 71 millionar danske kroner. Samarbeidsministrane har dei siste to åra prioritert høgt å gje støtte til studentar frå Island og til å sikre islandsk deltaking i nordiske møte, og vil vidareføre støtta i 2011.

Stillinga til dei sjølvstyrte områda i det nordiske samarbeidet.

Ålandsdokumentet inneber at dei sjølvstyrte områda på visse område vert likestilte med dei nordiske landa når det gjeld arbeidet i Nordisk Ministerråd. Ålandsdokumentet vart vedteke av samarbeidsministrane på Åland i 2007, og Nordisk Råd slutta seg til dokumentet på den 59. sesjonen i Nordisk Råd i Oslo i oktober 2007. Helsingforsavtalen vart ikkje endra, men vert tolka slik at sjølvstyre, landsstyre og landskapsregjering, innanfor ramma av den kompetansen dei har, får rett til å vere adressatar for og kan svare på tilråingar og spørsmål frå Nordisk Råd. De sjølvstyrte områda kan leie ministermøte, embetsmannskomitear og arbeidsgrupper. Under det danske formannskapet vert flere møte lagt til Grønland og Færøyane. Ålandsdokumentet gjev dei sjølvstyrte områda rett til å søkje om full medlemskap i nordiske institusjonar og samarbeidsorgan dersom området har ei «særskilt og påviseleg interesse» for institusjonen. Sjølvstyreområda har meldt inn kva institusjonar dei er spesielt interesserte i å delta i med røysterett, og dette vert vurdert i dei enkelte ministerråda.

2.4 Stoltenberg-rapporten

I ei verd i endring er det viktig at også dei nordiske landa underkastar samarbeidet eit granskande blikk. Med dette som utgangspunkt fekk tidlegare utanriks- og forsvarsminister Thorvald Stoltenberg i oppdrag av dei fem nordiske utanriksministrane å skrive ein rapport med konkrete forslag til korleis ein kan styrkje det nordiske utanriks- og tryggingsspolitiske samarbeidet. Han vart utfordra til å gå lengre i forslaga sine enn det i utgangspunktet var realistisk å vente at dei nordiske regjeringane kunne følgje opp. Rapporten vart lagd fram våren 2009 med 13 konkrete forslag til potensielle tettare nordiske samarbeidstiltak dei neste 10–20 åra.

Vi må kunne konstatere at Stoltenberg-rapporten har skapt ny dynamikk i det nordiske utanriks- og tryggingsspolitiske samarbeidet. Rapporten har bidrege til at merksemda vert retta mot Norden som region og nærområda våre, og har utfordra dei nordiske regjeringane til å engasjere kvarandre i ein ny generasjon av tettare samarbeid mellom landa.

I året som har gått, har rapporten vorte grundig behandla. I første omgang har dei nordiske regjeringane fokusert særleg på samarbeid om tre-

ning og opplæring av personell innanfor sivil krisehandtering (forslag 1) og på utvikling av samarbeidet mellom dei nordiske utanrikstenestene (forslag10).

Andre forslag må sjåast i eit meir langsiktig perspektiv. Nedanfor følgjer ein kort gjennomgang av status for dei sakene som vert følgde opp på kort og mellomlang sikt.

Regjeringa har arbeidd aktivt med oppfølginga av *forslag 1 i Stoltenberg-rapporten om krisehandtering og stabilisering*, der Noreg har teke på seg eit leiaransvar. Ei nordisk arbeidsgruppe med mandat frå dei nordiske utanriksministrane arbeider med styrkt koordinering av opplæring av personell som eit første steg. På militær side er det allerede eit klart etablert samarbeid om opplæring. Det er behov for å finne fram til praktiske og gode løysingar og på sivil side som vil kunne styrkje innhaldet og kvaliteten i opplæringa, samtidig som dette kan gje meir effektiv ressursbruk. Som følgje av dette arbeidet er det no etablert tettare kontakt mellom dei ulike organisasjonane i Norden som administrerer beredskapsstyrkar. Målet til regjeringa er at dette samarbeidet skal gje konkrete resultat i form av felles kurstilbod, større grad av samkøying av innhaldet i opplæringa og, i neste omgang, bidra til å styrkje den fellesnordiske tenkinga rundt krisehandtering.

Dei nordiske landa drøftar i tillegg andre moglege samarbeidsområde til støtte for den fredsoperative innsatsen i FN. Det vert lagt vekt på å forsterke det allereie gode nordiske samarbeidet som eksisterer både i og utanfor FN. Bidrag gjennom andre organisasjonar, som i sin tur bidreg til FN-målsetjingane, er viktig. Dei nordiske landa har i lang tid samarbeidd innanfor ramma av EU, der Noreg er med i fleire krisehandteringsoperasjonar.

Dei nordiske utanriksministrane vedtok på møtet i Reykjavik i juni 2009 at forslag 10 i Stoltenberg-rapporten om styrkt samarbeid mellom utanrikstenestene skulle følgjast opp med det same, og saka har sidan stått sentralt på dagsordenen i nordiske møte på politisk nivå og på embetsnivå hausten 2009 og i 2010.

Våren 2009 vart det sett i gang eit arbeid på hovudstadsnivå for å operasjonalisere forslag 10. Som ledd i dette arbeidet er det gjennomført ei kartlegging av det utstrakte formelle og uformelle samarbeidet som allereie er etablert mellom nordiske utanriksstasjonar i utlandet, samtidig som det er innhenta innspel til nye tiltak. Dette har resultert i ein omfattande katalog over konkrete samarbeidstiltak på ei rekkje felt – både på dei tradisjonelle administrative og konsulære samar-

beidsområda, men òg på saksfelt knytte til utanrikspolitik og økonomi, bistandspolitikk, kultur, handel og næringsliv osv. Katalogen tener som ein idébank for eit utdjupa og utvida samarbeid mellom dei nordiske representasjonane, som er oppfordra til å initiere nordiske samarbeidstiltak lokalt på dei områda og i det omfanget som synest å vere naturleg på den enkelte tenestestaden. Føresetnaden er at samarbeidet skal vere pragmatisk og gje meirverdi for arbeidet på stasjonane, og det er dermed rom for lokale løysingar og fleksible tilnærmingar, tilpassa tilhøva på staden. Tilbakemeldingar frå stasjonane viser at det allereie vert tenkt breiare når det gjeld mogelege nordiske samarbeidsområde på dei ulike tenestestadene. Ny statusrapport frå utanriksstasjonane skal leggjast fram for det nordiske utanriksministermøtet hausten 2010.

Dei nordiske utanriksministrane gav våren 2010 hovudstadane i oppdrag særleg å vidareutvikle den administrative og konsulære dimensjonen, mellom anna ved å utvikle modellar for aktuelle samarbeidsområde. Det skal leggjast fram ein rapport til utanriksministermøtet i november.

Stoltenberg foreslo i rapporten sin at det vert etablert eit nordisk havovervakingssystem, som i utgangspunktet skal vere sivilt og rettast inn mot overvaking av havmiljø, forureining og sivil trafikk (forslag 3). Stoltenberg foreslo at systemet skulle byggjast på to pilarar, ein for overvaking av det nordlege Atlanterhavet, delar av Polhavet og Barentshavet (BarentsWatch) og ein for overvaking av Austersjøen (BalticWatch). Noreg er leiarnasjon («lead nation») i arbeidet med å følgje opp forslag 3.

Sverige har etablert eit havovervakingssystem (Sjøbasis) som vart operativt i november 2009. Noreg greier ut etableringa av eit liknande system som skal samkøyre havovervakingsdata frå ei rekke norske organ (BarentsWatch). Dette vil bli eit viktig instrument for å få samla oversikt over det som til einkvar tid hender i og på våre enorme havområdar i nord. Kystverket leiar arbeidet med «BarentsWatch» samråd med fleire relevante fagmiljø.

Forslaget i Stoltenberg-rapporten om å etablere eit nordisk satellittsystem i polarbane (forslag 5) vart greidd ut av ei nordisk ekspertgruppe hausten 2009 under finsk leiing. Ekspertgruppa vurderer eit nordisk system basert på egne satellittar som lite aktuelt, på grunn av høge kostnader i forhold til forventa nytte. Det vert i staden tilrådd nordisk samarbeid om rominfrastruktur gjennom koordinering på europeisk og internasjonalt plan. Ved planmessig arbeid kan vi hente mykje på sam-

ordning av nordiske posisjonar i store europeiske utviklingsprogram. Den beste måten å realisere nordiske ambisjonar innanfor romverksemd på er å føre ein tett dialog om arbeidet innanfor den europeiske romorganisasjonen ESA og i program som Galileo og GMES. Dei nordiske landa bør òg føre vidare dialogen om neste generasjon europeiske polare vørsatellittar, som skal takast opp på ministerkonferansen i ESA i 2012. Det kan vere mykje å vinne på ei felles nordisk haldning for å sikre at slike satellittar vert bygde i samsvar med våre behov.

Noreg har teke eit initiativ overfor dei andre nordiske landa for eit styrkt samarbeid om straffefølgjing av krigsforbrytarar (forslag 9). Tilbakemeldingane har synt at dagens samarbeid i Norden for det meste skjer frå sak til sak. Samarbeidet er fruktbart. Ein antar at det vil bli styrkt om ein etablerer ordningar som sikrar kontinuitet, for eksempel felles tilnærming til opplæring og kunnskapsformidling og ein felles nordisk informasjonsdatabase. Den nordiske embetsmannskomiteen for lovsamarbeid arbeider med å følgje opp saka overfor riksadvokatane i dei respektive landa.

Dei tryggingspolitiske forslaga i Stoltenberg-rapporten vert følgde opp av den nye nordiske forsvarspolitiske samarbeidsstruktur kalla Nordic Defence Cooperation (NORDEFECO), som vart etablert av forsvarsministrane i november 2009. Denne strukturen spenner over heile breidda av det nordiske forsvarssamarbeidet. Ein arbeider såleis med prosjekt innanfor fleire samarbeidsområde som, i tillegg til å fange opp forslaga som kjem fram i Stoltenberg-rapporten, går langt utover desse. Heller enn å sjå på dei enkelte forslaga i rapporten er desse sett inn i ei breiare ramme i forsvarssamarbeidet for å gje større synergi og dermed auka økonomisk og operativ meirverdi.

Noreg har formannskapen i NORDEFECO i 2010. Ei sentral målsetjing for formannskapen er å styrkje det nordiske samarbeidet i operasjonar. På dette området er det allereie gjort store framskritt i ISAF-operasjonen i Afghanistan, og det vert arbeiddd kontinuerleg med å finne løysingar som kan redusere kostnader og gje auka operativ evne. Det er ein ambisjon å styrkje og vidareutvikle nordisk støtte til kapasitetsbygging i Aust-Afrika og nordisk-baltisk samarbeid om tryggingsssektorreform.

Den norske formannskapen vil òg arbeide for å styrkje kapasitetsamarbeidet, særleg på land- og luftsida der samarbeidspotensialet er størst. På bakgrunn av erfaringar hausta i det nordiske logistikksamarbeidet i Afghanistan vil det verte sett

i gang arbeid med å utvikle framtidige nordiske logistikkapasitetar. Det vil òg bli søkt etter andre måtar å styrkje det allereie omfattande nordiske materiell- og industrisamarbeidet på.

Eit av forslaga i Stoltenberg-rapporten er at Norden bør ta eit ansvar for luftovervakinga og luftpatruljeringa over Island (forslag 2). Som eit første skritt planlegg Sverige og Finland deltaking på øvinga Northern Viking i 2011. Frå før deltek Noreg og Danmark regelmessig i luftpatruljeringa over Island. Sverige og Finland vil i løpet av 2010 knyte seg opp til NATO-systemet for utveksling av luftbilete. Dette gjev ytterlegare gevinstar for nordisk luftoperativt samarbeid.

Erklæringa frå dei nordiske utanriksministre i Reykjavik av mai 2009 om vidare oppfølging av Stoltenberg-rapporten slår fast at det på grunn-

lag av felles interesser og geografisk nærleik er naturleg at dei nordiske landa vil samarbeide om å møte utanriks- og tryggingsspolitiske utfordringar i ei solidarisk ånd (jf. forslag 13). Vi vil følgje og diskutere utviklinga framover, mellom anna i forhold til fokuset EU har på dette.

- Klimaendringar i Polhavet kan opne for auka menneskeleg aktivitet i Arktis som
- skipsfart, turisme, olje- og gassutvinning m.m. Samarbeid med andre land er viktig m.a. innanfor søk- og redning, og ministermøtet i Arktisk råd i Tromsø i april 2009 vedtok å opprette ei arbeidsgruppe som fram til neste ministermøte (2011) skal utvikle ein internasjonal reiskap for samarbeid om søk- og redningsoperasjonar i Arktis. Arbeidet er godt i gang. Det er no semje om at avtalen skal vera juridisk bindande.

3 Norden og nabolanda

3.1 Nordisk Ministerråd og samarbeidet med nabolanda

Nabolandspolitikken til Nordisk Ministerråd omfattar samarbeidet med Nordvest-Russland, Estland, Latvia og Litauen. I tillegg kjem dei regionale råda Barentsrådet, Austersjørådet og Arktisk råd. Samarbeidet omfattar òg innsats overfor Kviterussland. Formålet er å styrkje dialogen mellom dei nordiske landa og nabolanda og å konsentrere det nordiske samarbeidet til område der det kan gje ein meirverdi og samordning i forhold til nasjonale aktivitetar. Frå norsk side legg vi stor vekt på styrkt samarbeid og dialog mellom Nordisk Ministerråd og Nordvest-Russland. Russlandssamarbeidet er tett knytt opp til EU-politikken og støttar opp om Den nordlege dimensjonen, der ministerrådet er partner. Nordisk Ministerråd deltek aktivt i partnerskapen for helse og livskvalitet og støttar partnerskapen for miljø.

Innanfor lokalforvaltning, kamp mot menneskehandel, utvikling av sosial- og helsevesen og frivillige organisasjonar er det etablert prosjekt der samarbeidet er basert på retningslinjene for perioden 2009–2013, som er godkjende av samarbeidsministrane.

Dei nordiske landa støttar ei demokratisk utvikling i Kviterussland. Nordisk Ministerråd samarbeider aktivt med EU om støtte gjennom eksiluniversitetet European Humanities University (EHU) for kviterussiske studentar i Vilnius. Det er etablert eit internasjonalt fond for EHU for å sikre koordinering av støtta og for å trekkje til seg fleire gjevarar. Fondet vert administrert i ministerrådet i nært samarbeid med EHU. Ministerrådet forvaltar i tillegg eit stipendprogram for unge kviterussarar. Dei nordiske samarbeidsministrane besøkte European Humanities University saman med medlemmer av presidiet i Nordisk Råd 18. februar 2010. Både vertslandet Litauen og representantar frå EHU gav uttrykk for at støtta frå Nordisk Ministerråd, i tillegg til den bilaterale støtta frå nordiske land, vart høgt verdsett.

Nordisk-baltisk mobilitetsprogram på næringsområdet

Det vart vedteke å etablere det nordisk-baltiske mobilitetsprogrammet av Nordisk Ministerråd og regjeringane i Estland, Latvia og Litauen 20. januar 2009 innanfor områda offentleg administrasjon, næringsverksemd og kultur. Målsetjinga er å styrkje det politiske samarbeidet mellom dei åtte landa og bidra til å fremje utvikling av ein konkurransedyktig Austersjøregion innanfor desse tre sektorane.

På området næringsverksemd vert det gjeve finansiell støtte til søkjarar til mellom anna studiebesøk, vikariat i bedrifter, nettverksbygging, aktivitetar knytte til etablering av næringsklynger innanfor regionen og teknologioverføring. Det vert lagt vekt på å få søkjarar som har fokus på innovasjon, kreativitet og entreprenørskap.

Styringsgruppa er samansett av medlemmer av embetsmannskomiteen for næring i Nordisk Ministerråd og representantar frå dei baltiske landa som er utnemnde av relevante styresmakter i vedkomande land. Kontoret til Nordisk Ministerråd i Riga tek hand om sekretariatsfunksjonen. Formannskapet i styringsgruppa roterer på årsbasis. Noreg har formannskapet i 2010.

BEATA – Barents European Arctic Transport Area

Under den finske formannskapet vart det lagt stor vekt på å konkretisere arbeidet gjennom deltaking i Interreg-prosjektet Sustainable Transport in the Barents Region (STBR). Prosjektet vart leidd av Norrbottens län, og både nasjonale og regionale transportstyresmakter deltok som partnerar. Gjennom prosjektet vart det utarbeidd ei rekkje studium og analysar av transportinfrastrukturen og transportstraumane i Barentsregionen. Noreg har teke initiativ gjennom Nasjonal transportplan 2010–2019 til å utarbeide ei utgreiing av transportsystemet i nordområda, som skal omfatte dei fire landa. Ein tek sikte på å setje i gang utgreiinga i 2010. Både BEATA og STBR-prosjektet kan vere viktige støttespelarar og

bidragsytarar til arbeidet. Sverige har formannskapen frå oktober 2009 til oktober 2011. Så overtek Noreg formannskapen i to år.

Partnerskapen for transport og logistikk i Den nordlege dimensjonen (ND PTL)

På utanriksministermøtet i Den nordlege dimensjonen i St. Petersburg oktober 2008 kom ein fram til prinsipiell semje om å etablere ein partnerskap for transport og logistikk innanfor ramma av Den nordlege dimensjonen. Det vart underteikna eit memorandum (MoU) om partnerskapen i 2009 av transportministrane i Noreg, Russland, Kviterussland, Sverige, Finland, Danmark, Polen, Tyskland, Estland, Litauen og Latvia. Island har signalisert at dei eventuelt vil ta del i partnerskapen på eit seinare tidspunkt.

Våren 2010 vart det semje om å etablere eit sekretariat for partnerskapen i Den nordiske investeringsbanken i Helsingfors. Sekretariatsavtalen skal etter planen underteiknast hausten 2010, med sikte på at sekretariatet skal vere operativt frå 1. januar 2011. Føremålet med partnerskapen er å bidra til å forbetre transportsambandet og logistikken mellom partnerlanda på ein slik måte at det stimulerer til berekraftig økonomisk vekst. Utarbeiding og rulling av ein handlingsplan for grensekryssande utbygging av infrastruktur og såkalla horisontale tiltak, mellom anna teknisk og administrativ forenkling og standardisering, er hovudinstrumenta til partnerskapen. Arbeidet med å identifisere infrastrukturprosjekt av felles interesse mellom to eller fleire land i partnerskapen har starta opp. Partnerskapen skal ikkje erstatte eksisterande samarbeidsformer, til dømes BEATA, men kan utgjere ein samlande paraply for samarbeid i eit breiare regionalt perspektiv.

Nordisk-baltisk fråsegn om TEN-T-programmet

I september 2009 sendte dei nordiske og baltiske transportministrane ut ei felles fråsegn om revisjon av EU-programmet for utbygging av transeuropeiske transportnettverk (TEN-T). I fråsegna peikar ein m.a. på kor viktig det er med god tilkomst til marknadene for land med geografisk lange avstandar, at det må leggjast stor vekt på samanheng mellom hovudårane, og at TEN-T-nettverket bør utvidast til naboland. Fråsegna skal følgjast opp i samband med framlegginga av forslaget til reviderte TEN-T-retningslinjer.

Svensk-norsk samarbeid for elektrifisering av vegtransport

Både den norske og den svenske regjeringa ser på elektrifisering av vegtransport som eit viktig tiltak for å redusere CO₂-utslipp frå transportsektoren. Etter dialog mellom den norske samferdselsministeren og den svenske infrastrukturministeren etablerte Samferdselsdepartementet og det svenske Näringsdepartementet i 2009 ei felles arbeidsgruppe for å lage ein plan for korleis ein kan utvikle felles infrastruktur for ladbare bilar. Arbeidsgruppa er samansett av Vegdirektoratet, Transnova og NVE frå Noreg og Vägverket, Transportstyrelsen, Energimyndigheten og Energimarknadsinspektionen frå Sverige. Arbeidsgruppa skal levere ein delrapport til Näringsdepartementet. Delrapporten vil gje ei vurdering av kva prosjekt som vil ha størst nytte av eit samarbeid på tvers av landegrensene. Tema som vert vurderte, er mellom anna samordna innsats for uttesting av nye ladeteknologiar, felles skilting og merking av parkeringsplassar og ladeinfrastruktur og felles forskingsprosjekt.

Luftfart

Under det nordisk-baltiske transportministermøtet i Riga i september 2009 underteikna transportministrane ei felles nordisk-baltisk transportministererklæring, «draft declaration on Nordic Baltic co-operation in the Air Transport Area». Erklæringa omhandlar gjennomføringa i statane av plikta til å opprette funksjonelle luftromsblokker (FAB), i samsvar med lovgjevingspakka om Felles europeisk luftrom II. Erklæringa munnar ut i ei oppfordring retta til tilsynsstyresmaktene og utøvarane av flysikringstenester. Erklæringa omhandlar ikkje dei konkrete FAB-prosjekta som dei nordiske og baltiske landa er involverte i.

NEFAB – North European Functional Airspace Block

Lovgjevingspakka Felles europeisk luftrom II medfører at det vil bli fastsett felleseuropeiske ytingskrav til utøvarar av flysikrings- og lufttrafikktjeneste. Ytingskrava vil primært dreie seg om krav til tryggleik, kostnadseffektivitet, kapasitet og miljøeffektar. Eit verktøy som medverkar til å oppfylle desse ytingskrava, er funksjonelle luftromsblokker, som inneber grenseoverskridande samling av luftrommet over fleire land. Etablering av ei slik luftromsblokk er eit krav i den nemnde lovgjevingspakka. Noreg samarbeider i denne samanhengen med dei andre nordiske landa, i til-

legg til Estland og Latvia, om etablering av ei mogeleg funksjonell luftromsblokk kalla NEFAB (North European Functional Airspace Block). Statane som går inn i ei luftromsblokk, må inngå avtalar om mellom anna utpeiking av operatørar, tilsynsverksemda innanfor blokk, oppgåver i samband med avgiftsspørsmål og forholdet til militære styresmakter.

Bilateral luftfartsavtale

Noreg har ein bilateral luftfartsavtale med Russland frå 1956. Avtalen har vorte supplert med enkelte tillegg, men må framleis karakteriserast som restriktiv og hemmande for utviklinga av luftfarten mellom Noreg og Russland.

Bilateral vegtransportavtale

Noreg og Russland underteikna ein bilateral vegtransportavtale den 20. juni 2005. Avtalen tredde i kraft 16. november 2007. Avtalen regulerer transport av gods og passasjerar mellom Noreg og Russland, og transitt gjennom dei til og frå tredjeland med motorvogn som er registrert i eitt av dei to landa.

Kultur

Nordisk-baltisk mobilitetsprogram har sidan 2009 vore ei felles støtteordning for kunst- og kulturaktørar i Norden og dei baltiske landa. Erfaringar så langt viser at programmet er vellukka; talet på søkjarar aukar, og dei baltiske landa deltek godt i programmet.

Kultursamarbeidet i nordområda er eit viktig satsingsområde for Noreg. Der går det føre seg aktiv satsing på kulturområdet gjennom Barents-Kult-programmet som skal bidra til å gjennomføre større kunst- og kulturprosjekt i norsk og russisk del av Barentsregionen. Noreg har òg delteke aktivt i arbeidet til Nordisk Ministerråd med å utvikle kulturpartnarskapen innanfor Den nordlege dimensjonen. Kulturpartnarskapen skal fungere som eit supplement til allereie eksisterande nasjonale og internasjonale organisasjonar og institusjonar som arbeider med kulturnæringar og kultursamarbeid. I mai 2010 vart det arrangert eit nordisk kulturforum i St. Petersburg som markerte etableringa av partnarskapen, der partane underteikna ein intensjonsavtale (Memorandum of Understanding).

Vestnorden er ei viktig bru til samarbeid med nabolanda i vest. Dei nordiske kulturinstitusjonane i Nuuk, Torshavn og Reykjavik spelar ei viktig

rolle i styrking og koordinering av kultursambandet i den nordatlantiske regionen.

NORA (Nordisk Atlantsamarbeidet)

Nordisk Atlantsamarbeidet (NORA) hadde i 2009 spesielt fokus på klimaendringane og verknadene dette vil ha for den havbaserte økonomien i samarbeidslanda. I samband med COP15 i København lanserte NORA boka *Climate Change – and the North Atlantic*. Utviklinga av samarbeidet med dei vestlege naboane til Norden er inne i ei positiv utvikling. Ein delegasjon frå NORA besøkte i 2008 to av dei atlantiske provinsane i Canada, Nova Scotia og Newfoundland-Labrador. Dette vart følgt opp ved at generalsekretæren i Ministerrådet gjennomførte ei reise i Canada i desember 2009. Det danske formannskapsprogrammet legg opp til at NORA kan få ei koordinerande rolle i dette samarbeidet vestover. Ei rekkje av aktivitetane til NORA i 2009 har hatt deltakarar frå Canada – m.a. dei to konferansane *Challenges By Demography* i Alta og *Innovation in the Nordic Marine Sector* i Reykjavik. I tillegg til konferansane støtta NORA i 2009 ca. 30 prosjekt med til saman 7,8 millionar danske kroner.

NORA vedtok i 2008 å ta initiativ til ein OECD-analyse av NORA-regionen. Analysen skal ligge føre hausten 2010 og skal innehalde ein samla politisk-økonomisk regionsanalyse av Grønland, Færøyane, Island og kyst-Noreg. Målet er at analysen skal medverke til å styrkje samarbeidet. Samtidig ønskjer ein at analysen skal tydeleggjere det særlege potensialet og dei ressursane regionen har.

Interreg

Interreg er eit EU-program for å fremje sosial og økonomisk integrasjon over landegrensene gjennom regionalt samarbeid. Programmet vart etablert i 1991 for å styrkje samarbeidet mellom naboregionar som var delte av nasjonale grenser innanfor og på grensa av EU. Noreg har delteke i Interreg sidan 1996. Inneverande programperiode strekkjer seg til og med 2013. Deltakinga er ikkje ein del av EØS-avtalen.

Interreg IV A handlar om grenseregionalt samarbeid, det vil seie samarbeid mellom regionar som ligger langs eller på kvar si side av ei nasjonalgrense. For Noreg inneber dette samarbeid med Sverige, Finland, Russland og Danmark. Prioriterte innsatsområde er mellom anna næringsutvikling, FoU og grenseoverskridande fellesskap og samhøyr. Eit av måla er å utvikle attraktive re-

gionar og sentra for innbyggjarar og næringsliv på tvers av landegrensene.

Noreg deltek i fire grenseregionale Interreg-program: Nord, Botnia-Atlantica, Sverige-Noreg og Øresund-Kattegat-Skagerrak, i tillegg til eit samarbeidsprogram ved yttergrensene til EU – Kolarctic ENPI CBC.

3.2 Den nordlege dimensjonen

Den nye nordlege dimensjonen vart oppretta under den finske formannskapen i EU i november 2006 i Helsingfors, ved at det vart underteikna ei politisk erklæring og eit politisk rammedokument. EU, Russland, Island og Noreg er likeverdige partnarar, medan dei regionale organisasjonane og IFF (internasjonale finansieringsinstitusjonar) er deltakarar. Den nordlege dimensjonen (ND) skal vere det regionale uttrykket for dei fire samarbeidsromma mellom EU og Russland, der Noreg og Island skal ha fullt innpass. Det første ministermøtet i ND vart halde i St. Petersburg i oktober 2008. Møtet var prega av ei positiv haldning til det arbeidet som går føre seg, og det var ein grunnleggjande konsensus om kva satsingsområda skal vere. Det er lagt vekt på konkrete samarbeidsprosjekt. Desse prosjekta vert sette ut i livet gjennom dei to partnarskapane: partnarskapen for helse og livskvalitet (NDPHS) og miljøpartnarskapen (NDEP). Ministermøtet vedtok at det skal opprettast ein ny partnarskap for transport og logistikk, som etter planen skal verte operativ i år. Ein ny partnarskap for kultur vil òg verte oppretta i år. Andre satsingsområde framover er enøk, grensenært samarbeid og arbeidet med å opprette eit ND-institutt i St. Petersburg. Det er òg i denne regionen av Russland at dei største miljøprosjekta er gjennomførte, innanfor reduksjon av miljøskadelege utslipp til Austersjøen. Finland og Russland har teke initiativ til å opprette eit næringslivsråd for verksemdar og selskap i regionen. Fleire store aktørar er allereie involverte.

Den nordlege dimensjonen har ikkje uventa vore prega av stor merksemd mot Austersjøregionen. Frå norsk side har ein peika på at det bør vere ein fornuftig balanse mellom Austersjøregionen, Barentsregionen og Arktis i ND-samarbeidet. Eit positivt trekk i denne samanhengen er at styringsgruppa i ND har vedteke at det arktiske vindauga i ND skal drøftast med jamne mellomrom. Fleire gode miljøprosjekt er sette i verk i Barentsregionen.

Noreg er vertskap for det andre ministermøtet i Den nordlege dimensjonen. Det vert halde i Oslo 2. november i år.

3.3 Austersjørådet

Noreg har vore medlem av Austersjørådet sidan etableringa i 1992 og deltek aktivt i dei forskjellige aktivitetane Rådet har. Norsk deltaking i Austersjørådet utgjer ein viktig del av norsk nærområdepolitikk, og Rådet er eit sentralt forum for politisk dialog og praktisk samarbeid der både Russland og Europakommisjonen er med.

I tråd med ein avtalt rotasjon mellom medlemslanda har Noreg overtatt formannskapen i Austersjørådet for eitt år frå 1. juli 2010. Det vil innebere at utanriksministeren blir formann for Rådet i perioden, og Noreg skal leie ei eiga embetsgruppe som fungerer som styre. Noreg overtok formannskapen etter Litauen, og Tyskland følger etter Noreg 1. juli 2011.

Litauen har i formannskapsperioden sin lagt vekt på å setje i verk vedtaket om reform av Austersjørådet som vart gjort i 2008. Det står framleis mykje arbeid att før organisasjonen fungerer tilfredsstillande reint operativt, blir meir synleg og oppfattast som relevant. Det vil ta tid å byggje opp ein prosjektportefølje, særleg å framskaffe finansielle ressursar i ei tid der fleire av medlemslanda er prega av finanskrisa. Det vil vere ei stor utfordring for den norske formannskapen å arbeide vidare med reformarbeidet, med særleg sikte på å identifisere prosjekt, skaffe finansiering til dei og gjennomføre dei. Skal dette lukkast, vil det vere avgjerande å ha eit aktivt samarbeid om prosjekt med andre regionale råd i Nord-Europa som Nordisk Ministerråd, andre samarbeidsstrukturar som Den nordlege dimensjonen med sine partnar- skap og EU-strategien for Austersjøregionen.

Det vil vere eit prioritert område for den norske formannskapen å bidra til å gjere Austersjørådet meir operativt og resultatorientert. Eit anna vil vere maritim politikk og menneskehandel.

Maritim politikk er eit viktig fokusområde, fordi Austersjøen allereie i dag har ein stor del av skipstrafikken i verda, og etter prognosane vil denne trafikken auke i monaleg grad i åra framover. At EU har vedteke ein eigen integrert maritim politikk, som vil bli prøvd ut i Austersjøen, understrekar kor viktig det er at også Austersjørådet tek sin del av ansvaret for dette feltet. Sjøverts trafikk har mange fasettar og knytter seg til både økonomisk utvikling, handel, miljø, energi og tryggleik. Den norske formannskapen vil mellom anna arbeide for reduserte utslipp til vann og luft frå skipstrafikken i regionen. Austersjørådet har sett ned ei eiga ekspertgruppe for maritim politikk, og Noreg skal leie denne gruppa under formannskapen.

Austersjørådet har allereie eit sterkt engasjement når det gjeld kamp mot menneskehandel i regionen. Dette engasjementet må sjåast i samanheng med innsatsen for å avgrense den organiserte kriminaliteten meir generelt. Austersjørådet har på plass ei arbeidsgruppe for kamp mot menneskehandel, retta mot vaksne, i tillegg til ei eiga gruppe som tek seg av barn som har vore utsette for slik handel. Arbeid mot menneskehandel med kvinner og barn har vore sterkt fokusert dei seinere åra, og dette må fortsette med full kraft. Samstundes vert det registrert aukande menneskehandel på arbeidsmarknaden i regionen, der arbeidskrafta vert utnytta på ulovleg vis, og der ein ser døme på regelrett tvangsarbeid. Noreg vil under sin formannskap leggje vekt på at Austersjørådet deltek i utviklinga av nye metodar for å identifisere ofre for ulovleg utnytting av arbeidskraft; samarbeidet på justisområdet må betras, og det må utviklas godt og utvida samarbeid mellom politi og offentlege arbeidskraftinstansar for å stoppe denne negative utviklinga.

Noreg vil i formannskapsperioden leie arbeidsgruppa for kamp mot menneskehandel.

I tillegg til å ha særleg fokus på desse tre områda vil den norske formannskapet leggje til grunn dei fem prioriterte felt Austersjørådet sjølv har vedteke: miljø, energi, økonomisk utvikling, utdanning og kultur og sivil tryggleik. På fleire av desse områda vil Noreg ha formannskapet i ekspertgrupper og arbeidsgrupper. Austersjørådet har eit engasjement på alle desse områda, og samarbeidet er viktig for fagdepartementa og dei statlege institusjonane i landa, for det regionale og kommunale nivået, for dei frivillige organisasjonane og sivil sektor generelt, for partane i arbeidslivet og for privat sektor. Samarbeidet i direkte regi av Austersjørådet, eller knytt opp til Rådet, er breitt og går på mange måtar på eigen kjø. Samarbeidet får ikkje alltid dei store oppslaga i media, men vert oppfatta som relevant og fagleg nyttig og utfordrande for dei som er involverte. Noreg har i samband med den norske formannskapet sett ned ei eiga norsk referansegruppe der fagområda som samarbeider, er med. At dette utgjer om lag 30 område, er ein indikasjon på breidda i samarbeidet.

3.4 Barentsrådet

Utviklinga av Barentssamarbeidet har heilt sidan starten i 1993 hatt to sentrale målsetjingar. Den første er å bidra til at Russland spelar ei sterkare rolle i det europeiske samarbeidet, m.a. ved å utvi-

kle og konsolidere dei breie samarbeidsstrukturene mellom dei nordiske landa og Russland innanfor Barentssamarbeidet. Den andre sentrale målsetjinga er knytt til ønsket om å fremje berekraftig utvikling i Barentsregionen. Samarbeidet rettar seg særleg mot Nordvest-Russland, som framleis har store utfordringar når det gjeld økonomisk og sosial utvikling, helse, miljøvern, ressursforvaltning og behovet for å reformere mange samfunnsinstitusjonar. Ein kan definere Barentssamarbeidet som eit samspel mellom fire samarbeidsnivå, på styresmaktnivå og direkte mellom aktørar i regionen:

- regjeringssamarbeidet (Barentsrådet) der dei fem nordiske landa, Russland og EU-kommisjonen deltek,
- det regionale styresmaktsamarbeidet (Barentsregionråd),
- urfolkssamarbeidet,
- direkte næringslivs-, kommune- og grasrot-samarbeid («folk til folk»).

Det gode samspelet mellom sentrale og regionale styresmakter i alle landa og den direkte kontakten over grensene i regionen gjer Barentssamarbeidet til eit politisk instrument som kan handtere ei rekkje spørsmål som er svært viktige for folk i regionen.

Sverige er no formann fram til hausten 2011. Svensk hovudprioritering er miljø og næringsutvikling, «an eco-efficient economy» i Barentsregionen. Etter Sverige tek Noreg over som formann. I regionrådet er Troms formann.

Det er god aktivitet både på regionalt nivå og i dei 16 arbeidsgruppene. Regionrådet har vedteke eit nytt arbeidsprogram for tidsrommet 2009–2013. Det er òg vedteke eit nytt handlingsprogram for urfolk. Vidare er det oppretta ei ny arbeidsgruppe for turisme. Energiarbeidsgruppa er gjort om og skal først og fremst ha fokus på enøk og fornybare energikjelder. Universitetet i Petrozavodsk har teke initiativ til ei ny satsing på høgskule- og universitetssamarbeid i Barentsregionen.

Innanfor ramma av den årlege løyvinga frå Utanriksdepartementet gjev Det norske Barentssekretariatet i Kirkenes støtte til ei rekkje samarbeidsprosjekt på regionalt nivå i Barentsregionen. Det går no føre seg ei særleg aktiv satsing på kulturområdet gjennom BarentsKult-programmet. Det internasjonale Barentssekretariatet (IBS) er no vel etablert og i god drift. Det vert leidd av den russiske ambassadøren Aleksandr Ignatjev. IBS har tre tilsette som har gjort mykje for å støtte opp om arbeidet på alle nivå og sikre det internasjonale kontaktnettet. I 2009 har Utanriksdepartemen-

tet og Sametinget i fellesskap sendt ein urfolksmedarbeidar til det internasjonale Barentsssekretariatet for ein toårsperiode og ønskjer på denne måten å bidra til å styrkje samarbeidet mellom urfolka i regionen. Sverige vil i år sekondere ein ny medarbeidar til IBS.

I regi av Barentsrådet er det etablert ein komité som handsamar grenseoverskridande redningsfaglege spørsmål i Barentsregionen. Ein multilateral redningsavtale for Barentsregionen vart signert i Moskva 11. desember 2008. Noreg, Russland, Sverige og Finland er partar i avtalen. Føremålet med avtalen er gjensidig bistand over landegrensene i krisesituasjonar og redningsoperasjonar.

Barentsregionen er ein region med store avstandar og få redningsressursar. Næraste redningsressurs kan vere på andre sida av grensa i eit naboland.

I september 2009 vart øvinga Barents Rescue 2009 halden. Øvingsserien Barents Rescue vert gjennomført annakvart år innanfor ramma av Barentsrådet (BEAC – Barents Euro-Arctic Council). Det overordna målet for øvingsrekkeja Barents Rescue har vore å forenkle og betre kommunikasjon, koordinering og samarbeid mellom land og sivil-militære einingar som kan bli involverte i kriser i Barentsregionen. Ansvar for øvingane går på omgang mellom medlemslanda i Barentsrådet. Sverige arrangerte øvinga i 2001, Noreg i 2005 og Finland i 2007. Russland var vert for øvinga i 2009. Finland, Sverige og Noreg deltok i øvinga med redningsressursar. Sverige arrangerer øvinga i 2011.

3.5 Arktisk råd

Den norske formannskapet i Arktisk råd 2006–2009 vart avslutta med ministermøtet i Tromsø 29. april 2009. Danmark har no overteke formannskapet. Sverige skal overta etter Danmark. Dette tyder at vi er inne i ein periode med seks års samanhengande nordiske formannskapar, som sluttar i 2013. Dei tre landa har samordna formannskapsprioriteringane sine. Det er oppretta eit sekretariat for Arktisk råd i Tromsø. Arktisk råd drøftar no om sekretariatet skal gjerast permanent.

Arktisk råd er blitt eit viktig politisk samarbeidsorgan dei siste åra. Dette skuldast dels ein ambisiøs og aktiv norsk formannskap, men i første rekkje skuldast utviklinga auka fokus på Arktis som følgje av klimaendringane. Auka politisk merksemd og effektivisering av arbeidet til rådet

har vore nokre av prioriteringane for den norske formannskapet. På ministermøtet vart det mellom anna vedteke at Arktisk råd framover skal møtast på politisk nivå ein gong i året. Det første møtet var i København i år.

Klimaendring er eit hovudtema for arbeidet i Arktisk råd. I samband med ministermøtet i Arktisk råd vart det arrangert ein konferanse om ismelting under leiing av utanriksministeren og tidlegare visepresident Al Gore. Rapporten deira om status/konsekvensar av ismeltinga i verda vart lagd fram på klimamøtet COP15 i København i desember i fjor av Al Gore og utanriksministeren. Hovudelementa i arktisk klimaendring – at havisen trekkjer seg tilbake, Grønlandsisen smeltar, og permafrosten/snødekket vert redusert – har globale konsekvensar i form av sterkare temperaturauke og havnivåstigning. Konferansen la fram ny dokumentasjon om dette og om at partiklar (sot) og kortlevde klimagassar kan forklare opptil halvparten av temperaturauken i Arktis.

Eit anna hovudfokus for arbeidet i rådet er konsekvensane det får for miljø og urfolk at havisen trekkjer seg tilbake, men òg dei perspektiva dette opnar for auka menneskeleg aktivitet. Den største utfordringa i Arktis for rådsmedlemene er å finne balansen mellom vern og bruk av områda som kan bli liggjande opne når havisen har trekt seg tilbake. Arktisk råd samarbeider om m.a. to omfattande status-/konsekvensanalysar av olje-/gassverksemd og skipsfart i Arktis, retningslinjer for petroleumswerksemd offshore, samarbeid om søk og redning, oljevern, miljøvern og retningslinjer for heilskapleg ressursforvaltning. Ministermøtet oppretta ei arbeidsgruppe om søk og redning under leiing av USA og Noreg og vedtok i tillegg eit russisk prosjekt om tryggleik ved økonomisk utvikling i Arktis. Noreg tok på seg ei leirolle i dette prosjektet saman med Russland.

Auka ressursutnytting og trafikk i arktiske farvatn gjer det nødvendig å vurdere redningsberedskapen i desse farvatna. Rapporten Arctic Marine Shipping Assessment (AMSA) frå Arktisk råds arbeidsgruppe PAME (Protection of the Arctic Marine Environment) peikar på manglande redningsberedskap i arktiske farvatn og tilrår at det vert utarbeidd ein samarbeidsavtale om søk og redning. Ministermøtet i Tromsø gav mandat til at det vert oppretta ei arbeidsgruppe for å forhandle fram ein avtale om søk og redning i Arktis. Arbeidsgruppa vart leia av USA og Russland.

Ministermøtet vedtok i tillegg eit russisk prosjekt om tryggleik ved økonomisk utvikling i Arktis. Noreg tok på seg ei leirolle i dette prosjektet saman med Russland.

3.6 Nordisk samarbeid om europeiske spørsmål

Det er stor grad av nordisk semje i ei rekkje sentrale spørsmål som står på dagsordenen i EU. Dette gjeld m.a. sysselsetjing, demokrati, nærleik, openheit, likestilling, forbrukarvern og miljøvern. Sjølv om dei nordiske landa er knytte til EU på ulike måtar, knyter EØS-avtalen dei nordiske landa saman i ei felles marknadsramme. EØS-avtalen er dermed den viktigaste nordiske samarbeidsavtalen.

Det nordiske samarbeidet gjev ei viktig ramme for å koordinere nordisk europapolitikk, og europaspørsmål er difor eit fast punkt på dagsordenen for nordiske og nordisk-baltiske ministermøte. Noreg deltek òg med jamne mellomrom på nordiske eller nordisk-baltiske formøte før nokre av rådsmøta i EU. Dette gjeld særleg rådsmøte om miljø, energi og samferdsel.

Kontakten mellom dei nordiske hovudstadene, EU og dei nordiske EU-delegasjonane i Brussel er tett og god. Sett frå norsk side er det særleg viktig å sørgje for at europapolitiske saker med relevans for Noreg vert diskuterte i den nordiske kretsen på eit tidleg tidspunkt. Dette gjeld særleg EØS-relaterte spørsmål. Slik kan Noreg få indirekte innverknad på dei interne drøftingane i EU i saker som er viktige for oss. Det er difor viktig at norske styresmakter på alle nivå held fram med arbeidet med å utvide og utdjupe kontaktnettverket i nordiske EU-kretsar.

I spørsmålet om gjennomføringa av ein nordisk europapolitikk finst det ikkje nokon «nordisk blokk» i EU. EU-samarbeidet er ikkje prega av stabile geografiske blokkar. Det vert ført forhandlingar mellom EU-landa, og posisjonar vinn fram, gjennom alliansar av land som skiftar frå sak til sak. Likevel er det eit ganske nært samarbeid i ei «nordgruppe», som primært består av Danmark, Sverige, Storbritannia og Nederland.

Det er viktig å føre vidare det gode samarbeidet som er etablert mellom alle dei nordiske landa, både uformelt og formelt, når det gjeld informasjon og konsultasjonar i viktige spørsmål. Danmark har EU-formannskapet våren 2012. (Noreg har formannskapet i Nordisk Ministerråd i 2012.) I desse halvårsperiodane vert det nære nordiske samarbeidet ekstra viktig for Noreg. Det er ofte enklare å vinne innpass i sentrale EU-prosessar med eit nordisk naboland ved EU-roret. Dette

gjeld både informasjonsflyt og deltaking på møte i interessante EU-forum. Den svenske formannskapet hausten 2009 viste dette på ein god måte.

Den svenske formannskapet i EU arrangerte i desember 2009 ein konferanse i Kiruna om den framtidige samhøyrspolitikken i EU og regionalutviklinga i nord. I forkant av konferansen inviterte Kommunal- og regionaldepartementet dei europeiske regionalrådene som er stasjonerte i Brussel, til ein konferanse i Tromsø. Besøket opna for samtalar med dei fleste av dei 27 medlemslanda i EU. Det vart fokusert på utfordringar i det særprega nordområdet, som spreidd busetjing og klimautfordringar, og det vart høve til å markere regionalpolitikken og nordområdepolitikken til regjeringa, mellom anna overfor arktiske område.

Dei mest konkrete og synlege døma på nordisk samarbeid i EU-samanheng dei siste åra er etableringa av den nordiske militære innsatstyrken (Nordic Battle Group, NBG) som stod i beredskap våren 2008, og den aktive innlemminga av Noreg og Island i det EU-initierte samarbeidet i Den nordlege dimensjonen. Likevel er det framleis slik at Austersjø- og Barents-samarbeida til tider kan vere prega av at mange prosjekt er forankra i EU gjennom *naboskapspolitikken (ENP)* eller *EU-programmet for regionalt samarbeid (Interreg)*.

Dei nordiske naboane våre er difor opptekne av at sambanda til Brussel er nære, og Kommisjonen deltek òg i Austersjø- og Barents-samarbeida. For Noreg vil det seie auka innsats for – og merksemd om – nordområda. Også på justis- og innrikesområdet er nordisk samarbeid sentralt. For Noreg er det viktig at vi held oppe dei nordiske modellane på område der EU etablerer og vidareutviklar tilsvarende samarbeid. Døme på slike område er det konsulære samarbeidet og visumsarbeidet. Ved å sikre at det nordiske samarbeidet er velfungerande og attraktivt, kan vi medverke til at dei nordiske EU-medlemslanda vidarefører dette, sjølv når liknande samarbeid vert forsterka på EU-nivå.

Avtalen mellom Noreg, Island og EU om deltaking i Schengen-samarbeidet har gjort det mogeleg å halde oppe den nordiske passunionen. Avtalen inneber òg at alle dei nordiske landa er del av eit større europeisk område med reisefridom og at dei tek del i alle dei kompensierende tiltaka på mellom anna politisamarbeidsfeltet. Det er eit godt samarbeid mellom dei nordiske landa i spørsmål som er relevante for Schengen.

4 Utanriks-, forsvars- og utviklingspolitisk samarbeid

4.1 Det utanrikspolitiske samarbeid

Det har vore eit aktivt år for det nordiske utanrikspolitiske samarbeidet òg i 2010. Stoltenberg-rapporten, som vart lagt fram i fjor, har medverka til å løfte Norden opp på den felles utanriks- og tryggingsspolitiske dagsordenen og retta merksemda mot nærområda våre (sjå òg kap. 2.4). Dei nordiske utanriksministrane, statssekretærane og politiske direktørar i utanriksdepartementa møtest med jamne mellomrom, og det er tett nordisk kontakt på ei rekkje fagområde. Femlands-samarbeidet (N 5) utgjer hovudrama for dette samarbeidet. Samtidig er samarbeidet ope og fleksibelt òg for mindre nordiske format der det er føremålstenleg. For eksempel er Noreg, Finland og Sverige opptekne av felles utfordringar i nordområda som er knytte til grenseregionalt samarbeid og naboskapen med Russland. Samarbeidet blir stadig tettare med Danmark og Island i spørsmål som gjeld det nordlege Atlanterhavet og Arktis. Målet for regjeringa er å styrkje grunnlaget for ytterlegare utvikling av det nordiske samarbeidet.

Samarbeidet mellom dei nordisk-baltiske landa (NB8-kretsen) har utvikla seg sida byrjinga av 1990-åra og omfattar no nær alle departementa. På det utanrikspolitiske området er det årlege møte mellom utanriksministrane, statssekretærane og dei politiske direktørane. Regionale spørsmål har ein sentral plass i NB8-samarbeidet, inkludert tilhøvet til og samarbeidet med Russland. Dei baltiske landa ønskjer eit endå tettare samarbeid med dei nordiske landa, og på latvisk initiativ blei det våren 2010 nedsett ei vismannsgruppe på to personar som etter ei konsultasjonsrunde i landa skal fremje forslag om område som kan inkludrast i samarbeidet. Noreg står utanfor EU og deltek difor ikkje i det pågåande samarbeidet mellom dei nordiske og baltiske EU-medlemene (NB6-samarbeidet).

Med *Lisboa-traktaten* som tok til å gjelde 1. desember 2009, skal det etablerast ei eiga utanriksteneste i EU. Dei nordiske EU-landa oppfatar ikkje den nye utanrikstenesta som ei erstatning for den nasjonale representasjonen til EU-landa, men snarare som eit tillegg. Like fullt vurderer dei

nordiske landa justeringar i sine eigne utanriksrepresentasjonar, noko som i sin tur kan påverke det etablerte samarbeidet mellom dei nordiske landa på landnivå. I tillegg er det eit ønske frå fleire land om at EUs utanriksteneste skal ta på seg konsulære spørsmål, noko som tradisjonelt har vore eit område for det nordiske ambassadesamarbeidet. Desse spørsmåla er til løpande diskusjon på alle møte mellom dei nordiske utanriksdepartementa. Samarbeidet mellom de nordiske utanrikstenestene er omtalt nærare nedanfor og i kapittel 2.4. Det nordiske samarbeidet om europeiske spørsmål, mellom anna EØS og Schengen-samarbeidet, er omtalt i kapittel 3.6.

Det nordiske FN-samarbeidet ser ut til å utvikle seg mot eit nordisk-baltisk samarbeid på fleire område. Den årlege nordiske utanriksministerfrukosten under opninga av høgnivåveka under generalforsamlinga i FN har sidan 2009, på svensk initiativ, vore eit nordisk-baltisk arrangement. Det nordiske valsamarbeidet fungerer framleis tilfredsstillande. Det er nordiske rotasjonsordningar for kandidatur til FNs tryggingsråd, Menneskerettsrådet og andre sentrale posisjonar i FN-systemet. Valsamarbeidet og ordninga med felles nordiske kandidatar er ein viktig grunn til å ta vare på ein nordisk profil der det er naturleg. Innanfor gruppa av vestlege land (WEOG) har det over tid vore forståing for at dei nordiske landa i ei rekkje valsamanhenger i realiteten utgjer ei eiga «undergruppe». Det finske kandidaturet til FNs tryggingsråd 2013–2014 er eit nordisk fellesprosjekt. I dei fleste større særorganisasjonane er det uformelle nordiske rotasjonsordningar som sikrar at minst eitt nordisk land er representert i styret i kvar periode. Også i styrande organ for FNs fond og program, m.a. UNDP, Unicef, UNFPA og WFP, er det nordisk koordinering og formaliserte rotasjonsordningar for styremedlemskap.

Den positive utviklinga dei siste åra av det nordiske samarbeidet om forsvars- og tryggingsspolitiske spørsmål har halde fram òg det siste året. Stoltenberg-rapporten og oppfølginga av denne rapporten har bidrege til å forsterke dynamikken i samarbeidet (jf. kapittel 2.4). Det kjem i dag stadig klarare fram at den nordiske verdifelleskapen og

den geografiske nærleiken til kvarandre gjer det naturleg å samarbeide endå tettare om dei felles utanriks- og tryggingsspolitiske utfordringane våre. Dialogen om forsvars- og tryggingsspolitiske spørsmål vert difor stadig tettare.

Regjeringa legg samtidig stor vekt på den breie politiske tilslutninga i dei nordiske landa vert følgd opp gjennom praktiske samarbeidstiltak. Trass i ei positiv utvikling dei siste åra meiner Regjeringa at det framleis er eit uutnytta potensial òg på dette området. Når ein no stadig ser nye samarbeidsområde, vitnar det om at satsinga frå dei nordiske regjeringane på auka nordisk samarbeid tilfører ein reell tilleggs- og nytteverdi.

Dei nordiske landa har ulik tilknytning til NATO og EU, men dette er ikkje til hinder for eit styrkt forsvars- og tryggingsspolitisk samarbeid i Norden. Både NATO og EU har fleksible samarbeidsrammer med ikkje-medlemer, noko som gjer det naturleg å styrkje det nordiske samarbeidet òg innanfor desse organisasjonane. Sverige og Finland er tett knytte til NATO gjennom det stadig meir utvikla partnarssamarbeidet med alliansen, og på same måten har Noreg svært breie kontaktflater med EU, både på politisk og praktisk nivå. Mellom anna stilte Noreg i 2009 med ein fregatt i anti-sjørøveroperasjonen til EU utanfor Somalia, og i 2011 vil Noreg på nytt stå i beredskap for EU gjennom bidraget til den nordiske EU-innsatsstyrken.

Samtidig har dei nordiske landa til tider ulike prioriteringar, mellom anna av kva operasjonar dei deltek i, og kva rammeverk det skjer innanfor. Det er klart på svensk, finsk og dansk side at når det gjeld sivile bidrag, vil EU-leidde operasjonar i mange tilfelle verte prioriterte. Regjeringa arbeider for ytterlegare å styrkje det nordiske samarbeidet til støtte for den fredsoperative innsatsen til FN. Dei nordiske landa har avgrensa personellressursar, men samtidig lang erfaring i å bidra med godt kvalifisert sivilt og militært personell. Nordisk samarbeid kan både betre og effektivisere bidraga i fredsoperativ innsats og bidra til utvikling av politikk, retningslinjer og doktrinar i FN. Dei nordiske landa har i store trekk felles syn på utviklinga av fredsoperasjonane til FN. Grunnlaget for styrkt samarbeid er difor godt. *(Det nordiske forsvarsspolitiske samarbeidet er nærare omtalt under kap.4.3.)*

Noreg har vidareført det særskilte tryggingsspolitiske samarbeidet med Island, innanfor dei rammene som er trekte opp i avtalen som vart inngått etter at USA trekte tilbake det militære nærværet sitt frå Island. Støtta frå Noreg er høgt verdsett av islandske styresmakter.

Det er lang tradisjon for eit tett administrativt og konsulært samarbeid mellom dei nordiske utanrikstenestene, både på hovudstadsnivå og mellom utanriksstasjonane. Med utgangspunkt i pågåande moderniserings- og effektiviseringsprosessar i dei fem utanrikstenestene vert det fokusert både på å utdjupe og vidareutvikle eksisterande samarbeidsområde og utvide samarbeidet til nye fagfelt, og å dele erfaringar og «beste praksis».

På hovudstadsnivå møtest representantar for embetsverket til faste koordinerings- og informasjonsmøte, og det er etablert ulike kontaktgrupper på ei rekkje administrative og konsulære fagområde. I 2010 er samarbeidet på hovudstadsnivå utvida til òg å omfatte geografiske og tematiske deskar i utanriksdepartementa for m.a. samordning av kontakt til styresmaktene i tenestelandet og av rapportverksemda til utanriksstasjonane på utanrikspolitiske fagområde.

Også ved utanriksrepresentasjonane møtest nordiske utsende diplomatiske og konsulære tenestemenn til lokale kontakt- og samordningsmøte. Samarbeidet mellom dei nordiske utanriksstasjonane varierer frå stad til stad og kan gå føre seg på ulike måtar – som fysisk samlokalisering av ambassadar, felles administrative støttefunksjonar, felles visumseksjonar, avtalar om gjensidig visumrepresentasjon og hjelp i konsulære saker og ved akutte kriser ved behov. Dei nordiske ambasadane samarbeider lokalt om krise- og beredskapsplanlegging og om kriseøvingar.

I Stoltenberg-rapporten «Nordisk samarbeid om utenriks- og sikkerhetspolitikk» (februar 2009) er samarbeid om utanrikstenesta lagt fram som eit eige forslag. Sidan då har det gått føre seg eit arbeid i dei nordiske hovudstadene for å vidareutvikle aktuelle samarbeidsområde og ulike former for nordisk «arbeidsdeling», sjå kapittel 2.4.

4.2 Utanrikshandel

Det er brei kontakt mellom dei nordiske hovudstadene, mellom delegasjonen/representasjonen i Brussel, mellom dei nordiske ambasadane og mellom EU-delegasjonane og sekretariatet i Nordisk Ministerråd i utanrikshandelspolitiske spørsmål. Nordisk Ministerråd er òg ein arena for regelmessig nordisk dialog om aktuelle EU- og EØS-saker. Dei nordiske utanrikshandelsministre og statssekretærene med ansvar for handelspolitiske spørsmål møtest årleg til uformelt samråd om aktuelle utanrikshandelspolitiske saker. På dagsordenen står grensehinderspør-

mål, implementering av tenestedirektivet, Auster-sjøsamarbeidet, den nye vekst- og sysselsetjingsstrategien i EU (Europa 2020-strategien) og tilhøvet mellom handel/utvikling og handel/klima. Regjeringa legg stor vekt på at det utanrikshandelspolitiske samarbeidet skal dyrkast og utviklast vidare.

Spørsmål om *EØS og den indre marknaden* har fått større plass i det nordiske utanrikspolitiske samarbeidet. Den tette kontakten med dei nordiske landa i spørsmål om EØS og den indre marknaden er viktig for å oppfylle ambisjonen regjeringa har om ein aktiv Europapolitikk og om å arbeide målretta for å vareta norske interesser opp mot EU. Samarbeidet med nærområda til Norden på det økonomiske og handelspolitiske området har òg vorte viktigare. Noreg har dei siste åra delteke i ei uformell nordisk-baltisk-polsk-tysk samrådsgruppe om *tenestedirektivet*. Føremålet er å utveksle informasjon, erfaringar og synspunkt knytte til gjennomføringa og oppfølginga av tenestedirektivet nasjonalt og å medverke til felles forståing og praksis.

Den ytre handelspolitikken i EU har Kommisjonen ansvaret for, og det er såleis ikkje aktuelt med eit formelt samarbeid mellom dei nordiske landa om felles posisjonar i WTO. Det er likevel god uformell kontakt i WTO-spørsmål gjennom kontakt mellom dei nordiske delegasjonane i Genève og med dei nordiske deltakarane i handelskomiteen i OECD. Gjennom denne kontakten får Noreg informasjon om drøftingane i EU, og dei andre nordiske landa kan dra nytte av at Noreg deltek i grupperingar der EU berre er representert ved Kommisjonen.

4.3 Forsvar

Det konkrete nordiske forsvarssamarbeidet har vorte ytterlegare styrkt det siste året. Noreg har i 2010 formannskapen for dette samarbeidet, som frå november 2009 finn stad innanfor ein nyetablert samarbeidsstruktur (Nordic Defence Cooperation – NORDEFECO). Eit overordna føremål med samarbeidet er å finne fram til løysingar som kan bidra til å redusere dei militære utgiftene i alle dei nordiske landa. Rasjonaliseringseffektar av eit styrkt nordisk samarbeid vil såleis leggje til rette for at også Noreg kan realisere eit høgare forsvarspolitisk ambisjonsnivå enn ein ville oppnådd utan eit slikt samarbeid.

Samarbeid om operasjonar står sentralt i forsvarssamarbeidet. I tillegg til det nemnde samarbeidet om stridsgruppene i EU vert det arbeidd

med å styrkje det allereie eksisterande samarbeidet om ISAF-operasjonen i Afghanistan. Det finst vidare eit nordisk samarbeid for å støtte afrikansk kapasitetsbygging i Aust-Afrika, der Noreg m.a. bidreg med personell for å støtte Den afrikanske unionens kapasitet til sjølv å handtere kriser på det afrikanske kontinentet.

Det vert no arbeidd konkret med å etablere nye mekanismar for å leggje til rette for ei ytterlegare styrking av det nordiske samarbeidet, som ein utvida nordisk tryggingssavtale og ein avtale som regulerer opphavsrettar.

Når det gjeld materiellsamarbeid, vert det no gjennomført eit felles prosjekt mellom Noreg og Sverige for utvikling av eit nytt rørartillerisystem (ARCHER). Utover sjølv materiellinnkjøpet vert det lagt opp til samarbeid om trening og utdanning. Dei same to landa ser òg på om det lèt seg gjere å kjøpe inn nye lastevogner og lette patruljekøretøy i fellesskap. Vidare er førebuingane med å utveksle luftovervakingsdata mellom Noreg, Sverige og Finland godt i gang. Gjennom å knytte Finland og Sverige til luftovervakingssystemet i NATO vil ein leggje grunnlaget for eit utvida luftoperativt samarbeid.

4.4 Utviklingssamarbeid

Noreg er ein pådrivar for å styrkje det nære samarbeidet med dei andre nordiske landa. Hovudformålet er å leggje til rette for meir effektiv bistand, i tillegg til å bruke bistanden meir strategisk for å utløyse andre og mykje større pengestraumar. Dette skjer primært gjennom *Nordic Plus*-samarbeidet, der òg Irland, Nederland og Storbritannia deltek. Siste møte for utviklingsleiarane i dei respektive landa (Irland, mai 2010), stadfestar at det er brei semje om at bistanden kan gjerast meir effektiv, både gjennom bilaterale og multilaterale kanalar. Målsetjinga er å intensivere den globale kampen mot fattigdom i ei tid med fleire store globale kriser. I tillegg diskuterer gruppa andre dagsaktuelle politiske tema, der ei samordna tilnærming kan gje meirverdi. Gruppa har ein positiv verknad på politikktutforminga i EU når det gjeld bistand, men òg innanfor andre politiske tema. Ein studie gjort av Norad om arbeidsdeling (2010) viser at det i fleire av samarbeidslanda er etablert eit godt samarbeid mellom *Nordic Plus*-landa, inkludert eit delegert samarbeid for å redusere overføringskostnader og for å rasjonalisere samarbeidet på landnivå.

Samarbeidet med *Verdsbanken* og dei regionale utviklingsbankane er formalisert gjennom ein

omfattande nordisk koordineringsprosess og ei rotasjonsordning for representasjon i dei styrande organa. I Verdsbanken og dei regionale utviklingsbankane har Noreg i dei fleste sakene samanfallede interesser med dei andre nordiske landa, og i styra i institusjonane er det eit tett nordisk samarbeid. Felles posisjonar vert utforma heile tida, og det vert halde felles innlegg under årsmøte og møte i utviklingskomiteen i Verdsbanken, Det internasjonale valutafondet (IMF) og under årsmøta i dei regionale utviklingsbankane. Dei nordiske landa legg i det daglege arbeidet sitt vekt på å sikre at den overordna målsetjinga om fattigdomsreduksjon vert styrande for utforminga og gjennomføringa av verksemda i utviklingsbankane.

Det nordiske utviklingsfondet (*Nordic Development Fund, NDF*) er ein samnordisk bi-

standsorganisasjon som vert finansiert over bistandsbudsjetta til dei nordiske landa. NDF samfinansierer med andre multilaterale institusjonar, hovudsakleg Verdsbanken og dei regionale utviklingsbankane. Den største delen av kredittane til NDF har vore nytta til å finansiere leveransar av varer og tenester frå dei nordiske landa. I 2005, etter mislukka påfyllingsforhandlingar, konkluderte dei nordiske utviklingsministrane med at det var semje om å avvikle aktivitetane til NDF. Då det vart klart at tilbakebetalingar på lån i nominelle termar ville utgjere omlag ein milliard euro over ein periode på 35 år, vedtok likevel Nordisk Ministerråd at denne kapitalen skulle brukast til å finansiere klima og utvikling på gåvevilkår for land som kvalifiserer til støtte frå IDA.

5 Fagleg samarbeid

5.1 Kultur

Verksemda på kulturområdet har vore konsentrert om følgjande:

- Å styrkje kvalitet, konkurransekraft og tilkomst i nordisk kunst- og kulturliv. Det nordiske kultursamarbeidet skal styrkje og utvikle kulturell og kunstnarisk verksemd i Norden.
- Å styrkje språkfelleskapen og språkforståinga. Mange tiltak og verkemiddel på kultur- og medieområdet har eit klart språkperspektiv. Programma, dei nordiske prisane for film og litteratur, nordiske hus og institutt, Nordisk film- og TV-fond, nordiske fagseminar og konferansar er verkemiddel og aktivitetar som er med på å styrkje den nordiske språkforståinga. Kultur- og mediasamarbeidet bidreg til at nordisk språk og kultur blir synleg i det offentlege rommet.
- Å gjennomføre globaliseringsstrategien til kulturministrane, *Det kreative Norden*. Strategien gjeld for perioden 2010–2012 og skal bidra til å synleggjere nordisk kultur utanfor Norden, gjennom konkrete initiativ som fokuserer på kulturnæringar og promotering av nordisk film, arkitektur og litteratur.
- Å styrkje og vidareutvikle kultur- og kunstprogrammet og Nordisk-baltisk mobilitetsprogram som er dei nye komponentane i samarbeidsstrukturen på kulturområdet, og som tok til å gjelde 1. januar 2007. I dette arbeidet er det gjennomført fleire dialogmøte – Nordisk kulturforum – med kulturfeltet i Norden, og det er gjennomført visse justeringar av programma.
- Å førebu ei ekstern evaluering av dei nye komponentane i samarbeidsstrukturen på kulturområdet. Evalueringa skal setjast i gang i 2010, og resultatet skal leggjast fram for MR-K i april 2011.
- Å utarbeide ny handlingsplan for det fellesnordiske kultursamarbeidet 2010–2012: Dei følgjande fem områda er prioriterte: (i) globaliseringsinitiativ, (ii) kultur for barn og unge, (iii) den nordiske kulturarven, (iv) kulturelt mangfald og (v) den nordiske språkforståinga.

Nordisk kulturfond skal fremje samarbeid mellom dei nordiske landa ved å gje støtte til samarbeids-

prosjekta innanfor kunst og kultur. Prioriterte område er mellom anna prosjekt for barn og unge, prosjekt som fremjar den nordiske språkforståinga, og prosjekt som fremjar nye uttrykksmåtar og formidlingsformer. Som særlege tiltak i 2010 kan følgjande nemnast:

- Utstillinga «Rethink» som vart opna i samband med FN's globale klimatoppmøte i København i 2009. Utstillinga skal turnere i dei nordiske landa.
- Årets nordiske scenekunstoppleving som skal fremje samarbeid mellom nordiske scener og scenekunstnarar.
- Nye nordbuarar i det nordiske kultursamarbeidet som skal involvere dei som ikkje i dag er aktive i det nordiske kultursamarbeidet.

5.2 Utdanning og forskning

Innanfor utdanning og forskning skjer det ei kontinuerleg vidareutvikling av det nordiske samarbeidet på følgjande felt:

- globalisering
- Nordplus Rammeprogram og Nordplus Nordiske Språk og Kultur
- nordisk-baltisk samarbeid
- arbeidet mot Nordvest-Russland
- samarbeidet om studiestøtte

Innanfor barnehagar, skule, høgare utdanning, vaksenopplæring og forskning er samarbeidet basert på ei rekkje studiar og utgreiingar som grunnlag for initiativ og tiltak som famnar vidt. Nedanfor er nokre av initiativa og områda trekte fram.

Barnehagar

På barnehageområdet er det etablert eit uformelt nettverk mellom myndigheitene i dei nordiske landa og dei sjølvstyrte områda. Nettverket utvekslar informasjon om nye tiltak og initiativ på barnehageområdet i dei ulike landa og samarbeidar om kartlegging av kvalitetsindikatorer på feltet. Vidare er det samarbeid om felles initiativ i

samband med internasjonale organisasjonars arbeid med barnehagar, som OECD og UNESCO.

Fråfall i vidaregåande opplæring i Norden

Rapporten «Frafall i utdanning for 16-20 åringer i Norden» gir ei oversikt over forskning om fråfall i dei nordiske landa dei siste 15 åra og danna grunnlaget for eit arbeidsseminar i København i april 2010. Det er planlagt drøftingar på minister-nivå om sentrale problemstillingar og behovet for tiltak på nordisk nivå.

Nordisk klimadag

Nordisk klimadag vart arrangert i regi av Nordisk Ministerråd før klimatoppmøtet i desember 2009 og vert arrangert på nytt 11. november 2010. Temadagen byggjer på nasjonale planar og opplegg, men har eit nordisk overbygg gjennom nettbaserte opplegg. Føremålet med Nordisk klimadag er å:

- stimulere engasjementet hos nordiske elevar og lærlingar for klimaproblem
- fremje nordisk skulesamarbeid om klimaet
- stimulere barn og unge til å forstå kvarandre og kommunisere med kvarandre på svensk, dansk og norsk

Ernæring, læring og helse

Noreg foreslo i 2010 at prosjektet Ernæring, læring og helse skulle setjast i gang under Globaliseringsinitiativet i Nordisk Ministerråd. Målet med det treårige prosjektet er å skaffe ny og sikrere kunnskap om samanhengar mellom ernæring, læring og helse for å bidra til eit betre og sunnare kosthald generelt og for å fremje læring og læringsutbytte blant barn og unge i Norden. Kunnskapsdepartementet i Noreg er ansvarleg for prosjektet som er samansett av to fasar – ein kunnskapskartleggingsfase og ein forskingsfase.

Språksamarbeidet

- Den nye organiseringa av språksamarbeidet, som vart sett i verk 1. januar 2009, har fokus på målgruppa barn og unge og styrking av språkforståinga deira. Omlegginga opnar for eit breitt samarbeid mellom fleire aktørar på språkområdet. Dei viktige sakene i 2009 var: utgreiing for 2009 til Nordisk Råd om oppfølginga av nordisk språkdeklarasjon, med landrapportar. Våren 2010 er det gjennomført ei utspørjing av eit utval som er representativt for

alle grunnskular og vidaregåande skular i landet. Det er formulert klare kompetansemål om nabospråk for fire trinn i grunnopplæringa. Utspørjinga viser likevel at nabospråkforståing ikkje vert prioritert i særleg grad i opplæringa.

- Det vart vedteke å gjennomføre ein nordisk språkkampanje i 2010 for å styrkje språkforståinga blant barn og unge i Norden, med tiltak som:
- *Norden før og nå*, ein nettstad som er utvikla av Danmarks Radio med undervisningsmateriale for barn og unge om kultur, geografi, natur, historie og språk i dei nordiske landa.
- *Den nordiske klimadagen* for alle grunnskular og vidaregåande skular 11. november har i 2010 eit innebygd språkaspekt.

Høgare utdanning

Samarbeidet innanfor høgare utdanning er i stor grad knytt til initiativa i globaliseringsprosjekta, som Nordisk masterprogram, der det er gjennomført ein ny utlysingsrunde, og prosjektet «Fremme av høgere utdanning i Norden», der arbeidet med utarbeiding av ein profileringsstrategi vert ført vidare på grunnlag av innspel frå arbeidsseminar som er haldne på nordisk basis. Det er gjennomført ein studie og etterfølgjande seminar om universitet, entreprenørskap og kommersialisering, som vil verte følgde opp vidare.

Under det islandske formannskapsåret vart det òg gjennomført ein konferanse om kvalitets-sikring av høgare utdanning i Norden. Dette er òg viktig for arbeidet som skjer i alle dei nordiske landa med etablering av system som er knytte til innføringa av eit europeisk kvalifikasjonsrammeverk for høgare utdanning.

Som ei vidareføring av arbeidet med komparative analysar av nordiske lærarutdanningar er det gjennomført ein studie for vidare diskusjon om rekrutteringsproblematikken i dei nordiske lærarutdanningane. Det er òg sett i gang ein prosess for å avklare om det kan opprettast ei felles nordisk masterutdanning innanfor lærarutdanning. Meir generelt er det greidd ut om det kan lanserast eit felles nordisk utdannings- og formidlingsinitiativ, der det er identifisert potensielle område på utdanningsfeltet som kan eigne seg for ein felles nordisk forskingsinnsats.

Forskning og innovasjon

Noreg vil medverke til vidare utvikling av det nordiske samarbeidet som ein plattform for auka internasjonalt samarbeid, både med enkeltland og

med EU. Dette vil m.a. skje gjennom ei vidare konkretisering av det nordiske forskings- og innovasjonsområdet (NORIA).

Toppforskningsinitiativet (TFI, 2009–2013) inn- anfor klima, energi og miljø er så langt det største felles forskningsinitiativet i Nordisk Ministerråd og byggjer på felles nordiske prioriteringar og finansiering. Om lag 450 millionar norske kroner går til dette tiltaket frå dei fem nordiske landa. TFI er m.a. tenkt å styrkje Norden i konkurransen om midlar frå EU-rammeprogrammet for forskning og utvikling. Ei av utfordringane i tida som kjem, blir å utvikle det strategiske potensialet i TFI overfor ERA (European Research Area). NordForsk, Nordisk innovasjonssenter og Nordisk energiforskning er sekretariatet for TFI.

TFI er sett saman av seks delprogram, som vart utlyste i 2009 og 2010:

- effektstudiar og tilpassing til klimaendringar
- energieffektivisering med nanoteknologi
- berekraftig biodrivstoff
- vekselverknaden mellom klimaendringane og kryosfæren
- integrering av storskala vindkraft
- CO₂-fangst og -lagring

NordForsk skal arbeide for å fremje eit effektivt samarbeid mellom dei nordiske landa om forskning og forskarutdanning og har i dag ein prosjektpor- tefølje med over 200 prosjekt, som omfattar vel 10 000 nordiske forskarar. NordForsk har utvikla mekanismar for felles forskningsfinansiering i Nor- den.

Som ein opptakt til FN's klimatoppmøte i Kø- benhavn i desember 2009 fikk NMR laga rappor- ten «Nordic Climate Change Research». Rappor- ten viser den internasjonale deltakinga frå dei nor- diske landa på dette feltet og har eksempel på kor- leis Norden kan støtte utviklingslanda i satsinga deira på klima.

IKT

Som plattform for erfaringsutveksling og samar- beid er det etablert eit IKT-forum som er sett saman av toppleiarar frå dei nasjonale IKT-depar- tementa. Hovudoppgåvene er erfaringsutveksling om overordna nasjonale IKT-politiske strategiar og prioriteringar, i tillegg til drøfting av eventuelle behov for felles aktivitetar og innsats på nordisk nivå. Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepar- temetet representerer Noreg i forumet. Dessu- tan er det etablert ei ekstern IKT-ekspertgruppe, som har utarbeidd ein scenariorapport om IKT- utviklinga fram mot 2020.

5.3 Miljø, medrekna tverrfagleg samarbeid

Det nordiske miljør samarbeidet er omfattande og finn stad på alle nivå frå miljøvernministrane til reine ekspertgrupper. Rammene for miljør samar- beidet følgjer av det nordiske miljøhandlingspro- grammet for 2009–2012. Hovudfokuset er sett på klima og luftforureining, biologisk mangfald, kje- mikaliar, avfall og hav og kystsoner. Miljør sektoren har òg ein eigen arktisk strategi for klima og mil- jøgifter som vert følgd aktivt opp. I tillegg er sam- arbeidet styrt av politiske initiativ og aktuelle spørsmål som til kvar tid står på den internasjo- nale dagsordenen.

Det tverrfaglege samarbeidet i miljør sektoren er i hovudsak konsentrert rundt arbeidet med be- rekraftig forbruk og produksjon, samarbeidet med finanssektoren og arbeidet med genetiske ressursar.

Hovudfokuset for det nordiske miljør samarbei- det er i særleg grad retta mot å påverke regel- verksutviklinga i EU og i andre internasjonale pro- sessar på dei prioriterte samarbeidsområda. I 2010 har miljør sektoren m.a. eit særleg fokus på den komande partskonferansen for klimakonven- sjonen (COP16) som finn stad i Mexico i novem- ber/desember i år.

Dei nordiske landa har med støtte frå Nordisk Ministerråd òg spelt ei sentral rolle i samband med at forhandlingar om eit globalt bindande re- gelverk for kvikksølv no har starta opp. Det første forhandlingsmøtet fann stad i Stockholm i juni i år.

Arbeidet med oppretting av eit naturpanel et- ter modell av det internasjonale klimapanelet er eit anna område der dei nordiske landa har innlei- dd eit tett samarbeid. Det kan òg nemnast at dei nordiske landa har starta opp eit nærare samar- beid rundt temaet «grøn økonomi».

Danmark har under formannskapen i 2010 særleg prioritert arbeidet med klima, miljø og hel- se, biologisk mangfald og berekraftig forbruk og produksjon.

5.4 Nærings-, energi- og regionalpolitikk

Næringspolitikk

Under den islandske formannskapen i 2009 vart innsatsen i det næringspolitiske samarbeidet retta mot innovasjon, konkurranseevne og konsekven- sane klimaendringane får for næringslivet. Den islandske formannskapen sette i gang arbeidet med ei oppdatert kvitbok om det nordiske innova-

sjonspolitiske samarbeidet. Med den nye kvitboka ønskte Island å kaste lys over dei utfordringane dei nordiske økonomiane står overfor etter finansuro og klimautfordringar, men òg det potensialet som ligg i globaliseringa for små opne økonomiar som dei nordiske.

Ministerrådet for nærings-, energi- og regionalpolitikk (MR-NER) vart halde i Stockholm i oktober 2009 i samband med sesjonen i Nordisk Råd. Her stod innovasjonspotensialet i Toppforskningsinitiativet for klima, energi og miljø og «eco-efficient economy» med fokus på energi i transportsektoren, i tillegg til den nordiske straummarknaden, sentralt på dagsordenen. Desse fokusområda vert vidareførte under den danske formannskapet i 2010 der det vert gjennomført globaliseringsprosjekt om energi i transportsektoren i framtida og om klimavennleg bygging. Dette er òg emne som vart løfta opp på sommarmøtet til statsministrane i mai 2010. I tillegg vert det lagt vekt på det nordiske samarbeidet om innovasjon i helsesektoren, utvikling av kreative næringar i Norden og eksport av desse næringane til fjerne marknader og nedbygging av grensehinder. Brukarstyrt innovasjon og måten marknaden og forbrukarane er med og formar innovasjonspolitikken på, har òg stått sentralt i 2009–2010. Eit forskingsprogram på dette området er etablert.

Eit fleirtal av prosjekta til MR-NER vert gjennomførte i regi av Nordisk InnovationsCenter (NICE), som er den sentrale og implementerande institusjonen for det nordiske næringspolitiske samarbeidet. Den sitjande formannskapet samarbeider alltid tett med NICE. Det næringspolitiske samarbeidet har den seinare tida sett fokus på kreative næringar og reiseliv som veksande næringar i Norden. Samarbeid på desse områda inngår som ein viktig del av strategien for å skaffe Norden eit internasjonalt fortrinn som ein energisk, kreativ og leiande region.

Som ein del av arbeidet med å fjerne og førebyggje grensehinder mellom dei nordiske økonomiane har det nordiske næringssamarbeidet fokusert på tenestehandelen som ein stadig viktigare sektor. I 2009 har NICE vidareført arbeidet med prosjekt og studiar på dette området.

Ramma om det regionalpolitiske arbeidet er det nordiske regionalpolitiske samarbeidsprogrammet (2009–2013) som vart godkjent av dei nordiske statsrådene for nærings-, energi- og regionalpolitikk i 2008. Visjonen er at Norden skal vere leiande i utviklinga av ein ny og meir kraftfull regionalpolitikk. Programmet er konsentrert om grenseoverskridande samarbeid for å fjerne grensehinder, utvikling i utkant- og byregionar og tred-

je generasjons regionalpolitikk. Arbeidet vert følgt opp av fire arbeidsgrupper. I tillegg vert det lagt vekt på å kaste lys over utfordringane i område med spreidd busetnad. Nordisk Ministerråd delfinansierer Nordregio, som utviklar vitskapleg basert kunnskap på områda regional utvikling, urbane og rurale system, demografi m.m.

I det grenseoverskridande samarbeidet vert det lagt vekt på breie strategiske tiltak som reduserer grenseregionale utfordringar og legg grunnlag for å utvikle potensialet i grenseregionane. Dei grenseregionale organisasjonane er sentrale aktørar for å redusere grensehinder og gjere mobilitet over grensene enklare. Nordisk Ministerråd gjev støtte til utvalde grenseregionale organisasjonar for at dei skal arbeide med grenseregionale prosjekt, m.a. med fokus på utvikling av næringslivsnettverk, klyngesamarbeid innanfor reiseliv, konferansar for unge om entreprenørskap og arbeid for å vareta språkleg mangfald i regionane.

I arbeidet som er retta mot nordiske byregionar, skal det utviklast kunnskap og utarbeidast innspel til ein policy for rolla til byregionane, m.a. rolla til byregionane i globaliseringsprosessen og samordning i komplekse storbyregionar.

Arbeidet med tredje generasjons regionalpolitikk skal bidra til at det regionalpolitiske samarbeidet i Norden vert utvikla som ein sentral aktør for territorial politikk og fokuserer m.a. på nordisk tolking av EU-politikken om territorielt samhoør. Ministerrådet medfinansierer fleire Interreg-prosjekt. Dette bidreg til å løfte fram Norden i høve til EU når det gjeld Austersjøregionen, Nordkalotten og dei arktiske områda.

Arbeidet for ein berekraftig distriktspolitikk fokuserer på presset frå globaliseringa på busetjinga og sysselsetjinga i perifere område. Det vert lagt vekt på utvikling i distrikta, rolla små og mellomstore byar spelar for distriktspolitikken, og rolla til distrikta i eit territorielt samhoørsperspektiv.

Utviklingspotensialet i område med spreidd busetjing vert greidd ut m.a. i forhold til reiseliv, fritidshus og kortreist mat.

Energi

Det nordiske energisamarbeidet har dei siste åra bygd på handlingsplanen for det nordiske energisamarbeidet 2006–2009. Det har vore fokus på nordisk elektrisitetsmarknad, fornybar energi, energieffektivitet, energi i område med spreidd busetjing og norden i eit globalt perspektiv. I tillegg har forskning og teknologiutvikling hatt høg prioritet på energiområdet gjennom eit nordisk

energiforskningsprogram (NEF). Under den islandske formannskapen i 2009 vart det vedteke eit handlingsprogram for det nordiske energipolitiske samarbeidet for perioden 2010–2013.

Globaliseringsinitiativet har sett ny fart i det nordiske energisamarbeidet. Spørsmål under det nye handlingsprogrammet for 2010–2013 er relevant for dette initiativet. Det er sentralt for det nordiske energisamarbeidet å bidra aktivt til utforminga av energipolitikken i Europa innanfor ramma av EU/EØS.

I den islandske formannskapsperioden i 2009 fortsette arbeidet med det nordiske handlingsprogrammet for energisamarbeidet som gjaldt for perioden 2006–2009. Det vart lagt vekt på at det nordiske energisamarbeidet skal vere ein sterk og aktiv deltakar i utforminga av energipolitikken i Norden og Europa ved å konsentrere seg om følgjande kjerneområde:

- energimarknadar
- berekraftige energisystem
- Norden i det internasjonale energisamarbeidet

Energi i transportsektoren har til no ikkje stått på dagsordenen for det nordiske samarbeidet. I det nye handlingsprogrammet er dette området innarbeidd med fokus på energieffektivitet og alternative drivstoff. Prosjektet er òg ein del av det nordiske globaliseringsinitiativet.

På bakgrunn av dei rammene for energipolitikken som blir utvikla gjennom EU/EØS, er det behov for eit nordisk samarbeid i alle fasar av utforminga av politikk og regelverk. Ei prioritering av det nordiske elektrisitetssamarbeidet er rekna som spesielt viktig. Dette vart også stadfesta under møtet mellom dei nordiske energiministrane i Stockholm i oktober 2009.

Det er eit omfattande *elektrisitetsmarknads-samarbeid mellom dei nordiske landa*. Olje- og energidepartementet er involvert i dette samarbeidet gjennom grupper under Nordisk Ministerråd. Vidare har regulatorane (NordReg) og sentralnettselskapa i Norden eit omfattande samarbeid. Utover dette samarbeider konkurransetilsyna i Norden om spørsmål i tilknytning til elektrisitetsmarknaden.

Det nordiske samarbeidet på elektrisitetsområdet har resultert i auka forsyningstryggleik, betre utnytting av dei samla nordiske kraftressursane, auka investeringar i overføringssamband mellom landa og auka transparens i marknaden. Det går òg føre seg eit arbeid i retning av ein felles nordisk sluttbrukarmarknad. Dette er viktige steg på vegen mot ein integrert nordisk kraftmarknad. Det har vore viktig å kunne einast om felles nordiske prin-

sipp for flaskehalshandtering, då dette av mange blir oppfatta som det største hinderet for vidareutvikling i den nordiske kraftmarknaden.

På ministermøtet i Stockholm i oktober 2009 vart dei nordiske energiministrane einige om å halde fram med arbeidet mot ein grenselaus og effektiv elektrisitetsmarknad. Nettplanlegging og investeringar, handtering av flaskehalsar, harmonisering av balanseansvarlege verksemdar og ein framtidig felles sluttbrukarmarknad er saker som det no vert arbeidd vidare med. Utviklinga av meir uregulerbar fornybar energi i den nordiske elektrisitetsmarknaden skapar nye utfordringar for marknaden og dei systemansvarlege.

Den nordiske elektrisitetsmarknaden står høgt på dagsordenen til dei nordiske energiministrane. Det er viktig at arbeidsplanen for den nordiske elektrisitetsmarknaden vert gjennomført i tråd med konklusjonane frå Stockholm-møtet i 2009.

Energidimensjonen ved klimapolitikken har lenge vore eit viktig tema for Nordisk Ministerråd i det førre handlingsprogrammet for perioden 2006–2009. I perioden 2010 til 2013 står temaa fornybar energi og energieffektivisering særleg høgt.

Auka satsing på fornybar energi og energieffektivisering er ein del av den energipolitiske responsen på klimautfordringa. Politikken på desse områda vert samtidig vurdert som viktig for andre energipolitiske mål i dei nordiske landa. Dei nordiske landa har ei felles interesse av å sjå på korleis dei kan innrette verkemiddelbruken og markere leiarskap på desse områda. Det er viktig i lys av at politiske prosessar globalt og i Europa får følgjer for alle landa. Dei nordiske landa konsentrerer seg difor spesielt om utvikling av rammevilkår for energieffektivisering og fornybar energi i lys av utviklinga av direktiv og nye initiativ i EU/EØS. Under den norske formannskapen i 2006 vart det etablert arbeidsgrupper innan fornybar energi og energieffektivisering. Dette arbeidet er styrkt og vidareført i 2008 og 2009, og målet er å følgje prosessane på EU/EØS-nivå. EUs energi- og klimapakke vektlegg desse områda, og det er naturleg at det nordiske energisamarbeidet følgjer med på både vedtaksprosessar og gjennomføring av aktuelle direktiv og politiske initiativ. Gjennomføring av EU-direktivet for å fremje fornybar energi står sentralt som samarbeidsområde i handlingsprogrammet for 2010–2013. Dette inkluderer arbeid som er knytt til utvikling av samarbeidsmekanismar mellom land, noko som er nedfelt i direktivet.

Dei nordiske energiministrane deltek i Baltic Sea Region Energy Co-operation (BASREC) og

underteikna i 2003 ein avtale om å etablere Austersjøregionen som forsøksområde for bruk av dei fleksible mekanismane under Kyotoprotokollen. Som ei oppfølging av avtalen vart det oppretta eit investeringsfond for implementering av fellesgjennomføringsprosjekt i regionen. Eit viktig mål er å stimulere til realisering av felles gjennomføringsprosjekt i energisektoren i Austersjøområdet. Fondet vart positivt evaluert i 2007. Dei nordiske landa er pådrivarar i BASREC-samarbeidet. I februar 2009 vart det halde eit ministermøte i BASREC-samheng med støtte frå Nordisk Ministerråd. Retninga på arbeidet har nordisk støtte, og i 2010 overtok Noreg formannskapet for BASREC.

Det vil vere sentralt å halde fram med det gode samarbeidet på energiområdet når det gjeld felles utfordringar innan EU/EØS-relaterte tema. I 2009 har det vore samarbeidd om forslaget til energimarknadspakke og forslaget til energi- og klimapakke som er under gjennomføring i EU og relevant for EØS-landa. I lys av at Kommisjonen og EU-landa er midt i ein ny diskusjon om energipolitikk, er det naturleg for dei nordiske landa å setje sterkare søkjelys på dei felles utfordringane dette inneber.

I tillegg vert det òg lagt vekt på samarbeid mot Nordvest-Russland og Austersjøområdet i den nordiske tilnærminga til det internasjonale energisamarbeidet.

Det er etablert eit velfungerande nordisk samarbeid om energiforskning. I handlingsprogrammet for energisamarbeidet 2010–2013 er målsetjinga å styrkje og utvikle konkurransekraftige kompetanse- og kunnskapsmiljø innanfor berekraftige og reine energiteknologiar og -system. Nordisk energiforskning (NEF) er ein institusjon under Nordisk Ministerråd som er lokalisert i Oslo. Institusjonen har til føremål å vidareføre og fremje det nordiske samarbeidet på energiforskningsområdet ved å leggje til rette for auka kompetanse, konkurranseevne og verdiskaping på energisektoren i Norden. NEF skal utfylle og styrkje den fellesnordiske energiforskinga.

Det er ei hovudoppgåve for NEF å bidra til ein felles strategi for forskning og utvikling på dei delane av energiområdet som er av felles nordisk interesse og støtte og utvikle FoU innanfor sentrale energifaglege tema. Det nordiske samarbeidet skal byggje på dei nordiske nasjonale føresetnadene og styrkeposisjonane. I strategien for 2010–2013 skal det fokuserast på reinare teknologiar og løysingar som til dømes vindkraft, solenergi, bioenergi, havenergi, systemløysingar og intelligente infrastrukturløysingar.

NEF bruker ulike verkemiddel for å nå desse måla:

- økonomisk støtte til FoU og kompetanseutvikling
- arenaer for etablering av forskarnettverk og informasjonsutveksling mellom forskarar, industri og styresmakter
- konkret oppfølging av forskingsprosjekt og initiativ
- kommunikasjon og spreiding av forskingsresultat

Nordisk energiforskning er samfinansiert av dei nordiske landa med ca. 29 millionar kroner årleg.

Det har i 2009–2010 vorte arbeidd med tilrettelegging av det nordiske toppforskningsprogrammet. Både fornybar energi og fangst og lagring av karbon (CCS) har her vorte prioritert som satsingsfelt innanfor FoU på energiområdet. NEF spelar ei sentral rolle i koordineringa og implementeringa av toppforskningsinitiativet på klima-, energi- og miljøområdet.

Vidare har NEF i 2010 vore sentrale i arbeidet med det nye nordiske programmet for Energi og transport, som skal bidra til å fremje Norden på området berekraftig transport. NEF gjev òg støtte til arbeidsgruppene i Nordisk Ministerråd for elektrisitetsmarknaden, fornybar energi og energi for område med spreidd busetjing.

5.5 Fiskeri og fangst

Embetskomiteen for fisk (EK Fisk) har med bistand frå arbeidsgruppa for fisk (AG fisk) ansvaret for fiskeri- og havbruksspørsmål innanfor NMR. Arbeidet tek utgangspunkt i handlingsplanen for 2009–2012 og dei årlege formannskapsprogramma. Færøyane (Danmark) har formannskapet i 2010.

Innsatsen er strategisk retta mot område av høg politisk nordisk relevans og mot å utvikle samarbeid med viktige atlantiske og internasjonale partnarar (særleg FAO). Både NORDFORSK og NiCe krev at interessene til sektoren blir meir målretta og strategisk innarbeidde i programma og porteføljane til institusjonane. Arbeidet med å innarbeide sektorinteressene på forskings- og innovasjonssida har høg prioritet.

Viktige milestolpar i 2009 har mellom anna vore:

- Ísafjörður-deklarasjonen (av 2. juli 2009) som omhandlar kva fiskeri- og havbrukssektoren har å seie for verdshandelen, saman med behovet for å fremje ansvarleg og berekraftig fiskeri og akvakultur både når det gjeld matvareforsyning og handelsmogelegheiter for utviklingslanda.

- Reforma av EUs felles fiskeripolitikk. Ministerrådet har svart på ei framstilling (5/2008) og eit skriftleg spørsmål (E3/2009) frå Nordisk Råd om reforma av den felles fiskeripolitikken i EU. I 2009 vart det arrangert nordiske konferansar om rettsbasert forvaltning, utkast og samforvaltning. Fagrapportane vart sende til Nordisk Råd og EU-kommisjonen. Den nye fiskeripolitikken i EU (CFP) var òg tema på fiskeriministtermøtet i Ísafjörður.
- Klimaeffektar på primærnæringane – hav og fiskeri – tilpassingar og tiltak. Dette programmet er ein integrert del av globaliseringsinitiativet. Nasjonalt, nordisk og internasjonalt vil forskning og overvaking av økosystemet bli viktige nordiske innsats- og samarbeidsområde for å utvikle vedtaksgrunnlag for tiltak.
- Marin innovasjon. Som ein del av programmet til den islandske formannskapen har det vorte arbeidd med å etablere samarbeidsprosjekt med kanadisk deltaking og likeins eit nordisk marint innovasjonsprogram som m.a. dekkjer fiskereiskapar, akvakultur, foredling, distribusjon og algeteknologi.

Programmet for 2010

Dei fire hovudaktivitetane som er omtalte ovanfor, vil bli vidareførte i 2010. I tillegg vil den færøyske formannskapen fokusere på følgjande tema:

- dei pelagiske fiskeressursane i Nordaustatlanteren: klimaendringar, ressurstilstand, forvaltningsregime (mellom anna ressursrenteproblematikk) og foredling,
- internasjonal havforvaltning og forvaltningsregime – miljø, skipsfart, olje, turisme/kystkultur, fiske og rekreasjon,
- rettsbasert fiske: samfunnsøkonomiske verknader knytte til allokering av fiskerettar (m.a. i samband med revisjonen av CFP),
- miljøtilpassing i fiske, mellom anna ved å utvikle nordisk samarbeid på område som energieffektivitet og miljøeffektar av reiskapsbruk, miljømerking og sporing, livssyklusanalysar (LCA), marine verneområde (MPA), effektivisering av fiskeovervaking og liknande.

5.6 Jord- og skogbruk

Globaliseringsinitiativet ligg til grunn for handlingsprogrammet for ministerrådet for fiskeri, jordbruk, næringsmiddel og skogbruk saman med strategien til Nordisk Ministerråd for berekraft. Dei årlege formannskapsprogramma skal vere

med på å oppdatere handlingsprogrammet slik at tidsaktuelle oppgåver blir prioriterte til kvar tid.

Rammeprogrammet har seks satsingsområde:

- bidra til utvikling av konkurransekraftig produksjon,
- bidra til å betre føresetnadene til dei nordiske landa i møte med klimaendringane og utfordringane med å sikre genetisk mangfald for komande generasjonar,
- støtte ei berekraftig utvikling av kyst- og innlandsbygdene i Norden og kulturen deira,
- vidareutvikle den nordiske velferdsmodellen med vekt på god folke- og dyrehelse og høg dyrevelferd,
- bidra til at felles nordiske vurderingar får gjennomslag i internasjonale prosessar og fora.

Dei nordiske landbruksministrane sette hausten 2009 fokus på den globale mattryggleiken m.a. ved felles artiklar i verdspressa. Behovet for ein auke i matproduksjonen på 70 % fram til 2050 vart klargjort saman med utfordringar knytte til forventa klimaendringar og behovet for å bevare genressursar og utvikle godt tilpassa plantemateriale til endra vekstvilkår.

Programmet «Ny nordisk mat» er blitt svært populært i dei nordiske landa. Det skapar rom og auka interesse for utvikling av lokal og regional mat og matkultur, for regional utvikling og verdiskaping og for profilering av nordisk mat og matkultur både nasjonalt og internasjonalt. Satsinga på nordisk mat blir vidareført ved eit nytt program som startar opp i 2010. Programmet skal arbeide for å styrke dei nordiske mattradisjonane og dei nordiske fortrinna i matproduksjonen. Frå norsk side legg ein stor vekt på mat til mange og kvardagsmaten, som òg skal fremje helse og velvere. Innsatsen vil bli retta mot heile verdikjeda og skal mellom anna framheve nordisk matkultur for å fremje turisme og eksport av mat. Kommunikasjon skal vere sentralt i programmet. I tillegg til hovudbodskapen skal kommunikasjon føre til rask utveksling av kunnskap og erfaringar mellom dei nordiske landa.

Programmet «Klimaeffektar på primærnæringane – tilpassingar og tiltak» er ei oppfølging under globaliseringsinitiativet. Det skal klarleggje korleis primærnæringane kan bli påverka av klimaendringane og tek utgangspunkt i nasjonale prioriteringar og nasjonale styrkeposisjonar. Programmet skal styrkje og effektivisere den samla nordiske forskinga på området. Det er sett ned ei tverrsektoriell styringsgruppe for prosjektet. Prosjektet skal strekkje seg til 2012 med sikte på vidare drøfting og nordisk tilråding det året.

Det nordiske samarbeidet om genressursar for landbruket er samordna og lagt under Nordisk genressurssenter (NordGen). Etableringa av NordGen gjer at Norden kan profilere og posisjonere seg godt i det internasjonale genressursarbeidet. Utfordringane som er knytte til genressursarbeidet, er raskt aukande både nasjonalt og internasjonalt. Det gjeld generelt for å bevare genmateriale som kan bli viktig for matproduksjonen og mattryggleiken i framtida, og det er knytt til meir spesifikke forhold som m.a. dei forventa klimaendringane som fører til at den biologiske produksjon må gå føre seg under andre vekstforhold enn no. Utviklingspotensialet i NordGen vart drøfta på ministermøtet i 2009, og ministrane noterte seg at NordGen blir stadig viktigare.

Ei arbeidsgruppe la i mai 2010 fram ein rapport om framtida for NordGen («NordGen säkrar biologisk livsgrund för nutid och framtid»). Framtida for NordGen vil bli drøfta på ministermøtet som er tillyst i november 2010 i København.

Det nye frølageret på Svalbard (Svalbard Global Seed Vault) har vore ein stor suksess og får framleis stor merksemd i verdspressa og i mange fagfora. Frøkvelvet inneheld no 526 000 ulike frøprøvar (mai 2010) frå mange land, som er deponerte for sikker langtidslagring i frøkvelvet. I frøkvelvet kan det oppbevarast duplikatarar av frøsamlingar frå andre genbankar, slik at tilsvarende frø kan hentast ut dersom katastrofar, ulykker eller anna fører til at ordinære samlingar går tapt. Frølageret på Svalbard er eit sentralt og viktig bidrag til å sikre det biologiske mangfaldet i landbruket.

Deponeringa av frø i det globale frøkvelvet på Svalbard skal vere i samsvar med nasjonalt og internasjonalt regelverk. Frøkvelvet vil ta imot frø som er gjort tilgjengelege gjennom det multilaterale systemet eller artikkel 15 i den internasjonale FAO-traktaten om plantegenetiske ressursar for mat og jordbruk (ITPGRFA), eller frø som stammar frå landet som deponerer materialet. Det er oppretta eit internasjonalt råd for frøkvelvet. NordGen har ansvaret for drifta gjennom ein eigen avtale mellom Landbruks- og matdepartementet, Global Crop Diversity Trust og NordGen.

Den 26. februar 2009 vart eittårsjubileet for det globale frøkvelvet markert med eit internasjonalt seminar på Svalbard. I ein uttale frå seminaret blir det slått fast at dagens matplantar er under press. Tap av biologisk mangfald er i dag ei av dei største utfordringane for miljø og berekraftig biologisk produksjon. Konsekvensen kan bli eit irreversibelt tap av matplantar tilpassa klimaendringar og nye plantesjukdomar, og problema med å

dekkje matbehovet til ei veksande befolkning kan auke.

Det ligg til rette for auka nordisk innsats i planteforedlingsarbeidet. Eit partnerskapsamarbeid med private og med institusjonar er under planlegging. Arbeidet er viktig for å møte behovet for eit breiare utval av plantemateriale i mat- og fôrproduksjonen i dei nordiske landa. Dette arbeidet er svært viktig når vekstvilkåra endrar seg. Det er venta at ein slik innsats vil ha svært god nordisk nytte. Det nordiske arbeidet skal tilpassast det nasjonale arbeidet i landa.

Det nordiske samarbeidet om skogbruk har politisk sett vorte viktigare i dei seinare åra. Det er svært god nordisk nytte i samarbeidet om skogbruk. I dei nordiske landa står ein ovanfor ganske like utfordringar mellom anna knytt til klimaendringar.

Selfossdeklarasjonen vart vedteken på Island i 2008 då dei nordiske skogministrane drøfta prinsipp og nye utfordringar for eit berekraftig nordisk skogbruk i framtida. Frå tidligare ligg Nørrebrodeklarasjonen føre, som særleg var retta mot fleirbruk av skog.

Selfossdeklarasjonen omhandlar skog og vasskvalitet, skogen som energikjelde, kriterium for miljømerking av biodrivstoff, skogen som middel for avgrensing av klimaendringar og klimatilpassingar av skog. Deklarasjonen går òg inn på nordisk samarbeid for genetisk tilpassing av skog og forslag til betre nordisk samarbeid om skogforskning sett i lys av utfordringar framover.

Embetsmannsgruppa for skogbruk arbeider no med oppfølging av Selfossdeklarasjonen. Forslaga som skal drøftast på ministermøtet i 2010, vil mellom anna omfatte policy-retta tilrådingar til dei nordiske strukturane i skogssamarbeidet og direkte tiltak som omfattar ulike aktivitetar som bør gjennomførast av aktuelle nordiske aktørar.

5.7 Økonomi- og finanspolitikk

Hovudmåla med det nordiske samarbeidet på det økonomiske og finansielle området er høg og berekraftig vekst i produksjon og sysselsetjing, låg arbeidsløyse og låg og stabil prisstiging. Samarbeidet skal elles fremje nordiske interesser internasjonalt. EU-saker har høg prioritet. Samarbeid og informasjonsutveksling om skattespørsmål er òg eit fast innslag på finansministtermøta. Eit anna viktig område er oppfølging av arbeidet med å avvikle grensehinder mellom dei nordiske landa.

I åra framover vil aldringa av befolkninga leggje eit aukande press på offentlege finansar. For å

møte denne demografiske utfordringa legg alle dei nordiske landa stor vekt på høg yrkesdeltaking og på å sikre berekrafta i offentlege finansar. Dette kjem til uttrykk i ein aktiv arbeidsmarknads- og sysselsetjingspolitikk, pensjonsreformer og målsetjingar om styrking av den finansielle stillinga til staten.

Nærare om viktige tiltak:

- For å motverke skatteflukt vedtok dei nordiske finansministrane i 2006 å samarbeide om å inngå *avtalar med skatteparadis om informasjonsutveksling*. Prosjektet har vore ein suksess og resultert i at alle dei nordiske landa har inngått bilaterale avtalar om informasjonsutveksling med over tjue jurisdiksjonar. Det er venta at det vert underteikna fleire avtalar i løpet av 2010. Det er vedteke å forlengje prosjektet fram til 2012. Prosjektet har fått mykje positiv internasjonal merksemd, og Norden ligg på toppen når det gjeld inngåtte avtalar med land som OECD har klassifisert som skatteparadis.
- Dei nordiske finansministrane har starta eit nytt nordisk økonomisk tidsskrift som heiter *Nordic Policy Review*. Tidsskriftet skal sjå på økonomisk-politiske spørsmål i eit nordisk perspektiv og fremje diskusjonen om slike saker i dei nordiske landa. Tidsskriftet skal kome ut to gonger i året. I samband med utgjevingane skal det haldast eit fagleg seminar om dei emna tidsskriftet tek opp. Den første utgjevinga kom i september 2010 og omhandlar emne kring konsekvensane av finanskrisa. I samband med nordisk finansministermøte 22. mars i år i København vart det halde eit seminar der artiklane vart presenterte for ein brei deltakarkrets.
- Nordisk Ministerråd utlyste i 2009 ein *priskonkurranse om innverknaden finans- og pengepolitikken har på konjunkturutviklinga*. Prispengane på til saman 250 000 danske kroner går til dei bidraga som gjev den beste utgreiinga for i kor stor grad den økonomiske politikken har bidrege til å stabilisere konjunkturane over dei siste konjunktursyklusane. Fristen for bidrag var 1. juli 2010, og bidraga skal vurderast av ein komité med representantar frå dei nordiske landa. Vinnarane vil bli kåra i løpet av hausten 2010.
- Det er gjennomført tiltak for å byggje ned *grensehinder mellom dei nordiske landa* ytterlegare, m.a. i samband med den nordiske skatteportalen som vart oppretta i 2005.
- I samband med det nordiske finansministermøtet i oktober 2008 vart det vedteke å opprette ei embetsmannsgruppe på høgt nivå som skal følgje gjennomføringa av stabiliserings-

programmet på Island og drøfte og utarbeide støttetiltak som kan medverke til å få Island ut av den økonomiske krisa. I samband med eit IMF-program for Island har dei andre nordiske landa inngått ein avtale med Island om lån på til saman om lag 1,8 milliardar euro. Utbetalingane er knytte til framdrifta for IMF-programmet. Per 1. juli 2010 var halve lånesummen utbetalt.

- Ei felles arbeidsgruppe under EK-Miljø og EK-Finans tek hand om *samarbeidet på miljøøkonomiområdet*. Gruppa er eit forum for faglege diskusjonar, og her kan dei nordiske landa dessutan koordinere førebuingane til internasjonale møte. Gruppa har avslutta fleire prosjekt i 2009 og har fleire større prosjekt under planlegging og oppstart.

Verksemda i Den nordiske investeringsbanken (NIB) i 2009

Banken er eigd av dei nordiske og baltiske landa. Banken har til oppgåve å yte investeringslån og stille garantiar på bankmessige vilkår og i samsvar med samfunnsøkonomiske omsyn til prosjekt som er av interesse for medlemslanda og andre land som tek opp slike lån. Låneaktivitetane omfattar m.a. investeringslån til verksemdar i to eller fleire medlemsland, finansiering av miljø- og infrastrukturinvesteringar, lån til regionalpolitiske kredittinstitusjonar, ordinære investeringslån utanfor Norden og prosjektinvesteringslån til kredittverdige utviklingsland og land i Sentral- og Aust-Europa. Banken hadde eit overskot på 324 millionar euro eller om lag 2,6 milliardar kroner i rekneskapsåret 2009, mot eit underskot på 281 millionar euro i 2008. Overskotet har samband med auka internasjonale renter og stigning i marknadsverdien på bankens handelsportefølje. I 2009 vart det ikkje utbetalt utbytte til eigarane.

Ved utgangen av 2009 var samla utlån og garantiar frå NIB på 13,8 milliardar euro eller 110 milliardar kroner. Av dette var utbetalingane i 2009 på 2 milliardar euro. Uteståande lån og garantiar til medlemslanda utgjorde 10,9 milliardar euro eller om lag 87 milliardar kroner. Prioriterte område er miljø, energi, transport, logistikk og kommunikasjon, i tillegg til innovasjon. Ved utgangen av året utgjorde utlånet til Noreg 17 prosent av samla utlån i banken.

Banken har eit formelt samarbeid med 38 land utanfor Norden og Baltikum. Utlån til desse landa kom i 2009 opp i eit samla beløp på 370 millionar euro, som er noko mindre enn i dei føregåande åra. I 2009 gjekk 21 prosent av tildelte lån til miljø-

prosjekt. Dei nordiske og baltiske landa har vorte samde om å utvide grunnkapitalen til NIB med 2 milliardar euro til 6,1 milliardar euro frå 1. januar 2011, på vilkår av at det vert godkjent av parlamenta.

5.8 Sosial og helse

Ny institusjonsstruktur

Som eit ledd i moderniseringa av Nordisk Ministerråd vedtok dei nordiske samarbeidsministrane i desember 2008 den endelege institusjonsstrukturen på sosial- og helseområdet. Den nye institusjonsstrukturen vart teken i bruk 1. januar 2009 og innebar etablering av ein ny institusjon på det sosiale området med namnet Nordens velferdssenter (NVC), med hovudkontor i Stockholm. NVC er ei samanslåing av Nordisk samarbeidsorgan for handikapspørsmål, Nordisk utviklingssenter for hjelpemiddel og Nordisk utdanningssenter for utvikling av sosialservice. Nordisk senter for alkohol- og narkotikaforskning og Nordisk utdanningssenter for døvblinde, som høvesvis held til i Helsingfors og i Dronninglund på Jylland, er omdanna til dotterinstitusjonar under den nye institusjonen. Den nordiske høgskulen for folkehelsevitenskap (NHV) i Göteborg består som institusjon på helseområdet, og det er lagt opp til eit utstrekt samarbeid mellom NVC og NHV.

Nordisk Institutt for Odontologiske Materialer (NIOM) er frå januar 2010 omdanna til eit nordisk samarbeidsorgan, organisert som dotterselskap under statsaksjeselskapet UniRand AS ved Universitetet i Oslo, med verknad frå januar 2010. Hovudformålet med omdanninga er å finne ei tenleg og effektiv driftsform og å oppnå synergieffekt ved tilknytninga til universitetsmiljøa, samtidig som den nordiske profilen på verksemda vert vidareutvikla. Dei nordiske samarbeidsministrane slutta seg til dette på møtet i september 2009. I samband med behandlinga av Prop. 37 S (2009–2010), jf. Innst. 89 S (2009–2010), vedtok Stortinget ei løyving til aksjekapital til etablering av NIOM AS som dotterselskap under UniRand AS. Dette inneber at Helse- og omsorgsdepartementet eig 49 % av aksjane i NIOM AS, medan UniRand AS eig 51 % av aksjane. Utleigar har sagt opp leigeavtalen i dei noverande lokala i Bærum, og planen er at institusjonen skal flytte til nærområdet til universitetet innan 1. januar 2011.

Status på samarbeidsområde

Rusområdet

Alkohol

Dei nordiske sosial- og helseministrane vedtok i 2004 ei fråsegn om samarbeid om alkoholpolitiske spørsmål i internasjonale organ. Det er særleg overfor Verdshelseorganisasjonen og EU eit slikt samarbeid er etablert. Nordisk senter for alkohol- og narkotikaforskning (NAD) har sidan 2004 utarbeidd ein årleg statusrapport for dei nordiske sosial- og helseministrane. Frå 2009 er denne oppgåva overført til NVC Finland, og på møtet i MR-S i juni 2009 vart det vedteke at den årlege alkoholpolitiske rapporteringa skulle halde fram.

Vidare knyter det seg eit kontinuerleg samarbeid til partnarskapen for helse og livskvalitet under Den nordlege dimensjonen, der det mellom anna er ei eiga ekspertgruppe om alkoholskadar. EU-kommisjonen la hausten 2006 fram ein kommunikasjon om ein alkoholpolitisk strategi for EU. Det er sett i gang eit omfattande arbeid rundt oppfølginga av tiltaka i strategien. Verdshelseforsamlinga vedtok i 2008 at det skal utarbeidast ein global strategi for å redusere skadeleg bruk av alkohol. Denne globale strategien vart vedteken på Verdshelseforsamlinga i mai 2010.

Dei nordiske landa samarbeidde nært for å medverke til at resolusjonen gjekk gjennom i helseforsamlinga. Etter vedtak på det nordiske ministerrådsmøtet i Visby i juni 2008 er det sett ned ei nordisk tenestemannsgruppe for alkoholpolitisk samarbeid til å organisere dette samarbeidet.

Narkotika

Nordisk narkotikaforum – eit uformelt nordisk samarbeid på embetsnivå – vart arrangert av den islandske formannskapet i Reykjavik 11. september 2009. Representantar frå dei nordiske landa deltok i forumet. Eit sentralt tema i møtet var korleis ein skulle følgje opp FN's høgnivåmøte om narkotika i Wien i mars 2009. Dei nordiske landa vart samde om å utarbeide ein resolusjon om førebygging mot narkotika, som blei vedtatt av FN's narkotikakommisjon i mars 2010.

Utsette born og unge

Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet vil medverke til at barneperspektivet vert vareteke gjennom det nordiske samarbeidsprogrammet på området. Det treårige samarbeidsprogrammet mellom Nordisk Ministerråd, styresmaktene i Nordvest-Russland og dei tre baltiske landa

(2006–2008) som var retta mot born med nedsett funksjonsevne og familiane deira, vart avslutta i 2008. Det er gjennomført ei rekkje aktivitetar i regi av samarbeidsprogrammet, som no vert følgt opp av styresmakter på nasjonalt, regionalt og lokalt nivå i samarbeidslanda.

Personar med nedsett funksjonsevne

Europarådet og Nordisk Ministerråd har starta eit samarbeid der målet er å betre situasjonen for personar med nedsett funksjonsevne. Under Nordisk handikappolitisk råd er det fem sektornettverk på områda bygg- og samfunnsplanlegging, utdanning, transport, kultur og arbeidsmarknad. NVC er sekretariat for desse nettverka. Frå 2009 er det oppretta eit nytt, sjette nettverk med samordning av politikken for personar med nedsett funksjonsevne som arbeidsfelt. På initiativ frå Arbeids- og inkluderingsdepartementet i Noreg finansierte Nordisk Ministerråd i 2008 ei kartlegging av innovasjon og teknologisk utvikling på hjelpemiddelområdet i Norden. Det var lagt vekt på tilhøvet mellom utvikling av hjelpemiddel og av meir universelt utforma produkt. I tillegg ville ein med tanke på det nordiske arbeidet med nedbygging av grensehinder stimulere til auka nordisk samarbeid innanfor innovasjon og teknologi, slik at ein i større grad kunne dra nytte av kvarandres erfaringar. Sluttrapporten frå januar 2009 peikar på at det går føre seg mykje relevant samarbeid på hjelpemiddelområdet i Norden, og at landa uttrykkjer ønske om og behov for at samarbeidet held fram og blir utvida. Det blei avdekt behov for sterkare koordinering på nordisk nivå for å hindre dobbeltarbeid og med sikte på å kople aktuelle nasjonale miljø til kvarandre. Den nye nordiske institusjonen NVC er rekna som ein viktig aktør i dette arbeidet.

Helseberedskapssamarbeid

Dei nordiske landa har lang tradisjon for samarbeid om helseberedskap. Den nordiske helseberedskapsavtalen frå 2002 danner den formelle ramma. Som ledd i oppfølginga av *St.meld. nr. 37 (2004–2005) Flodbølgekatastrofen i Sør-Asia* og avgjerda til utanriksministrane frå 2005 om å styrkje samarbeidet mellom dei nordiske landa ved kriser og katastrofar i utlandet, har ei arbeidsgruppe tilrådd eit formalisert samarbeid på dette området. Det samarbeidas om førebyggjande tiltak, varslings, gjennomføring av redningsarbeidet, etikk, rapportering, evaluering, kommunikasjon og informasjonsutveksling. Det vert arbeidd med

ei handbok som konkretiserer rutinar og prosedyrar for dette samarbeidet. Frå norsk side ser vi på dette som eit svært viktig samarbeidsområde.

Nordisk samarbeid om demensforskning

Dei neste 35 åra er det venta ei dobling av talet på demente i Norden. Demens er ein av dei vanlegaste mentale sjukdomane. Innbyggjarane i Norden vert stadig eldre, og fleire enn før er utsette for alderssjukdomar, samtidig som demens òg rammar stadig fleire unge. Dei nordiske landa er ofte for små potensielle marknader kvar for seg til at medisindustrien vil finansiere forsøk med nye behandlingstypar, men saman kan dei nordiske landa ha større gjennomslagskraft. Tettare nordisk samarbeid om demensomsorg og avansert demensforskning vil gje denne gruppa ein betre livskvalitet.

Det NordForsk-støtta forskarnettverket «The Nordic Network in Dementia Diagnostics» arbeider for å auke kunnskapen om årsakene til demens. Ei multidisiplinær gruppe som er sett saman av ni forskargrupper frå fem nordiske land og Litauen, samarbeider for å harmonisere diagnostiske arbeidsmetodar og bidra til ei tidlegare og betre diagnostisering av sjukdomen.

Noreg er åleine i Norden om å ha ein nasjonal plan for demensomsorg og avansert demensforskning. I regi av Demensplan 2015 er det mellom anna sett i gang eit nordisk samarbeidsprosjekt om utvikling av teknologiske hjelpemiddel for yngre personar med demens. Teknologiske hjelpemiddel kan bidra til at menneske med demens kan leve eit sjølvstendig og meningsfullt liv trass i funksjonssvikt og sjukdom.

Japansk-nordisk samarbeid for å møte omsorgsutfordringane i framtida

I eit møte mellom dei nordiske statsministrane og Japans statsminister i 1997 vart det starta eit samarbeid mellom Norden og Japan for å møte omsorgsutfordringane i framtida. Samarbeidet tek utgangspunkt i felles utfordringar med ei aldrande befolkning og byggjer på gjensidig kunnskapsutveksling om korleis landa møter omsorgsutfordringane i dag og i framtida.

Det er halde 8 seminar i perioden 1997–2009. Intensjonen for seminara er å bidra til erfaringsutveksling og gjensidig læring. Målet er at landa skal kunne dra nytte av kunnskap, modellar/verktøy og politikktutforming som deltakarane utviklar for å kunne møte utfordringane i framtida, og å identifisere felles utfordringar som landa ikkje

kan løyse åleine. Erfaringane frå seminara er at denne kunnskapsutvekslinga er viktig og gjev partane nye idear og ny kompetanse om aktuelle metodar og virkemiddel for å løyse dei felles utfordringane ein står overfor, som særleg er knytte til ein aukande aldrande befolkning.

Pandemiberedskap

Norske helsestyresmakter går for tida gjennom erfaringane med handteringa av pandemien (H1N1). Dette vert m.a. gjort gjennom eit samarbeid med dei andre nordiske landa. Her speler Helsedirektoratet, med støtte frå Folkehelseinstituttet, ei sentral rolle frå norsk side. Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap (DSB) leier den nasjonale gjennomgangen av erfaringane frå pandemien. Denne gjennomgangen omfattar både helsesektoren og andre relevante sektorar som hadde ei rolle i pandemien.

Nordisk utgreiingsprosjekt om:

Inkludering av utsette grupper i arbeidsmarknaden i dei nordiske landa

Prosjektet er sett i gang av Nordisk Ministerråd, etter eit norsk initiativ. Prosjektet inngår saman med seks andre prosjekt i eit globaliseringsinitiativ om helse og velferd som er forankra under områda sosialpolitikk og arbeidsmarknadspolitikk.

Prosjektet vil gå ut på å studere korleis dei nordiske landa inkluderer utsette og vanskelegstilte grupper på arbeidsmarknaden, m.a. med bakgrunn i den aktuelle globale økonomiske krisa. Prosjektet vil ta for seg arbeidsinkluderingspolitikken meir samla og sjå nærare på følgjande målgrupper og område:

- ungdom i risiko ved overgangen frå utdanning til arbeid
- funksjonshemma og personar med psykiske helseproblem
- seniorar

Føremålet er at dei nordiske landa kan lære av kvarandre om vellukka strategiar, verkemiddel og tiltak, for å inkludere utsette grupper i arbeidslivet, mellom anna med bakgrunn i den globale økonomiske krisa.

Prosjektet vert utført ved Nordens Velferds-senter i åra 2010–2012. Det vil bli presentert delrapportar og halde seminar og møte, undervegs i prosjektet.

Internordiske trygdespørsmål

Ei arbeidsgruppe som vart sett ned i april 2008, overleverte sommaren 2009 eit forslag til ny nordisk konvensjon om trygd til den nordiske sosialforsikringsgruppa (trygdegruppa). Den nye konvensjonen tek sikte på tilpassing til nye EU-forordningar på området og skal etter planen tre i kraft frå det tidspunktet dei nye forordningane blir ein del av EØS-avtalen. Dette er venta skje i løpet av første halvår 2011.

5.9 Arbeidsmarknad og arbeidsmiljø

Ministerrådet for arbeidsliv samarbeider framleis med utgangspunkt i samarbeidsprogrammet for perioden 2009–2012 og har på same måte som tidlegare prøvd å integrere satsinga på globaliseringsprosjekt innanfor dette samarbeidet.

Embetsmannskomiteen for arbeidsliv (EK-A) har i 2009 trekt opp rammene for to globaliseringsprosjekt som er godkjende av samarbeidsministrane innanfor programmet Helse og velferd. Det eine prosjektet vil ta for seg tema knytte til rekruttering av utanlandsk arbeidskraft, arbeidsmiljøet for innvandrarar og tilknytning til arbeidsmarknadene i Norden. Det andre prosjektet tek opp spørsmål om korleis ein kan styrkje utsiktene for at dei nordiske landa får utbytte av nye økonomiske vekstområde.

EK-A har gjeve sine to fagutval – arbeidsmarknadsutvalet og arbeidsmiljøutvalet – i oppgåve å vidareutvikle og gjennomføre prosjekta. Dei vert lagde opp i to trinn. I første halvår 2010 vert det gjennomført forprosjekt slik at utvala deretter får betre grunnlag for å definere aktuelle forskningstema og utforme dei konkrete prosjektutlysingane. Prosjekta er planlagt gjennomførte i perioden 2010–2012.

Den islandske formannskapet for ministerrådet for arbeidsliv i 2009 følgde opp linja til den føregåande svenske formannskapet med å knyte det nordiske samarbeidet nærare EU-arbeidet som går føre seg innanfor arbeidsmarknads-, arbeidsmiljø- og arbeidsrettsområdet. Arbeidsministrane inviterte EU-kommissæren på feltet til eit møte om problemstillingar knytte til kompetanseutvikling hos arbeidskrafta og framtidig kompetansebehov i arbeidslivet. Partane i arbeidslivet deltok òg.

På sjølve ministermøtet drøfta arbeidsministrane finanskrisa og konsekvensane ho får for selskaping og arbeidsløyse. Fokus var særskilt retta mot situasjonen for ungdom.

Ministrane vedtok å setje i verk ei kartlegging av tiltaka landa har gjennomført for å motverke den auka arbeidsløysa blant ungdom, og samtidig sjå på kva tiltak som vert sette inn overfor gruppa med tanke på mangelen på arbeidskraft i framtida.

Informasjonsarbeidet i sektoren er lagt om ved at ein har gått bort frå det tidlegare papirbaserte tidsskriftet og over til å gje ut elektroniske nyheitsbrev og artiklar.

5.10 Ernæring og mattryggleik

Ministerrådet for fiskeri, havbruk, jordbruk, næringsmiddel og skogbruk (MR-FJLS) og ministerrådet for sosial- og helsepolitikk (MR-S) vedtok i juli 2006 ein nordisk handlingsplan for betre helse og livskvalitet gjennom mat og fysisk aktivitet. Som eit ledd i oppfølginga av planen vart det i 2009 gjennomført eit pilotprosjekt for felles nordisk overvaking av kosthald, fysisk aktivitet og overvekt. Med utgangspunkt i handlingsplanen er det òg etablert eit nordisk nettverk for fysisk aktivitet, mat og helse i regi av Helsedirektoratet, Statens folkhälsoinstitut og Sundhedsstyrelsen. Nettverket omfattar òg regionalt nivå i dei tre landa og skal samarbeide ut 2010. På sommarmøtet i MR-FJLS 2009 vart det lagt fram ein statusrapport for handlingsplanen. Våren 2010 kom det inn ein søknad under dette arbeidet om eit prosjekt om friluftsliv og helse. Kombinasjonen av fysisk aktivitet og naturopplevingar har eit stort potensial som helsefremjande aktivitet.

Noreg, Sverige og Danmark har no innført den felles nordiske ernæringsmerkeordninga «Nøkkelholet» som ei felles frivillig merkeordning for sunne matvarer. Det er utarbeidd felles kriterium for bruk av ordninga, og det er sett i gang prosjekt for å undersøkje verknadene av merkeordninga.

Det felles veterinære beredskapssamarbeidet i Norden har framleis høg prioritet. Målsetjinga er å styrkje beredskapen i dei nordiske og baltiske landa på dyrehelseområdet, mellom anna i form av felles strategiar mot sjukdomar, felles opplæring og felles bruk av ressursar og utstyr. Som ei oppfølging av resolusjonen om dyrevelferd og matkvalitet som blei vedteken på møtet i MR-FJLS sommaren 2008, er det etablert eit nordisk nettverk for dyrevelferd. Nettverket skal bidra til å styrkje det nordiske samarbeidet for i størst mogeleg grad å skape ei felles nordisk haldning på området og dermed større gjennomslagskraft i internasjonale forum der dyrevelferd er tema. Det er òg etablert eit nordisk nettverk som skal drøfte

EUs dyrehelsestrategi (CAHP) for å identifisere og drøfte felles nordiske interesseområde i dyrehelsestrategien.

I det nordiske klimasamarbeidet blir beredskap mot nye plante- og dyresjukdomar ei viktig utfordring i åra som kjem.

5.11 Likestilling

Under formannskapa i 2008 og 2009 vart intensjonane i det femårige samarbeidsprogrammet for perioden 2006–2010, «Med fokus på kjønn er målet eit likestilt samfunn», følgde opp. Ministerrådet for likestilling (MR-JAM) vedtok i 2007 kjerneoppgåvene for ministerrådet. Vedtaket har betra prioriteringa av innhaldet i det nordiske likestillingspolitiske samarbeidet, mellom anna sett i lys av erklæringa frå møtet mellom dei nordiske statsministrane i Punkaharja i 2007 og riksgrensedeklarasjonen frå 2008 om globalisering. Det opnar òg for eit vidare nordisk-baltisk samarbeid (NB8) og samarbeid på internasjonale arenaer i Europa og FN. Eit nytt fireårig samarbeidsprogram for perioden 2011–2014 er no under utarbeiding.

Ministerrådet for likestilling har tidlegare vedteke at Nordisk institutt for kvinne- og kjønnsforskning (NIKK) skal fortsetje som nordisk institusjon ut ein ny kontraktsperiode til 2011. Ei ny vurdering av statusen til NIKK er i gang og skal sluttførast i 2010.

Grunnlaget for ei eventuell ny organisering vil dermed liggje føre før den inneverande kontraktsperioden går ut og det skal vedtakast eit nytt samarbeidsprogram.

5.12 Justissektoren

Det nordiske lovsamarbeidet har på grunnlag av Helsingforsavtalen frå 1962 til mål å skape mest mogeleg einsarta lovgjeving i dei nordiske landa. Samarbeidet blir drive fram gjennom kontinuerleg innsats for å utveksle informasjon og erfaringar om lovgjevingsarbeid og å tilpasse og revidere lovgjevinga med sikte på størst mogeleg samanfall. Under Sveriges formannskap i Nordisk Ministerråd var ei av prioriteringane å fremje nordisk rettslikskap i samband med gjennomføringa av fellesskapsrettsakter, mellom anna rettsakter omfatta av EØS-avtalen, i nasjonal rett. Som ledd i dette arbeidet utarbeidde dei nordiske justisdepartementa i 2008 ein promemoria som gjer greie for korleis og i kva samanhengar det vert samarbeidd

for å få til like reglar i Norden. Promemoriaen er sendt alle departementa i dei nordiske landa. Hel-singforsavtalen og verdet av nordisk rettseining blei òg tekne opp på Forum for lovteknikk og lov-førebuing våren 2010, jf. under punkt 2.2. ovanfor.

Også når det gjeld utlevering av lovflyttrar, er det eit tett samarbeid mellom dei nordiske landa. Utlevering av lovflyttrar mellom dei nordiske landa er i dag regulert av felles nordisk lovgjeving. Dei nordiske statane underteikna 15. desember 2005 ein konvensjon om nordisk arrestordre, som inneber at gjeldande fellesnordisk utleveringsordning skal erstattast av eit nytt og meir effektivt system for overlevering av personar som er sikta eller domfelte i eit nordisk land. Avtalen er gjennomført i norsk rett ved lov av 19. september 2008 om pågripelse og overlevering mellom de nordiske stater på grunn av straffbare forhold (lov om nordisk arrestordre). Lova er førebels ikkje sett i kraft.

Det nordiske politisamarbeidet er under utvikling og vert til ein viss grad påverka av prosessar og initiativ i EU. Det er ein naturleg konsekvens av at tre av dei nordiske landa er medlem i EU, medan Island og Noreg står utanfor. Mellom anna vil den såkalla Prüm-avtalen, som no er ein del av EU-regelverket, vere grunnlaget for nye tiltak innan nordisk politisamarbeid.

Som følgje av dette vert det arbeidd med ein nordisk avtale om såkalla samtenestegjering for politiet, det vil seie at styrkar frå to eller fleire nordiske land i samsvar med avtalte prosedyrar skal kunne tenestegjere saman på eitt lands territorium. Det er berre aktuelt i ordensteneste for å førebyggje straffbare forhold og ordensforstyringar under større arrangement med stor publikumstilstrøyming eller i samband med trafikkteneste i grenseområde.

Det nordiske politisamarbeidet er i aukande grad prega av at dei baltiske landa og andre land som grenser til Austersjøen, vert trekte med i det tette operative samarbeidet som er etablert mellom dei nordiske landa. Til dømes involverer det nordiske politi- og tollsamarbeidet (PTN) i aukande grad òg andre austersjøland i konkrete politi- og tollsaker, og gjennom Austersjørådets Task Force on Organised Crime (BSTF) vil det operative samarbeid i aukande grad òg involvere Russland. Austersjørådet fornya på toppmøtet i juni i år mandatet til BSTF fram til og med 2016.

Det er aukande politisk merksemd om nordisk samarbeid på samfunnstryggleiks- og beredskapsområdet. For første gang vart det i april 2009 halde eit ministermøte mellom ministrar med ansvar for samfunnstryggleik og beredskap i Norden. Eit felles og overgripande mål er å førebyggje og

avgrense konsekvensar av større ulykker, naturkatastrofar og andre samfunnskriser. Det går fram av ei felles erklæring frå møtet (Haga-erklæringa) at dei nordiske landa i fellesskap skal undersøkje og konkretisere eit samarbeid innanfor redningsteneste, øving og utdanning, beredskap mot masseødeleggingsmiddel (CBRN), krisekommunikasjon med publikum, bruk av frivillige og forskning og utvikling. Justisministeren var i desember 2009 vertskap for eit nytt møte mellom nordiske ministrar med ansvar for samfunnstryggleik og beredskap. På dette møtet vart ministrane samde om at det nordiske samarbeidet skal styrkast ytterlegare ved prosjekt om brannførebyggjande tiltak og potensialet for kapasitetsstøtte i samband med store arrangement i dei nordiske landa. Det er planlagt at det skal haldast jamlege nordiske ministermøte om samfunnstryggleik og beredskap. Oppfølginga av ministermøta vert koordinert av eit eige sekretariat (Nordisk møteforum) der alle dei nordiske landa deltek. Det konkrete oppfølgingsarbeidet frå norsk side skjer i hovudsak på direktoratsnivå.

Rapporten frå Thorvald Stoltenberg om framtidig nordisk utanriks- og tryggingsspolitisk samarbeid frå 2009 har òg bidrege til auka merksemd om nordisk samarbeid på samfunnstryggleiks- og beredskapsområdet.

Noreg har sidan juni 2009 hatt formannskapet i det nordiske redningstenestesamarbeidet NORDRED. NORDRED byggjer på ein rammeavtale mellom Danmark, Finland, Sverige, Island og Noreg frå 1989 om samarbeid over territorialgrensene for å hindre eller avgrense skader på menneske, eigedom eller miljøet ved ulukker. Avtalen skal komplettere andre nordiske multilaterale eller bilaterale avtalar på området. Noreg vil i formannskapsperioden sin følgje opp avgjerda frå ministermøtet i april 2009 om at det skal vurderast alternativ for vidareutvikling av NORDRED-arbeidet, mellom anna spørsmålet om dette arbeidet kan utvidast til å omfatte samfunnstryggleik og beredskap i vidare forstand.

Med bakgrunn i Stoltenberg-rapporten, Haga-erklæringa og NORDREDs arbeid har det vorte oppretta eit nordisk prosjekt, EU Cross Border, med økonomisk støtte frå EU. Føremålet er å forsterke det nordiske grenseoverskridande operasjonelle arbeidet knytt til redning og beredskap.

Nordisk fellesoperasjon på Haiti

Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap deltek i oppretting og drift av ein fellesnordisk leir for innkvartering av FN-hjelppearbeidarar i Haiti. Oppdraget blir no forlenga og utvida. Etter jord-

skjelvkatastrofen sende Direktoratet òg ein deltakar til FN's katastrofevurderingsteam, UNDAC, og ein IKT-ekspert frå Norwegian UNDAC Support for å assistere UNDAC-teamet. Den fellesnordiske innkvarteringsleiren for hjelpearbeidarar på Haiti er den største nordiske fellesoperasjonen som er gjort innanfor dette feltet. Den norske deltakinga skjer med ekstraløyvingar frå UD på 13 millionar kroner.

I første omgang vart det planlagt med ein kapasitet på innkvartering av 200 hjelpearbeidarar og drift fram til 1. mai. Seinare vart leiren utvida til 300 plassar, og det blir no arbeidd med planar for ytterlegare auking av kapasiteten til 400. Parallelt med dette vart oppdraget forlenga først til 1. august, og så til 1. oktober. Seinare vil materiellet bli overlate til lokale styresmakter eller Verdas matvareprogram (WFP).

Det er WFP som har bede dei nordiske landa om å opprette ein innkvarteringsleir for hjelpearbeidarar. Etablering og drift av leiren skjer gjennom eit samarbeid innanfor International Humanitarian Partnership (IHP), der DSB er norsk medlem. Oppdraget vert løyst ved å setje saman materiell frå svenske, danske, finske, estiske og norske beredskapsleirar. Ei slik løysing har tidlegare vore nytta under øvingar.

5.13 Flyktningar og migrasjon

Nordisk samrådsgruppe på høgt nivå for flyktningsspørsmål (NSHF) er eit uformelt diskusjonsforum for flyktning-, innvandrings- og integreringsspørsmål. Justisdepartementet har hovudansvaret for denne gruppa på norsk side. Det vert arrangert eitt årleg ministermøte og to årlege møte på embetsnivå. Det finst for tida tre arbeidsgrupper under NSHF; ei om retur og tilbakevending, ei om gjenbusetjing og ei om arbeidsinnvandring. Arbeidsgruppene har møte 1-2 gonger i året.

Det nordiske samarbeidet er viktig for norske innvandringsstyresmakter. Det gjev ikkje berre ei opning for å diskutere problemstillingar som er av felles interesse for dei nordiske landa, men byr i tillegg på uformell informasjon om møte og prosessar i EU som Noreg elles ikkje har tilgang til.

Formannskapet i NSHF går på omgang mellom dei nordiske landa, og kvar formannskap utarbeider eit program over tema som det er ønske om å diskutere på ministermøtet og embetsmannsmøta. Finland har hatt formannskapet frå juli 2009. Det vart halde eit kombinert embetsmanns- og ministermøte i Finland første veka i juli 2010. Sverige overtek deretter formannskapet fram til juli 2011.

I Nordisk utlendingsutval deltek representantar for utlendingsdirektorata og visumstyresmaktene i dei nordiske landa. Gruppa har bakgrunn i den nordiske passkontrollavtalen og skal ta opp praktiske spørsmål av felles nordisk interesse, til dømes om behandling av visumsaker. Utlendingsdirektoratet (UDI) har hovudansvaret på norsk side. Gruppa har bakgrunn i den nordiske passkontrollavtalen og skal ta opp praktiske spørsmål av felles nordisk interesse, til dømes om behandling av visumsaker. Ansvar for møta i Nordisk utlendingsutval går på omgang mellom dei nordiske landa.

Nordisk samarbeid på statsborgarskapsfeltet.

Dei nordiske landa har eit pågåande samarbeid på statsborgarskapsfeltet. Nordisk embetsmannsmøte om statsborgarskap blir halde ein gong i året i eit av dei nordiske landa. Gruppa hadde møte i København 5. oktober 2009. Neste møte haldast i Oslo 4. oktober 2010.

Tema på møta er informasjon om regel- eller praksisendringar på statsborgarskapsfeltet. Eit sentralt tema er også Nordisk avtale om gjennomføring av visse bestemmingar om statsborgarskap. Den nordiske avtala fremmer krav til dei nordiske landas nasjonale reglar for oppnåing av statsborgarskap for nordiske borgarar frå eit anna nordisk land. Avtala avgjer og at butid i eit land i visse høve skal medreknast som butid i eit anna land. Gjeldande avtale er datera 14. januar 2002, men det er no forhandla fram ei revidera avtale om statsborgarskap. Noreg leda arbeidsgruppa, som var samansett av representantar frå fagdepartement i dei nordiske landa. Avtalen planleggjast underteikna i København i haust.

5.14 Administrasjon og forvaltning

Dei sentrale statlege arbeidsgjevarorganisasjonane i dei nordiske landa har i mange år hatt eit nært samarbeid. Det går føre seg gjennom ein statleg arbeidsgjevarkonferanse for alle dei nordiske landa. Konferansen vert arrangert annakvart år, sist hausten 2008 i Sverige. I 2010 skal konferansen haldast i Finland. I tillegg blir det mellom konferansane samarbeidd i grupper som er etablerte på ulike personalpolitiske område.

Det er etablert eit nordisk løns- og personalutval som består av leiande representantar for den statlege arbeidsgjevarsida i Norden. Utvalet er eit rådgjevande organ for Nordisk Ministerråd (samarbeidsministrane) og Nordisk Råds presidium i løns- og personalspørsmål.

I Nordisk forvaltningspolitisk forum har departementa i dei nordiske landa med ansvar for forvaltningspolitikk jamlege møte for å utveksle erfaringar og diskutere aktuelle saker. Leiinga av forumet følgjer formannskapet i Nordisk Ministerråd. Møtet for 2010 vart halde i København 6. og 7. mai 2010.

Dei nordiske konkurransestyresmaktene har eit nært samarbeid i form av møte, pågåande nasjonale saker og gjennom nordiske prosjekt. Konkurransestyresmaktene samarbeider òg til dels om utvikling av konkurransereglar i EU/EØS og andre internasjonale fora.

Det blir halde nordisk plenums møte kvart år i august/september, med deltakarar frå Danmark, Finland, Færøyane, Grønland, Island, Noreg og Sverige. I år vart plenums møtet halde i Stockholm. Hovudtema var daglegvaremarknadene, oppfølging av vedtak frå konkurransestyresmaktene og offentleg innkjøpssamarbeid. Det skal leggjast fram ein felles rapport om grøn vekst og konkurranse (Green Growth).

Det vert halde årlege møte der direktørane for konkurransetilsyna trekkjer opp linjene for det nordiske samarbeidet. Det vert òg halde årlege samarbeidsmøte for juridiske direktørar / sjefsjuristar og sjefsøkonomar, i tillegg til møte i ei nordisk kartellgruppe.

Statsbygg deltek i eit samarbeid mellom dei ulike statlege byggherrane og eigedomsforvaltarane i Norden. Tema som har vorte drøfta i den seinare tida, er mellom anna organisering av den statlege byggje- og eigedomsverksemda, bruk av bygningsinformasjonsmodellar (BIM) og utvikling av internasjonale standardar for desse, uvissestyring, forvaltning av kulturhistoriske eigedomar og kulturmiljø og universell utforming.

I tillegg er det oppretta ei nordisk arbeidsgruppe som skal samarbeide om energispørsmål og energibruk.

Det er òg etablert eit eige nordisk kontaktutval for utanlandseigedomar i nært samarbeid med utanrikstenesta i dei nordiske landa. I dette kontaktutvalet vert det utveksla erfaringar med bygging og forvaltning av utanlandseigedommane, mellom anna eventuell samlokalisering av ambassadar for dei nordiske landa, tryggleik, miljø- og energispørsmål og etikk m.v.

5.15 Barn og ungdom

Nordisk Ministerråds strategi for barn og unge i Norden frå 2010 er retningsgjevande for den samla aktiviteten ministerrådet driv overfor barn

og unge. Ansvar for dei ulike sektorane har for å vareta eit barne- og ungdomsperspektiv, er understreka i strategien. Med bakgrunn i strategien utarbeider Nordisk barne- og ungdomskomite (NORDBUK) ein handlingsplan. I NORDBUKs handlingsplan for perioden 2010–2013 er det mellom anna sentralt å styrkje arbeidet på tvers av sektorane og inkludere globaliseringsperspektivet i arbeidet. NORDBUK rapporterer til dei nordiske samarbeidsministrane om arbeidet i dei ulike sektorane. NORDBUK arbeider i hovudsak med å leggje til rette for eigenorganisering og nordisk samarbeid blant unge, stimulere til nye metodar for unges deltaking og innverknad i demokratiske prosessar, kulturelt mangfald, menneskerettar, internasjonalt samarbeid og koordinering av barne- og ungdomsforskning. NORDBUK har ei støtteordning til ungdomsarbeid retta mot organisasjonar og ungdomsmiljø. Målet med denne ordninga er å styrkje barn og unges deltaking i aktivitetar som dreier seg om kulturelle, politiske og sosiale spørsmål i Norden.

Generelt vil det vere eit gjennomgåande tema i NORDBUKs arbeid i 2010 å styrkje plassen barn og unge har i globaliseringsinitiativa, mellom anna gjennom websida Norden før og nu, som utgjer eit unikt materiale til bruk for undervisning i skandinaviske språk. Websida er utvikla i samarbeid med NMRs webredaksjon og dei nordiske public service-stasjonane representert ved Danmarks Radio. I tillegg har NORDBUK i 2009, i samband med 20-årsjubileet for FNs barnekonvensjon, gjeve ut ein publikasjon med modellar for barns medverknad. Publikasjonen vert oversett til finsk, islandsk og engelsk. Arbeidet med «Menneskebiblioteket», eit prosjekt som på ein konkret måte demonstrerer kva menneskerettar omhandlar, fortset i samarbeid med mellom andre Europarådet.

Dei nordiske landa samarbeider om å handtere internasjonale barnebortføringar. Årleg vert det halde uformelle samarbeidsmøte mellom representantar frå dei nordiske landa for å diskutere både generelle problemstillingar og konkrete saker. Hausten 2009 fann møtet stad i København.

5.16 Frivillig sektor

Omfanget av frivillig organisering og frivillig innsats i Noreg er svært høgt i internasjonal samanheng. Det lokale foreiningslivet og den aktive deltakinga er svært utbreidd og viser at frivillige organisasjonar er ein større og viktigare del av sivilsamfunnet i Noreg enn i dei fleste andre land.

Over halvparten av alt frivillig arbeid i Noreg finn stad i kultur- og fritidsorganisasjonar. Ei særleg utfordring er at sosiale forskjellar pregar organisasjonsdeltakinga; jo høgare inntekt og utdanning, desto fleire medlemskapar per individ.

For å styrkje kunnskapen om sivilsamfunn og frivillig sektor vart det etablert eit 3–5-årig forskingsprogram, Senter for forskning på sivilsamfunn og frivillig sektor, i 2008. Forskingsprosjekta er nærare omtalte på www.sivilsamfunn.no.

Regjeringa støttar aktivt opp under utviklinga av eit levande sivilsamfunn gjennom eit nært samspel med frivillige organisasjonar og ved å støtte og leggje til rette for frivillig engasjement. Betre rammevilkår for frivillig sektor, gjennom auka satsing og auka løyvingar, er kjernepunkt i politikken for det frivillige arbeidet. Den nye ordninga med momskompensasjon tok til å gjelde i januar 2010. Ordninga for meirverdiavgiftskompensasjon til frivillige organisasjonar skal kompensere for kostnadane desse organisasjonane har til meirverdiavgift på varer og tenester.

5.17 Forbrukarpolitikk

I samband med at ministerrådet for forbrukarspørsmål vart lagt ned frå 1. januar 2006, vedtok forbrukarministrane å vidareføre samarbeidet på uformelt plan og å etablere embetsmannsgruppa for nordisk samarbeid på forbrukarområdet (NordKons), samansett av medlemene i det tidlegare EK-Konsument.

Samarbeidet i NordKons var i 2009 avgrensa til informasjons- og erfaringsutveksling.

I tillegg deltok Noreg i eit samarbeid mellom nordiske land og Estland om eit måldokument for forbrukarundervisning (ferdig utarbeidd oktober 2009), og i eit arbeid for å fremje nettverksbygging og relevant prosjektarbeid mellom aktørar i Norden som er opptekne av forbrukarspørsmål.

5.18 Samferdsel

Etter at den nye ministerrådsstrukturen tredde i kraft 1. januar 2006, er ikkje lenger transportsektoren ein del av det formaliserte nordiske regjeringssamarbeidet. På det nordiske transportministtermøtet i august 2005 i Vejle vart det vedteke å vidareføre transportsamarbeidet utanfor ramma av Nordisk Ministerråd. Det var brei semje om at eit vidare samarbeid er viktig for å diskutere aktuelle transportpolitiske problemstillingar og for å

bevare det gode nettverket som er etablert mellom dei nordiske landa.

Det nordiske regjeringssamarbeidet på transportsektoren legg vekt på å fremje effektiv, konkurransekraftig, sikker og miljøvennleg transport og trafikk i Norden og nærområda. Det er særleg fokusert på område der landa har felles problemstillingar. I tillegg vert det lagt vekt på at samarbeidet skal fremje den politiske debatten og vere eit forum for erfaringsutveksling. Samarbeidet har medverka til ei positiv utvikling i dei nordiske landa.

EU/EØS-spørsmål har fått stadig større merksemd, og samarbeidet her har mellom anna teke sikte på å påverke transportpolitikken i EU i retning av den nordlege dimensjonen. Dei seinare åra har det vore lagt vekt på samarbeid med dei baltiske landa. Innanfor ramma av den noverande samarbeidsmodellen skal det haldast eit årleg sommarmøte mellom dei nordisk-baltiske transportministrane. Ordninga frå dei seinare åra der dei nordiske transportministrane møtest før råds-møta i EU, blir vidareført.

Litauen skal arrangere årets transportministtermøte, truleg i september 2010. Hovudtema på møtet blir EU-strategien for Austersjøsamrådet, forslaget til reviderte TEN-T-retningslinjer og samarbeid på området intelligente transportsystem innanfor vegtransport (ITS).

5.19 Samar og nasjonale minoritetar

Ministrane med ansvar for samiske saker i Finland, Noreg og Sverige og sametingspresidentane i dei respektive landa etablerte i 2000 eit fast samarbeid for regelmessig orientering, drøfting og behandling av samiske spørsmål av felles interesse. Målsetjinga med samarbeidet er å styrkje og utvikle språk, kultur, næringar og samfunnsliv hos det samiske folket. Samarbeidet har uformell, men nær tilknytning til Nordisk Ministerråd.

Regjeringane og sametinga vil vidareføre arbeidet med sikte på å etablere ein nordisk samekonvensjon. Arbeidet vert organisert gjennom det nordiske samarbeidet om samiske saker. Drøftingane om organiseringa av eit eventuelt forhandlingsopplegg er framleis i gang. Konvensjonsutkastet er utarbeidd av ei nordisk ekspertgruppe på bakgrunn av dei internasjonale instrumenta dei tre landa er bundne av, og tek utgangspunkt i at samane er urfolk i Finland, Sverige og Noreg.

Under fellesmøtet til hausten mellom same-tingspresidentane og ministrane med ansvar for samiske saker vil saker som er viktige for samisk

grenseoverskridande samarbeid, verte drøfta. Det vil òg bli utdeling av Nordisk samisk språkpris – Gollegiella. Prisen vert delt ut annakvart år og har som føremål å bidra til å fremje, utvikle og bevare det samiske språket i Noreg, Sverige, Finland og Russland.

Samisk parlamentarisk råd (SPR) er det parlamentariske samarbeidsorganet mellom sametinga i Finland, Noreg og Sverige. Samane i Russland har permanent deltaking i rådet. SPR varetek dei samiske interessene internasjonalt og på tvers av landegrensene.

Regjeringa ser på rådet som eit viktig organ både for utviklinga av det nordiske samarbeidet og i internasjonale samanhengar for eit styrkt samarbeid urfolk imellom og mellom urfolk og styresmakter. Samekonferansen og Samerådet har spelt ei viktig rolle i den samepolitiske utviklinga sidan dei vart oppretta etter andre verdskrigen, og har framleis stor betyding. Samerådet er samansett av samiske hovudorganisasjonar i Finland, Noreg, Sverige og Russland som møtest kvart fjerde år til Samekonferansen.

Nordisk arbeidsgruppe for nasjonale minoritetar vart oppretta på embetsmannsnivå mellom dei departementa i Sverige, Finland og Noreg som har ansvaret for gjennomføringa i av Europarådets rammekonvensjon om vern av nasjonale minoritetar og europarådpakta for region- og minoritetspråk. Arbeidsgruppa er eit viktig forum for å førebu rapporteringa til Europarådet om gjennomføringa. Gruppa møtest ein gong i året. I 2008 tok Noreg initiativ til ein samanliknande studie av gjennomføringa i dei tre landa av rammekonvensjonen og språkpakta. Studien vert utført av Senter for menneskerettar i Oslo og skal vere ferdig i 2010.

Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet

t i l r å r :

Tilråding frå Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet av 24. september 2010 om Nordisk samarbeid blir send Stortinget.

Vedlegg 1**Samanstilling av budsjetta for 2011 og 2010
(2010-priser, i tusen danske kroner):**

	Budsjett 2011	Budsjett 2010	Endr.
Kultur	163 496	163 484	0,0 %
Fiskeri, jord, skog og næringsmiddel	34 982	35 335	-1,0 %
Likestilling	8 022	8 103	-1,0 %
Utdanning, forskning	213 529	215 686	-1,0 %
Sosialpolitikk	35 627	35 987	-1,0 %
Næring, energi og regional	106 233	107 306	-1,0 %
Miljø	42 938	43 372	-1,0 %
Arbeidsliv	12 967	13 098	-1,0 %
Finanspolitikk	1 755	1 773	-1,0 %
Lov	1 341	1 355	-1,0 %
Nabopolitikk	91 395	95 624	-4,4 %
NMRS	75 830	73 632	3,0 %
NMRs fellesaktiviteter	37 240	37 369	-0,3 %
Globaliseringsinitiativ	71 000	67 123	5,8 %
Totalt	896 355	899 247	-0,3

Vedlegg 2

Utdrag frå oversikt over globaliseringsinitiativ

Utarbeidd av Nordisk Ministerråds sekretariat til statsministranes møte 2010

1 Globaliseringsforum

Føremålet med initiativet

Å finne felles nordiske svar på sjansane og utfordringane som globaliseringa fører med seg, med deltaking frå dei nordiske statsministrane og andre inviterte deltakarar frå næringslivet, forskning, politikk og frivillige organisasjonar.

Mandatperiode

Forumet er eit årleg arrangement der det ikkje er fastsett noko sluttidspunkt.

Status for initiativet

Det nordiske globaliseringsforumet har utvikla seg til eit årleg arrangement der dei nordiske statsministrane møtest i uformelle former til drøftingar saman med deltakarane om det nordiske samarbeidet i framtida. Dette har gjeve ny kraft og nytt fokus til det nordiske samarbeidet og ikkje minst til globaliseringsarbeidet. Globaliseringsforumet har òg fungert som ein katalysator for å gje støtte til gjennomføringa av ulike initiativ, t.d. det nordiske toppforskningsinitiativet.

Viktige delar av nordiske medium, saman med ein del internasjonale medium, har vore til stades og rapportert frå forumet, slik at Norden har vorte meir synleg i media.

2 Nordisk toppforskning

Føremålet med initiativet

Å utvikle eit overordna initiativ for å fremje nordisk toppforskning, i første omgang på områda klima, energi og miljø og seinare innanfor velferdsforskning og helse.

Mandatperiode

2008–2012.

Status for initiativet

Toppforskningsinitiativet (TFI) starta arbeidet sitt i 2009. Det er ein inkluderande og effektiv organisasjon som har vorte oppretta. Det er etablert eit styre som er sett saman av nasjonale nøkkelaktørar på høgt nivå under leiing av styreformannen, generaldirektør Rolf Annerberg (Sverige). Dei seks programkomiteane for dei ulike delprogramma er oppretta, og dei samlar og integrerer om lag 100 nasjonale ekspertar innanfor forskning og innovasjon. Dei tre nordiske institusjonane NordForsk, Nordisk InnovationsCenter (NICE) og Nordisk energiforskning (NEF) utgjer til saman eit integrert og velfungerande sekretariat. Den samla organisasjonen sameinar innovasjon og forskning og skapar heilt nye føresetnader for eit markant nordisk bidrag til å løyse store samfunnsutfordringar.

Alle delprogramma har offentleggjort utlysingar i 2009 eller i byrjinga av 2010.

Initiativet er presentert i høgnivågruppa i EU for felles programplanlegging (GPC) under CREST som ein kandidat til felles programinitiativ (JPI). Evalueringa av initiativet som ein plattform mot omverda held fram, mellom anna mot EUs Austersjøstrategi. Arbeidet og strategiane i initiativet vert utvikla i samanheng med det 7. rammeprogrammet for forskning i EU og andre relevante forskings- og innovasjonspolitiske instrument i EU.

3 Innovasjonsrepresentasjon i Asia

Føremålet med initiativet

Innsatsen skal fremje tilgangen for nordiske aktørar til globalt førande vekstområde og forskingsmiljø i Asia.

Mandatperiode

2008–2010.

Status for initiativet

EK-NE/Næring oppretta i 2008 ei arbeidsgruppe som er sett saman av representantar for eigarane av dei nordiske innovasjonsrepresentasjonane. Gruppa utarbeidde eit forslag til nordisk innsats, som EK-NE/Næring godkjende og bad Nordisk Innovationscenter (NICE) om å implementere.

I 2009 var det sett av 1 100 000 danske kroner til globaliseringsinitiativet «Nordiske Innovationsrepresentasjoner i Asien». NICE har løyva i alt 600 000 danske kroner til to prosjekt og er i tett dialog med to andre prosjekt.

NICE hadde i løpet av 2009 informasjonsmøte med Innovasjon Norge, og det er sendt ut informasjon til nordiske innovasjonsaktørar om initiativet. NICE har gjennomført ein målretta informasjonskampanje med besøk til dei viktigaste målgruppene for ordninga i Norden. Informasjonskampanjen vart gjennomført frå oktober 2009 fram til februar 2010.

4 Nordisk innovasjonspris

Føremålet med initiativet

Å fremje og skape merksemd i Norden om den viktige rolla innovasjon spelar.

Mandatperiode

2008–2010.

Forslaget vart sendt til behandling under sesjonen i Nordisk Råd i 2008, der det vart vedteke å tilrå Nordisk Ministerråd at dei ikkje grunnla prisen. På den bakgrunnen vedtok MR-SAM å ikkje dele ut prisen i 2009.

5 Felles nordisk EnergiExpo

Føremålet med initiativet

Å styrke Norden som føregangsregion for nye miljø- og energiteknologiar og å profilere dei nordiske landa eksternt.

Mandatperiode 7

2008–2009.

Relevante erfaringar frå prosjektet vert vidareførte innanfor ramma av initiativ nr. 19, Energi og transport, der mandatet er 2010–2012.

Status for initiativet

Norden har i to år på rad vore godt representert på utstillinga og konferansen Nordic Climate Solutions. Det har ført til at særleg dei nordiske institusjonane har styrkt nettverket sitt og kjennskapen til produkta sine.

Prosjektet har òg resultert i webplattformen www.nordicenergysolutions.org som i dag er mykje brukt og er på veg inn i den tredje utviklingsfasen, der det venteleg vert inkludert weboverføring av forelesingar osv.

I tillegg har det vore ei rekkje profileringsaktivitetar som tabloidaviser, aktivitetar i samband med COP15 og eit vedlegg i Scientific American, som vart utgjeve i april 2010.

I 2009 gjennomførte Oxford research ei rekkje kvalitative intervju i samband med besøk på standen til Nordisk Ministerråd (NMR). Personane som vart intervjuet, svarte på kva kjennskap dei har til klimaaktivitetane til NMR, kva for ny kunnskap dei fekk på standen, kva dei meinte om verdien på standen, og haldninga deira til arbeidet til NMR. Generelt vart den visuelle utforminga av standen vurdert positivt. Ein del meinte at informasjonen burde vere meir målretta mot næringslivet og meir interaktivt. Evalueringa skal brukast i samband med ei eventuell deltaking på World Climate Solutions i 2010, men er òg allereie brukt i samband med aktivitetane på COP15 i desember, der standen til NMR var langt enklare og meir fokusert.

På www.nordicenergysolutions.org vert det ført kontinuerleg statistikk over besøka på sida og kvar dei kjem frå (geografisk). Dette vert brukt som referansegrunnlag for informasjonen som vert lagt ut på sida.

6 Verdsutstillinga i Shanghai 2010

Føremålet med initiativet

Å profilere Norden som region og presentere nordiske løysingar, erfaringar og kunnskap i samband med expo-temaet «Better City, Better Life».

Mandatperiode

2008–2010.

Status for initiativet

13. januar 2010 organiserte dei nordiske ambassadane eit samkome i Beijing, i forkant av verdsutstillinga. Representantar frå den kinesiske sentral-

administrasjonen var inviterte saman med pressa til ein presentasjon av dei nordiske aktivitetane under Expo Shanghai og dei nordiske paviljonane på verdsutstillinga.

Den norske næringsministeren, Trond Giske, var vert på vegner av Norden.

Dei andre aktivitetane finn stad gjennom heile året. 25. juni vert Nordens dag markert med eit klimaseminar på utstillingsområdet. Dei andre aktivitetane er ei utstilling om landskapsarkitektur, eit seminar om mattryggleik, ei designutstilling om hjelpemiddel, framsyning av nordiske familiefilmar under den internasjonale filmfestivalen i Shanghai i juni og ei rekkje turar for medium og turoperatorar til dei nordiske landa, der den første medieturen fann stad under COP15-møtet og hadde fokus på nordiske klima- og energiløysingar.

7 Nordisk engasjement som innspel til klimaforhandlingane

Føremålet med initiativet

Å bidra til eit – frå eit nordisk synspunkt – godt resultat på partsmøtet for klimakonvensjonen (UNFCCC), COP15, i København i desember 2009 og, å bidra til ein – frå eit nordisk synspunkt – god global klimaavtale på grunnlag av det fornya mandatet.

Mandatperiode

2008–2011.

Status for initiativet

Etter COP15-møtet i København er det framleis ei rekkje spørsmål som skal avklarast og forhandlast ferdig. Det vil krevje effektive og intensive forhandlingar for å få fastlagt alle detaljar i tide slik at ein ny klimaavtale kan ta til å gjelde i 2013 og erstatte Kyotoprotokollen som går ut i 2012. COP15-gruppa skal framleis utføre analysar og utgreiingar i aktuelle forhandlingsspørsmål, arrangere møte og seminar med forhandlarar og ekspertar frå heile verda og fokusere arbeidet på eit fåtal sentrale tema.

- Arbeidet i gruppa har medverka til å synleggjere Norden i det internasjonale klimaarbeidet. Det er publisert fem rapportar og to faktablad, og gruppa har arrangert 12 arbeidsseminar (åtte av dei var i samband med møta i UNFCCC). I tillegg har COP15-gruppa løyva bidrag til det arktiske synleggjeringsprosjektet om klimaendringar.

8 Nedbygging av grensehinder i Norden

Føremålet med initiativet

Å gjere det enklare for privatpersonar og føretak som arbeider over grensene i Norden, ved å påverke prosessar og føreslå løysingar for landa i dei tilfella der lover, reglar eller praksis reduserer mobiliteten i Norden på ein negativ måte.

Mandatperiode

Det noverande mandatet går ut 31.12.2010 og er forlenga til 31.12.2013.

Status for initiativet

Grensehinderforum (GF), som vart oppretta for å oppfylle føremålet med initiativet, har vore operativt sidan januar 2008. GF har gått gjennom dei eksisterande listene over grensehinder og gjort prioriteringar. Gjennom tett dialog med Hallo Norden og dei bilaterale informasjonstenestene har lista over saker som GF har valt å arbeide aktivt med, gradvis vorte utvida til ei trettitals konkrete problemstillingar. GF har delvis brukt tid og ressursar på å kartleggje årsakene til og det geografiske omfanget av hindra, og delvis på å forsøkje å skape forståing og endringsvilje i landa gjennom skriftleg og personleg kontakt. GF har halde ca. 6 møte i året og hatt kontakt mellom møta via e-post og telefon. Medlemane i GF har òg samarbeidd i spørsmål av bilateral karakter.

9 Overgripande plan for utviklinga av det nordiske forskings- og innovasjonsområdet (NORIA)

Føremålet med initiativet

Å auke den globale konkurranseevna til dei nordiske landa gjennom ei styrkt vidareutvikling av det nordiske forskings- og innovasjonsområdet (NORIA).

Mandatperiode

2008–2011.

Status for initiativet

Programmet er bygd opp rundt konkrete komponentar: vegvisande spyspissprosjekt, langsiktige strategiske innsatsar og satsing på profilering.

Spydspissprosjekt:

- i. Det er utvikla grenseoverskridande forskingsfinansiering.
- ii. eScience vert etablert som eit felles forskingsområde. Det er utvikla ein strategi, og den konkrete handlingsplanen som er utarbeidd for eScience, skal realiserast i dialog med dei nasjonale nøkkelaktørane. eScience vert òg utvikla som eit nytt nordisk globaliseringsinitiativ under NORIA.
- iii. Det vert vurdert å utvikle ein felles kunnskapsinfrastruktur for den femte fridomen rundt Austersjøen. Det er gjennomført ei forundersøking av om dette kan gjennomførast, der nøkkelaktørane i alle landa rundt Austersjøen deltok, og resultatet var positivt og potensielt banebrytande. Ein vurderer no om dette kan gjennomførast i praksis.
- iv. *Forskningsprogram for brukardriven innovasjon*
EK-NE/Næring har, med hjelp frå ei arbeidsgruppe, fått utforma eit program som komiteen har godkjent i 2009. Ein representant for EK-U har òg delteke i arbeidsgruppa. Programmet får sekretariatstenester frå Nordisk InnovationsCenter (NICE) og til ein viss grad frå NordForsk. Programmet vert slått saman med eit eksisterande initiativ under NordForsk (LILAN). EK-NE/Næring har i 2008 og 2009 prioritert forskningsprogrammet framfor dei andre aktivitetane under globaliseringsinitiativet NORIA.

10 Plan for fremjing av høgare utdanning i Norden

Føremålet med initiativet

Å auke kontakten mellom nordiske lærestader og løfte fram Norden som ein attraktiv studiestad.

Mandatperiode

2008–2011.

Status for initiativet

Når det gjeld *profileringsaspektet*, kjem det i 2010 til å verte gjennomført ei rekkje aktivitetar for å skape ei betre og meir relevant profilering av høgare utdanning i Norden. Til dømes skal det gjennomførast ei kartlegging av det nordiske institusjonslandskapet innanfor høgare utdanning, som skal koplust til utviklinga av eit meir heildekkjande rankingsystem. Det skal òg gjennomførast

ei marknadsføringsundersøking i utvalde europeiske land.

Når det gjeld *styrking av synergiane* (som har endra namn til *Kunnskapstriangelen*), skal det lysast ut midlar til nordiske nettverk for kunnskapsutveksling mellom universitet og høgskular og resten av samfunnet, med særleg fokus på kommersialisering og innovasjon. Dessutan skal det setjast i gang ei forundersøking av om prosjektet kan gjennomførast, for å sjå på auka synergjar mellom Nordic Master, NordForsks Nordic Centers of Excellence og ein eventuell framtidig Nordic PhD.

Den første utlysinga av *Nordiske masterprogram* som vart gjennomført i 2007, fekk svært positiv respons frå dei nordiske lærestadene. Utlysinga førte til at det kom inn 41 felles søknader der seks vart valde ut som vinnarar. Desse grenseoverskridande programma vert sette på som uni-ke innanfor høgare utdanning på verdsbasis, og dei vekker stor internasjonal merksemd. Denne utviklinga av dei nordiske masterprogramma er ein direkte konsekvens av at statsministrane har sett fokus på globalisering. Dei seks første programma er alle i gang, og dei hadde gode søkjar- tal. Den tredje og siste utlysinga vert gjennomført våren 2010. Dessutan skal det setjast i gang ei gjennomgripande evaluering av heile masterinitiativet.

11 Prosjektplan for ei god opplæring av ungdomar og vaksne

Føremålet med initiativet

Å få fleire ungdomar enn i dag til å fullføre ei utdanning etter grunnskulen, i tillegg til å fremje kunnskap og kompetanse hos vaksne som grunnlag for personleg utvikling og vidare utvikling av arbeids- og samfunnslivet, i samsvar med prinsippet om livslang læring.

Mandatperiode

2008–2010.

Status for initiativet

Prosjektet er sett saman av fire deltiltak:

Studie- og erfaringsutveksling om arbeid for au-ka gjennomføring i vidaregåande opplæring: To studiar er sette i verk gjennom prosjektet «Ungdomars väg från skola till arbetsliv – Nordiske erfaringer» i 2008 og «Frafall i vidaregåande opplæring i Norden» som vert fullført i februar 2010.

Med bakgrunn i den førstnemnde studien vart det arrangert ein nordisk konferanse «Från yrkesutbildning till arbetsliv – ett nordisk perspektiv» i Lund, Sverige, i 2008, og det vart halde ein temadiskusjon med dette som tema i MR-U. Det er vedteke å utvikle eit tungt felles nordisk utdanningsforsknings- og formidlingsinitiativ, mellom anna med eit forskingsprosjekt om fråfall slik Nordisk Råd har tilrådd.

Eit utviklingsarbeid innanfor entreprenørskap: På MR-U 1/09 vedtok ministrane under ein temadiskusjon om kreativitet, innovasjon og entreprenørskap i ei tid med globalisering at det skal gjennomførast ein nordisk komparativ studie om kreativitet, innovasjon og entreprenørskap i utdanninga. Studien er sett i verk og skal fullførast hausten 2010.

Eit utviklingsarbeid om basiskompetansar hos vaksne: Basale kompetansar innanfor lesing, skrivning, talbehandling og IT er ein avgjerande faktor for at menneske i ei stadig meir kunnskapsbasert verd. Ein studie om tilrettelegging av ei effektiv lese- og skriveundervisning for vaksne vart sett i gang i 2009. Resultata frå midtvegsrapporten vil liggje føre i 2010 og vil kunne identifisere behov for ytterlegare tiltak innanfor området.

Opprettinga av eit lære- og dialogforum: I tråd med ønsket frå statsministrane om «ett synligare Norden» skal Lære- og dialogforum bidra til at målsetjinga for og resultata frå prosjektet vert spreidde og profilerte. Det vert arbeidd med nye måtar å leggje til rette møter og konferansar på, som skal bidra til auka læring gjennom dialog og erfaringsutveksling, aktive og engasjerande deltakarar og styrkt fokus på resultat og deling av kunnskap. Første Lære- og dialogforum vart halde på Island hausten 2009 og det andre Lære- og dialogforumet vart halde i desember 2009 på Island. Lære- og dialogforum skal nyttast på ulike konferansar, seminar osv., men det er òg etablert ein interaktiv møteplass via www.dialognorden.org

12 Utgreiing av konsekvensane av klimaendringane for naturressursar i Norden

Føremålet med initiativet

Det tematiske nettverksprogrammet dannar grunnlag for ein tilpassings- og tiltakspolitikk for verknadene av klimaendringane på naturressursar og matproduksjon. Programmet fokuserer på

vesentlege produksjonssystem innanfor landbruk, skogbruk, fiskeri og matvarer. Forskingsmiljøa bidreg med kunnskap om verknadene klimaendringane har på framtidig produktivitet, utbreiing og utnytting av naturressursar, og utvikling i dialogen mellom forskning og forvaltning står sentralt i programmet. Dei faglege tilrådingane kan danne grunnlag for ein nordisk klimapolitikk på området. Programmet bør bidra til å styrkje forskingsmiljø, nasjonale forskingsprosjekt og nordisk forskningssamarbeid av høg kvalitet og relevans på området.

Mandatperiode

2009–2012.

Status for initiativet

Styringsgruppa vedtok i mai 2009 eit overordna utkast til innhaldet i utlysinga om støtte til programmet. Tittelen på programmet er «Climate Change Impacts, Adaptation and Mitigation in Nordic Primary Industries (Fishery, Agriculture, Food, Forestry)». Styringsgruppa utforma deretter den endelege versjonen av utlysingsteksten for dei fem tematiske tverrsektorielle og sektorspesifikke satsingane. Utlysinga av støtte til tematiske forskingsnettverk innanfor dei fem sentrale tema vart offentleggjort i juni 2009 på den elektroniske søknadsportalen til NordForsk. Dei to tverrgående tema ser på sjansar og truslar i primærnæringane når det gjeld (i) plante- og dyrehelse og (ii) vern, tilpassing og bruk av genetiske ressursar. Dei tre sektortemaa fokuserer på verknader og tiltak på (i) produksjon av mjølk, kjøt og korn, (ii) utbreiinga og berekrafta til kommersielle fiskebestandar og fiskeproduksjon, og (iii) berekraftig produksjon av trebiomasse og karbonfangst i økosystem på land.

13 Harmonisering av den nordiske straummarknaden

Føremålet med initiativet

Å skape effektivitet og konkurranse i marknaden og på denne måten bidra til målsetjinga om ein grenselaus nordisk straummarknad.

Mandatperiode

2008–2009.

Status for initiativet

Straummarknadsgruppa som fekk i oppdrag å utføre analysen, har levert sluttrapporten sin, som var ein del av møtedokumenta for møtet i MR-NER i oktober 2009 i Stockholm.

Prosjektet var eit innspel til debatten om ein fellesnordisk sluttbrukarmarknad, og ministrane har bede straummarknadsgruppa arbeide vidare med spørsmålet.

Straummarknadsgruppa skal avleggje rapport på møtet i MR-NER 23. november 2010.

Arbeidet med straummarknaden held fram i regi av MR-NER.

14 Utvikling og profilering av Norden som senter for kreative næringer

Føremålet med initiativet

KreaNord skal bidra til betre koordinering av satsingane i dei nordiske landa innanfor kultur og kreative næringer, med fokus på fire aktivitetsområde: nettverksaktivitetar, profileringsaktivitetar, policyarbeid og utviklingsarbeid.

Mandatperiode

2008–2010.

NSK/MR-SAM sette av 8 millionar danske kroner til aktivitetane i KreaNord for åra 2008, 2009 og 2010.

Status for initiativet

Initiativet «*Utveckling och profilering av Norden som center för kreativa industrier*» er inne i det siste året sitt, og i september 2010 skal KreaNord overrekke dei ferdigutvikla policytilrådingane som styringsgruppa har utarbeidd, til ministrane.

Målsetjingane for prosjektet er oppfylte, og dei gode resultatane har ført til ei ny satsing på vidare arbeid i KreaNord, under globaliseringsinitiativet *Kultur & Kreativitet*.

15 Nordisk kultur i verda

Føremålet med initiativet

Å profilere nordisk kultur utanfor Norden, styrkje det nordiske kulturelle «varemerket» i eit internasjonalt perspektiv og vise kva den nordiske kulturen kan tilby ei globalisert verd og den globaliserte marknaden.

Mandatperiode

Initiativet er delt inn i tre delprosjekt innanfor ramma av hovudprosjektet og inneheld følgjande komponentar: nordisk film, nordisk arkitektur og nordisk litteratur. Tidsramma for gjennomføringa av dei enkelte prosjekta er 2009–2011, med følgjande etappar som mål: den internasjonale filmfestivalen i Toronto i september 2009, Shanghai Expo i juni 2010 og bokmessa i Paris i mars 2011.

Status for initiativet

Det første delprosjektet innanfor initiativet er realisert gjennom at det nordiske film- og TV-fondet gjennomførte ei stor satsing på nordiske film- og TV-produksjonar på den internasjonale filmfestivalen i Toronto i september 2009.

Dei to resterande delprosjekta skal gjennomførast med følgjande tidsplan:

- Dei nordiske arkitektursentra skal i samarbeid produsere ei utstilling om nordisk landskapsarkitektur i byar til Shanghai Expo (med tilknytning til expo-temaet «Better City, Better Life»), med ei etterfølgjande vandrestilling. Utstillingsperioden er frå 1. juni til 15. august 2010.
- Nettverket til dei nordiske litteraturorganisasjonane (NORDLIT) skal gjere eit framstøyt for nordisk litteratur på bokmessa i Paris i mars 2011, som har nordisk litteratur i fokus dette året.

Globaliseringsinitiativ som er sette i gang i 2010, etter vedtak frå MR-SAM i oktober 2009:

16 Kultur og kreativitet

Føremålet med initiativet

Å vidareutvikle det eksisterande globaliseringsinitiativet «Udvikling og profilering af Norden som center for kreative industrier» (KreaNord, sjå initiativ nr. 14) gjennom globaliseringsinitiativet «*Kultur og Kreativitet*».

Initiativet har som mål å knyte innsatsen på tvers av kultur- og næringssektorane i dei nordiske landa saman gjennom aktivitetar som på ulikt vis kan betre føresetnadene for dei kreative næringane i Norden og dermed bidra til ei vidare positiv utvikling av den kreative økonomien i Norden.

Kultur & Kreativitet er ei vidareføring av mandatet til KreaNord til og med 2012, med sikte på å konsolidere og utvikle arbeidet som er starta, og

samtidig eksemplifisere denne innsatsen med to nye spesifikke innsatsområde:

- Global marknadsføring og digital distribusjon av nordiske filmar
- Ny nordisk mat og branding

Mandatperiode

2010–2012.

17 Helse og velferd

Føremålet med initiativet

Programmet handlar om berekrafta og konkurransekrafta til den nordiske velferdsmodellen med fokus på sentrale nordiske velferdsutfordringar. Landa skal gjennom eit tverrsektorielt nordisk samarbeid utvikle effektive løysingar på utvalde område innanfor helse og velferd, og dermed skape synergi og tilføre nordisk meirverdi.

Programmet er bygd opp rundt to hovudtema som skal forsterke kvarandre gjensidig: (1) «*Velfærd – udvidelse og kompetenceudvikling af arbejdsstyrken samt inkludering*» og (2) «*Sundhed – fremme en sund og arbejdsdygtig befolkning samt livskvalitet*». Programmet er sett saman av sju sjølvstendige delprosjekt under dei to hovudtemaa.

Mandatperiode

Programmet skal gjennomførast i perioden 2010–12.

Programmet er tverrsektorielt, og fem ministerråd er involverte: MR-A, MR-FJLS, MR-NER, MRS og MR-U. Dei respektive ministerråda har hovudansvaret for å utvikle eigne delprosjekt i samspel med relevante interessentar som er utpeikte av dei fem ministerråda.

Status for initiativet

For å sikre eit samanhengande program på tvers av dei sju delprosjekta har generalsekretæren bede dei involverte ministerråda om å melde frå kva delprosjekt dei ønskjer å ta medansvar for som interessant. Dei ansvarlege ministerråda har deretter ansvar for å trekkje inn desse interessentane i den vidare utviklinga av prosjekta. Målet er å fremje eit samarbeid på tvers av sektorar og optimalisere synergi.

18 eScience

Føremålet med initiativet

Å vidareføre globaliseringsprosjektet om vidareutvikling av det nordiske forskings- og innovasjonsområdet NORIA gjennom eit spydspissprosjekt på eScience. NORIA er nærare omtalt under initiativ nr. 9.

Mandatperiode

2010–2012.

Status for initiativet

MR-U godkjende i oktober 2009 prosjektforslaget om eScience som globaliseringsinitiativ, basert på frivillig medverknad mellom og eventuell medfinansiering frå dei nasjonale forskingsfinansierande styresmaktene. Målet er at det skal fattast eit endeleg vedtak om forslaget våren 2010. I samsvar med prosjektplanen gjennomfører Nord-Forsk ein dialog med dei nasjonale forskingsfinansierande styresmaktene om medfinansiering av forslaget i 2010.

19 Energi og transport

Føremålet med initiativet

Å skape ein prosess som kan vidareutvikle ideen om Norden som «The Green Valley of Europe».

Mandatperiode

2010–2012.

Status for initiativet

I løpet av våren skal det haldast nasjonale arbeidsseminar og eit nordisk arbeidsseminar for å verte samde om kva område arbeidet skal utdjupast på. Ambisjonen er at det på Globaliseringsforum i mai 2010 skal leggjast fram ein programvisjon med konkrete forslag kring elektrifisering av Norden. Det er oppretta eit prosjektsekretariat under leiding av Nordisk Energiforskning (NEF) med deltaking frå Nordiskt InnovationsCenter (NICE).

Initiativet omfattar relevant oppfølging av initiativet EnergiExpo.

20 Perspektiv for framtidig handlemåte på CDM- og JI-marknaden

Føremålet med initiativet

Å støtte framferda til dei nordiske landa i samband med dei endringane i mekanismene CDM (Clean development Mechanism – den grønne utviklingsmekanismen) og JI (Joint Implementation – felles gjennomføring) som COP15 kan medføre.

Mandatperiode

2010.

21 Klimavennleg byggeverksemd

Føremålet med initiativet

Å analysere føresetnadene for ei eventuell etablering av eit innovasjonsprogram til støtte for fellesnordisk utvikling og demonstrering av energi- og CO₂-nøytral byggeverksemd og plussenergibygg.

Mandatperiode

2010.

Status for initiativet

Styringsgruppa har halde det første møtet sitt 15. januar 2010. På styringsgruppas første møtet vart det fatta vedtak om prosessen framover og om målsetjingar og innhald for analysen som skal ligge til grunn for vurderinga av om det trengst eit nordisk innovasjonsprogram på området.

Landa orienterte om det nasjonale arbeidet som er i gang, og såg mange spennande område for samarbeid på nordisk nivå som no skal analyserast grundigare.

Det var semje om at det er eit stort behov for kunnskap for å leve opp til både nasjonale og europeiske målsetjingar i 2020.

22 Forhandlingar på kvikksølvområdet

Føremålet med initiativet

Å støtte at det vert vedteke globale tiltak for å handtere miljø- og helsefarar som skuldast kvikksølv, ved at ein kjem fram til eit frå nordisk synsvinkel godt resultat ved dei globale forhandlingane om å få ein bindande kvikksølvavtale på plass i 2013.

Mandatperiode

2010.

Status for initiativet

Det første forhandlingsmøtet (INC1) i dei globale kvikksølvforhandlingane er planlagt til 7.–11. juni 2010 i Stockholm og er finansiert av Nordisk Ministerråd innanfor ramma av globaliseringsinitiativet. Vertslandet Sverige og dei andre nordiske landa har dermed ein eineståande sjanse til å påverke forhandlingane. Målet er ein ambisiøs avtale i 2013 som tek omsyn til at dei nordlege områda er særleg utsette for kvikksølv.

Vedlegg 3**Nordisk samarbeid. Nettstader**

Nordisk Ministerråd	<i>www.norden.org</i>
Nordisk Råd	<i>www.norden.org</i>
Nordisk internettportal om trygdeytelser i Norden	<i>www.nordsoc.org/sv/</i>
Nordisk skatteportal	<i>www.Nordisketax.net</i>
Grensetjenesten – Morokulien	<i>www.grensetjenesten.no</i>
Hallo Norden (Nordisk Ministerråds informasjonstjeneste)	<i>www.hallonorden.org</i>
Europaportalen	<i>www.regjeringen.no</i>
Nordiske grensehindre	<i>www.gransehinder.norden.org</i>

Vedlegg 4**Forkortingsregister**

BEG	Budgetexpertgruppen
EK-A	Embedsmandskomitéen for Arbejdsliv
EK-FINANS	Embedsmandskomitéen for Økonomi- og Finanspolitik
EK-FJLS	Embedsmandskomitéen for Fiskeri og Havbrug, Jordbrug, Levnedsmidler og Skovbrug
EK-JÄM	Embedsmandskomitéen for Ligestilling
EK-K	Embedsmandskomitéen for Kultur
EK-LOV	Embedsmandskomitéen for Lovsamarbejde
EK-M	Embedsmandskomitéen for Miljø
EK-NER	Embedsmandskomitéen for Erhvervs- og Energipolitik
EK-R	Embedsmandskomitéen for Regionalpolitik
EK-S	Embedsmandskomitéen for Social- og Helsepolitik
EK-U	Embedsmandskomitéen for Uddannelse og Forskning
ENS	Ekspertgruppen Nordens språkråd
FNF	Foreningerne Nordens Forbund
HØGUT	Styregruppen for nordisk samarbejde indenfor højere uddannelse
LOP	Lønns- og personalutvalget
MR-A	Ministerrådet for Arbejdsliv
MR-FINANS	Ministerrådet for Økonomi- og Finanspolitik
MR-FJLS	Ministerrådet for Fiskeri og Havbrug, Jordbrug, Levnedsmidler og Skovbrug
MR-JÄM	Ministerrådet for Ligestilling
MR-K	Ministerrådet for Kultur
MR-LAG	Ministerrådet for Lovsamarbejde
MR-M	Ministerrådet for Miljø
MR-NER	Ministerrådet for Erhvervs, Energi- og Regionalpolitik
MR-S	Ministerrådet för Social- og Helsepolitik
MR-U	Ministerrådet for Uddannelse og Forskning
MR-SAM	Samarbejdsministrene
NAB	Nordiska rådgivande nämnden för energiinformation
NAD	Nordiska nämnden för alkohol- och drogforskning

NAF	Nordisk Arbeidsgruppe for Fiskeriforskning
NAI	Nordiska Afrikainstitutet
NAPA	Nordens Institut i Grønland
NAR	Nordisk amatørteaterråd
NDF	Nordiska Utvecklingsfonden
NEFCO	Nordic Environment Finance Cooperation (Nordiska miljøfinansieringsbolaget)
NEFP	Nordisk Energiforskning
NFS	Nordens Fackliga Samorganisation
NFTF	Nordisk Film- og TV-fond
NGB	Nordiska Genbanken
NGH	Nordisk Genbank Husdyr
NHR	Nordisk Handikappolitisk Råd
NHFØ	Nordens Hus på Færøerne
NHV	Nordiska högskolan för folkhälsovetenskap
NIAS	Nordisk Institut for Asienstudier
NIB	Nordiska Investeringsbanken
NICe	Nordisk InnovationsCenter
NIFCA	Nordiska institutet för samtidskonst
NIFIN	Nordens Institut i Finland
NIFS	Nordisk institutt for sjørett
NIKK	Nordisk institutt for kunnskap om kjønn
NIOM	Nordisk institutt for odontologiske materialer
NIPÅ	Nordens institut på Åland
NIVA	Nordiska institutionen för vidareutbildning inom arbetsmiljøområdet
NKB	Nordisk kommitté för bioetik
NKF	Nordiska Konstförbundet
NKJ	Nordiskt Kontaktorgan för Jordbruksforskning
NKR	Nordkalottrådet
NKS	Nordisk kontakt om statsbyggeri
NKV	Nordisk kollegium for viltforskning
NMF	Nordiska Miljøudviklingsfonden
NMKL	Nordisk metodikkomité for næringsmidler
NMR	Nordisk Ministerråd
NOMESKO	Nordisk medicinalstatistikkomite
NOMUS	Nordiska Musikkommittén
NOPEF	Nordiska Projektexportfonden

NOP-HS	Nordiska publiceringskommittén för humanistiska och samhällsvetenskapliga – tidskrifter
NOPUS	Nordiska utbildningsprogrammet för utveckling av social service
NOR	Nordisk organ for reinforskning
NORA	Nordisk atlantsamarbejde
NORDA	Nordiskt samarbete om teknisk akkreditering
NORDBUK	Nordisk Barn- og Ungdomskomite
NORDEX	Nordisk samarbeidskomite for offentlig tilsyn med brannfarlige og eksplosive varer
NORDFORSK	Nordisk forskningsråd
NORDICOM	Nordiskt informationscenter för medie- och kommunikationsforskning
NORDITA	Nordisk institut for teoretisk fysik
NORDKONS	Nordiskt konsumentsamarbejde
NORDREGIO	Nordic Centre for Spatial Development
NORDVULK	Nordisk vulkanologisk institut
NOREY	Nordens Hus i Reykjavik
NORMET	Samarbetsforum för nordisk metrologi (mätteknik)
NOS-HS	Nordiska samarbetsnämnden för humanistisk och samhällsvetenskaplig forskning
NOS-M	Nordiska samarbetsnämnden för medicinsk forskning
NOS-N	Nordisk samarbeidsnemnd for naturvitenskap
NOSOSKO	Nordisk socialstatistikkomite
NR	Nordisk Råd
NSfK	Nordisk samarbejdsråd for Kriminologi
NSFP	Nordisk Skovbrugs Frø- og Planteråd
NSH	Nordiska samarbetsorganet för handikappfrågor
NSHF	Nordisk samrådsgruppe på højt niveau for flygtningespørgsmål
NSI	Nordisk samisk institutt
NSK	Nordiska samarbetskommittén
NSS	Nordisk samarbeid innenfor skoleområdet
NSS	Nordiska kommittén för samordning av elektriska säkerhetsfrågor
NSU	Nordisk Sommeruniversitet
NTR	Nordiska träskyddsrådet
NTR	Nordiska tulladministrativa rådet
NUD	Nordisk Uddannelsescenter for Døvblindepersonale
NVC	Nordens Vålfårdcenter
NVL	Nordisk nettverk for voksenes læring
NUD	Nordisk Uddannelsescenter for Døvblindepersonale

NUK	Nordiska ungdomskommittén
ODIN	Nordisk skolenet
SLEIPNIR	Rejsestipendieordning for unge kunstnere i Norden under 36 år
SNEIL	Sekretariatet för de nordiska energiinformationsbiblioteken
SNS	SamNordisk Skogsforskning
VALHALLA	Nordisk netværk for børne- og ungdomskultur

Offentlege institusjonar kan tinge fleire
eksemplar frå:
Servicesenteret for departementa
Internett: www.publikasjoner.dep.no
E-post: publikasjonsbestilling@dss.dep.no
Telefon: 22 24 20 00

Opplysningar om abonnement, laussal og
pris får ein hjå:
Fagbokforlaget
Postboks 6050, Postterminalen
5892 Bergen
E-post: offpub@fagbokforlaget.no
Telefon: 55 38 66 00
Faks: 55 38 66 01
www.fagbokforlaget.no/offpub

Publikasjonen er også tilgjengeleg på
www.regjeringa.no

Omslagsbilete: Nordisk Ministerråds
sekretariats arkiv

Trykk: Lobo Media AS 09/2010

